



Samnanger kommune



Årsmelding 2012

Samnanger – der du vil leva og bu

Hovudmål i kommuneplanen


- 💧 **Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane**
- 💧 **I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod**
- 💧 **Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemdar og for å få etablert nye arbeidsplassar**
- 💧 **Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod**
- 💧 **Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon**
- 💧 **Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjent**

Innhaldsoversikt

	Side
Politisk styring og aktivitet	4
Utvikling i folketalet	8
Generelle merknader til kommunerekneskapen drift	10
Investeringsrekneskapen	21
Samnanger samanlikna med andre – KOSTRA- statistikk	26
Personalstatistikk	30
Kommentarar til dei einskilde tenesteområda	35
Sentrale styringsorgan og fellesutgifter	36
Næring	37
Kyrkja	39
Pleie og omsorg	40
Sosial og helse	45
Teknisk eining	49
Barnehage	55
Skule	61
Årsmeldingar frå einingane	69
Vedlegg	123
Oversikt over politiske saker i utvala	



Politisk styring og aktivitet



I samband med valet i 2011 vart det føreteke nokre mindre endringar i utvala. Personal- og økonomiutvalet skifta namn til formannskapet, og det vart utvida frå 5 til 7 medlemmer. Tal medlemmer i utval for oppvekst og omsorg vart redusert frå 7 til 5. Både ordførar Marit Aase Aksnes (Krf) og varaordførar Brigte Olav Gåsdal (Ap) vart attvalde.

Parti/gruppe	Tal medlemmer	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	6	Brigte Olav Gåsdal
Kristeleg folkeparti	4	Sigmund Dyrhovden
Bygdalista	3	Øyvind Strømmen
Senterpartiet	2	Øyvind Røen
Framstegspartiet	4	Gunnar Bruvik
Høgre	2	Eva Hellevang

Fordeling av leiarverv og nestleiarverv i utval, råd og nemnder

Utval / råd	Leiar	Nestleiar
Formannskapet	Marit A. Aase, Krf	Brigte Olav Gåsdal Ap
Naturutvalet	Øyvind Strømmen B	
Utvalet for oppvekst og omsorg	Eva Hellevang H	Liv Berit Kvernes Befring Ap
Kontrollutvalet	Jens Harald Abotnes Krf	Hans Solberg Sp
Eldrerådet	Brigte Olav Gåsdal	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Gunnar Utskot	
Viltneimnda	Jon Magne Bogevik	



Kommunestyret får orientering om aktiviteten til BKK og Statnett i Børdal

Politisk arbeid

I kommuneplanen er to av delmåla knytta opp mot politisk aktivitet.



*ei funksjonell politisk organisering
eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar*

Det vert frå tid til anna reist spørsmål ved om dagens organisering er den mest føremålstenlege. Som statistikken viser har utval for oppvekst og omsorg langt færre saker enn formannskapet og naturutvalet. Det vert og etterspurd informasjon om saker som er vedtekne av andre utval enn der medlemmane sjølv sit, og det er også reist spørsmål ved kvifor saker vert slutthandsama i eit bestemt utval. Det har og vore stilt spørsmål ved om fordeling av mynde mellom politikarar og rådmann er rett. Delar av desse problemstillingane vert sett på av eit ad-hoc utval med varaordførarar som leiar. Gjennomgangen deira av delegeringsreglementet er forventa ferdig våren 2013.

I 2012 har fleire ad-hocutval vore i arbeid. I tillegg til delegeringsreglementutvalet har det vore grupper som har sett på korleis me kan få laga ein småkraftplan, få Samnanger til å stø arbeidet med rettvis handel og sjå på kva unytta potensiale som ligg i jord- og hagebruk. I prosjektgruppa for ny sjukeheim er det og vald inn politikarar.

Innføring og bruk av i-pad for sakspapira til politiske møte har fungert godt. Alle politikarane bruker dette verktøyet.

Ordførar m.fl engasjerer seg for å få til auka **næringsaktivitet**. Det har m.a. i regi av kraftsenteret vore arbeidd inn mot regjeringa for å få større moglegheit for utbygging av småkraft i verna vassdrag. Dette har vist seg svært vanskeleg sjølv om det har vore vist til at trafoanlegget i Børdalen med sine overføringslinjer ligg i sidestreng til verna vassdrag. Det vart vidare arbeidd med å få lokalisert ei større verksemd – miljøvenleg produksjon av plast – til Samnanger. Dette inkluderte m.a. oppstart av reguleringsplan for Tenane. Det viste seg vanskeleg ut frå verneinteresser å få etablert næringsaktivitet her.

Aktiviteten i utvala

Som vedlegg til meldinga ligg ein oversikt over kva saker dei ulike utvala har handsama i 2012. I tillegg til dei som er lista opp, har det i utvala og vore uformelle diskusjonar om aktuelle tema.

Kommunestyret

Kommunestyret hadde i 2012 mange saker noko som skuldast at det er føreteke ei rekke val til ulike domsstolar og liknande. Kommunen har også hatt til uttale fleire saker som gjeld kraftutbygging. I tillegg til søknader frå BKK handsama også kommunestyret ein søknad frå grunneigarar om utbygging i Aldal.

Kommunestyret bestemte og bruken av kompensasjonsmidlane frå Sima-Samnanger.

Det var eit stort engasjement knytt til arbeidet med områdeplan for Bjørkheim. Av andre viktige kommunale planar som var til handsaming var kystzoneplan og plan for folkehelse.

Naturutvalet

Av dei 92 sakene utgjer vel 1/3 av dei søknader om dispensasjon frå kommuneplan. Dette er mange og ber bod om at det er på tide å revidera arealplanen vår. Utvalet hadde også i 2012 områdeplanen for Bjørkheim til handsaming. Det var fleire klagar knytt til framlegget. I tillegg til offentlege reguleringsplanar som plan for industriområdet i øvre Rolvsvåg og gang- og sykkelveg til Frøland var det og eit par mindre private planar til handsaming.

Utvalet for oppvekst og omsorg

OO-utvalet er oppnemnde til å vera styringsgruppe både for utbygginga ved barneskule og for senter for funksjonshemma. Utvalet har vesentleg færre formelle saker enn dei andre utvala, men dei har ofte drøftingar knytt til prinsipielle spørsmål innan fagområda skule, pleie- og omsorg, sosial / helse og kultur. Av konkrete saker utvalet hadde oppe kan nemnast namnesak hyttefelt, endeleg handsaming av plan for folkehelse, fastsetting av planprogram for kommunedelplan for kulturminne. I tillegg tildelte dei kulturmidlar og ga skjenkeløyve.



Kommunestyret v. ordførar heidrar Second Circuit som vinnarar av rockemønstringa The Battle of Bjørnefjord

Formannskapet

Fleire ulike saker knytt til økonomi var til handsaming. M.a. vart det fatta vedtak om sal av ein del mindre parsellar. Arbeidet med økonomiplan var krevjande ikkje minst sidan kommunen har sett i gang store utbyggingstiltak som er lånefinansiert. Ulike reglement var til handsaming – finansreglement og gebyrregulativ. Kommunal planstrategi var og til handsaming.



Formannskapet saman med einingsleiarane drøfter økonomiplan

Administrasjonsutvalet - det partssamansette utvalet (medlemmene i formannskapet saman med representantar for dei tilsette) drøfta i 2012 fleire sentrale problemstillingar rundt lønsfastsetting. Revidert lønspolitisk plan vart vedteken. Spørsmål rundt lærlingeordninga i kommunen vart og drøfta.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne ga ved slutten av førre periode melding om at dei var for lite brukt og at dei ønskte ei sterkare tilknytning opp mot sentraladministrasjonen og ordførar. Politisk sekretær er no sekretær også for dette utvalet og også for eldrerådet. Det vert ført protokollar frå møta på same måten som for hovudutvala.

Rådet hadde i 2012 4 møte. Dei ga uttale til kommunale planar som områdeplan Bjørkheim og plan for folkehelse. I tillegg ga dei uttale til budsjett og dei ga innspel til organisering og opplegg for arbeidet med senter for funksjonshemma.


Eldrerådet hadde i 2012 4 møte. Dei ga m.a. uttale til budsjett og økonomiplan og til fleire sentrale planar i kommunen som områdeplan Bjørkheim, kommunedelplan kulturminne og plan for folkehelse. Dei organiserte og markeringa av eldredagen.

I **Ungdomsrådet** sit det no ungdomar som er valde mellom ungdomsskuleelevane i tillegg til ungdomar som har gått ut frå ungdomsskulen. Kultursjefen er sekretær for rådet. Ungdomsrådet hadde i 2012 4 møte. Dei ga uttale i mange av dei plansakene som er nemnde for dei to føregåande råda. I tillegg har dei gitt uttale om kollektivtransporttilbodet og for valordning for ungdom og dei har drøfta etablering av motorcrossbane.

Ressursbruk

KOSTRA-statistikken gir oss ein del informasjon om ressursbruken vår også på dette området. Den viser at me i 2012 brukte ein god del meir pengar på dette området enn i 2011. Me brukte om lag like mykje pengar som gruppe 2 til politisk styring, men ein god del meir på kontroll og revisjon enn snittet for desse

Brutto driftsutgifter i kr pr innb til politisk styring, kontroll og revisjon




kommunane. Landsgjennomsnittet er vesentleg lågare. Dette er eit av dei områda med klarast skilje mellom små og store kommunar når det gjeld ressursbruken.



Folketalsutvikling

Ein folketilvekst på 17 nye innbyggjarar vart resultatet i 2012. Det er positivt at folketalet går oppover. 17 fleire gir ein auke på 0,7% frå året før. Landsgjennomsnittet var på 1,3%.



Oversikt over utviklinga i folketallet i 2005 – 2012


år	fødde	døde	Innflytting	utflytting	endring	folketal	%-vis endring
12	32	21	99	93	17	2434	0.70
11	27	19	109	93	23	2417	0,96
10	24	16	102	91	19	2394	0.80
09	32	34	101	106	-4	2375	-0,16
08	42	23	62	98	-17	2379	-0,71
07	29	22	121	85	43	2396	1,83
06	29	28	99	90	12	2353	0,51
05	22	23	104	85	19	2341	0,82

Det kan koma korrigeringar i etterkant slik at ikkje alle summeringane er korrekte for det einkilde år.

SSB utarbeider prognosar for utviklinga i folketallet. Grunnlaget for framskrivinga er veksten nasjonalt. Dei vurderer desse fire komponentane; fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og netto innvandring. I tabellen under har me sett inn to alternative prognoser, i den eine er det forventa middels vekst og i den andre er forventa høg vekst med unnatak av kriteria for netto innvandring der den er sett til middels. Avviket mellom desse utgjer i 2040 385 fleire innbyggjarar med høg vekst enn med middels vekst.

Prognose	2014	2015	2020	2025	2030	2035	2040
MMMM	2443	2454	2530	2596	2636	2653	2654
HMH	2452	2472	2577	2708	2833	2946	3039

Administrativ organisering



I 2012 fekk me ny kultursjef. Einingsleiar for barneskulen slutta ved utgangen av 2012. Åshild Aadland Haga er engasjert som rektor og ho har hatt ansvar for årsmeldinga for barneskulen. Mange av einingsleirane har lang fartstid i jobben sin noko som gir eit godt grunnlag for dei mange vanskelege oppgåvene som skal løysast.

GENERELLE MERKNADER

til kommunerekneskapen og til den økonomiske utviklinga

Også for 2012 kan me leggja fram ein rekneskap med eit positivt resultat. Einingane har vist god budsjettdisiplin. Sjølv om mange opplever budsjettet som stramt, har dei klart å halda seg godt innan rammene sine. Det er og fleire område som av ulike grunnar løyver midlar. M.a. gjennom innkjøp av nytt styrings- og rapporteringsverktøy – betre styring– vil me fortsette å halda fokus på god budsjettstyring.

Det er i 2012 gjennomført ein del brukarundersøkingar. Dei er presenterte av einingsleiarane i sine meldingar. Samnanger får gjennomgåande gode tilbakemelding på tenestene. Andre undersøkingar/målingar av presentasjonar m.m. viser også at det vert arbeidd godt i organisasjonen.

Skatteinngangen i landet sett under eitt har vore svært positiv. Så også for Samnanger. Meirinntektene når me ser skatt og rammeoverføringar under eitt er på 2,7 million kroner samanlikna med opphavleg budsjett. Dette kom godt med sidan inntektene frå sal av konsesjonskraft svikta med tilsvarende 3 mill. kroner. Så stor reduksjon i kommunen sine "faste" inntekter er alvorleg særleg fordi det ser ut som om kraftprisane vil halda seg låge.

Me er svært stolte over Vassloppa barnehage. Me ser den som ein barnehage for framtida, både måten den er organisert på og ikkje minst at det er så romsleg at me her kan seia at me har bygd for framtida. Rundt om kring i meldinga er det små og store bilete frå barnehagen som viser kreativitet og god pedagogikk. Desse bileta er tekne av personalet i Vassloppa.

Rekneskapen vert lagt fram med eit mindreforbruk (overskot) på
kr 2,9 mill

Oppsummert kan me seia at mindreforbruket (overskotet) skuldast:

Mindreforbruk einingane	1,7 mill kroner
Skatt, ramme og inntektsutjamning	- 0,3 mill kroner
Premieavvik og bruk av premiefond (pensjon)	0,3 mill kroner
Konsesjonskraft	- 0,3av mill kroner
Statstilskot flyktningar	1,5 mill kroner

Det vart tidleg klart at prisane på kraft vart lågare enn det som låg til grunn i budsjettet for 2012. Opphavleg budsjett for konsesjonskraft var på 5,6 mill kroner og budsjettsummen vart redusert to gongar, første med 1 mill kroner og seinare med 1,7 mill kroner. Endeleg resultat for 2012 vart på 2,6 mill kroner. Det kan sjå ut som om kraftprisane skal halda seg låge, noko som gjev kommunen utfordringar.

På slutten av 2011 fekk kommunen positiv melding frå IMDI (integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) på ein søknad om ekstra tilskot til ekstraordinære utgifter til busetting av flyktningar. Tilskotet vart berekna utifrå rekneskapstal for 12 mnd om gongen med start i februar. For 2011 vart det bokført eit krav på IMDI som viste seg å vere for lågt. Det er dette som er hovudårsaka til at kommunen i 2012 kan bokføre tilskot knytt til flyktningar på 1,5 mill kroner meir enn budsjettet, noko av desse midlane er gitt på bakgrunn av utgifter i 2011.


	Budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap	
Skatteinntekter	52 395 388	56 235 388	56 843 418	
Rammetilskot inkl. innt.utjamning	74 306 000	73 466 000	72 565 427	
Samla	126 701 388	129 701 388	129 408 845	-292 543

Skatteinngangen for landet generelt har vore høgare enn forventa i statsbudsjettet. I 2012 har Samnanger kommune ein skatteinngang inkl inntektsutjamning på 97,9 % av landsgjennomsnittet mot 96,5 % i 2011. For 2012 fekk Samnanger kommune 5,1 mill kroner meir i skatt og 4,5 mill kroner meir i rammetilskot enn for 2011. I forhold til opphavleg budsjett fekk kommunen 2,7 mill meir i skatt og ramme.

Finansielle nøkkeltal

Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2012 eit netto driftsresultat på 3,6 % av brutto driftsinntekter. Dette er eit godt resultat, men det er likevel viktig å fortsette å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen har ein buffer til å takle svingingar i inntekter og utgifter.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Einingane

I 2012 starta me opp med å føra løn i det nye rekneskapssystemet Agresso. I dette systemet vert sjukerefusjon bokført som inntekt når kravet oppstår. Tidlegare vart refusjon inntektsført når den vart utbetalt med unnatak av manuelt bokførte krav. For feriepengar knytt til refusjon er det i 2012 inntektsført både det som er knytt til sjukerefusjon i 2011 og det som vil bli utbetalt i 2013. Totalt er det inntektsført feriepengerefusjon med kr 608 000 , ½-parten er knytt til 2011. I lønssystemet viste det seg og at det var vanskeleg å få ut rapportar over kvar einiskild lønsmottakar og kor han var bokført. Dette resulterte i at einingsleiarane ikkje fekk kontrollert godt nok at lønsutgift vart bokført på rett område. Dette var spesielt utfordrande innafor teknisk og pleie- og omsorg med mange funksjonar. Eininga sett under eitt er rett, men det har vore utfordrande å få kontrollert fordelinga mellom ansvar og funksjonar.

	Revidert budsjett		Rekneskap		Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	Inntekter	utgifter			
Pleie/ omsorg	-9 807	57 429	-10 889	57 195	1 316	-527	789
Sosial og helse	-3 074	20 198	-3 414	20 539	-1	48	47
Barnehage	-3 471	18 686	-3 667	18 768	114	0	114
Kultur	-678	4 783	-888	4 293	700	-484	216
Barneskule	-678	18 685	-1 218	18 899	326	0	326
Ungdomsskule	-201	11 559	-633	11 932	59	3	62
Teknisk	-20 145	24 222	-20 104	24 585	-404	306	-98
Stab	-912	13 135	-990	12 749	464	-66	398

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Pleie og omsorg (PLO). Resultat: mindreforbruk kr 789 000. Avvik 1,69 %. Sum netto resultat 45,7 mill kroner. Pleie- og omsorg har for første gong på fleire år hatt eit mindreforbruk. Det har vore jobba målretta med betre budsjettkontroll og budsjettstyring gjennom året. Nokre utfordringar har det vore, mellom anna med oppfølging og kontroll i det nye lønssystemet. Det har vore mindreforbruk på løn, refusjon og innleiga av personale på kr 793 000 når me ser eininga under eitt. Omlegginga som nemnd over med føring av refusjon har for plo medført ”auka inntekter” på kr 160.000. Det har vore brukt 2,1 mill kroner til å leige inn personale som erstatning for vakante faste stillingar, sjuke- og ferievikariat. Kostnadsmessig er det liten forskjell på å leiga og å løna tilsette sjølv.

Totalt sett har eininga fått inn kr 155 000 meir i inntekter enn i revidert budsjetttert. Det er spesielt inntekter frå sal av middagar som har auka. Budsjettet vart oppjustert med kr 100 000 frå kr 383 000 og rekneskapan enda med ei inntekt på kr 505 705. Inntekt frå heimhjelp er kr 74 000 lågare enn budsjetttert.

Det vart for 2012 budsjetttert med å bruka 1 mill kroner av disposisjonsfondet til å finansiera deler av utgift innafor PLO. Tiltaket vart rimelegare enn forventa, og berre naudsynt del av disposisjonsfondet vart brukt (kr 480 000).

Sosial og helse. Resultat: mindreforbruk kr 47 000. Avvik : 0,27 %. Sum netto resultat 17,08 mill kroner. Medfinansiering somatiske tenester (samhandlingsreform) fekk eit resultat på kr 107 373 lågare enn det som var budsjetttert. Budsjettsummen var lik statleg overføring.

Barnehage. Resultat: mindreforbruk kr 114 000. Avvik : 0,73 %. Sum netto resultat 15,48 mill kroner. Eininga har overført kr 340 000 til å finansiera utgifter i investeringsrekneskapan knytt til Vassloppa barnehage. Mindreforbruket skuldast litt lågare utgifter enn budsjetttert på fleire postar. Løn , refusjon og inntekter om lag som budsjetttert. Utgifter kommunen har til kommunale barnehagar vil, med unnatak av styrka tilbod, direkte påverka tilskotet kommunen betalar til private barnehagar. Til tross for at utgiftene til dei kommunale barnehagane har vore lågare enn budsjetttert, har færre born i dei kommunale barnehagane ført til at den private barnehagen har fått eit større tilskot enn det som låg i budsjettet. Den private barnehagen fekk i 2012 3,07 mill kroner i tilskot (2,8 mill kroner i 2011). I tillegg betaler kommunen kr 371 000 for barnehageplassar i andre kommunar.



Kultureininga. Resultat: mindreforbruk kr 216 000. Avvik: 6,71 %. Sum netto resultat 3,0 mill kroner. Avviket skuldast at det var budsjetttert med utgifter som anten ikkje vart aktuelle i 2012 eller som ikkje kom pga manglande kapasitet ved kontoret. Jubileumsfesten med BKK på

Frøland vart og noko rimelegare enn budsjettert. Inntekter på einskilde område vart litt høgare enn det som var budsjettert. Kulturskulen har hatt eit mindreforbruk på kr 76 000 som skuldast auka inntekter. Biblioteket har gått i balanse.

Kultureininga måtte i 2012 tilbakeføra eit fylkeskommunalt tilskot på kr 110 000 som var inntektsført to gonger i 2011.

Samnanger barneskule. Resultat: mindreforbruk kr 325 000. Avvik: 1,8 %. Sum netto resultat 17,66 mill kroner. Kr 192 000 skuldast netto mindreforbruk løn og refusjon. Det er kome inn 56 000 meir i brukarbetaling på SFO enn budsjettert. Det vart budsjettert med kr 60 000 i tilskot som ikkje vart nytta på denne ansvarsområdet.

Samnanger ungdomsskule. Resultat: mindreforbruk kr 62 000. Avvik: 0,54 % Sum netto resultat 11,3 mill kroner. Det positive avviket skuldast netto mindreforbruk løn og refusjonsinntekter.

Finansinntekter og -utgifter vil for dei fleste einingane bety bruk og avsetning til fond. For teknisk eining vil dette og inkludera avskrivning og overføring av momskompensasjon som gjeld investeringsrekneskapen.

Teknisk eining. Resultat: meirforbruk kr 98 000. Avvik: 0,6 %. Sum netto resultat 16,4 mill kroner. Sjølvkostområdet vatn har eit positivt resultat på kr 401 000 knytt til kalkulatoriske renter. Resultatet er kr 182 000 betre enn budsjettert. Det positive resultatet er ikkje sett av til bunde driftsfond då det i 2010 og 2011 vart bokført underskot på til saman kr 623 000.

Sjølvkostområda for avløp og tømning av septiktankar er gjort opp i balanse. Feiarvesenet har hatt eit meirforbruk på kr 191 000. Det er kome inn kr 480 000 meir i inntekter innfor byggesak og oppmåling enn det som er budsjettert.

Byggavdelinga har hatt eit meirforbruk på kr 376 000. Straumutgiftene vart på 1,6 mill kroner noko som er kr 279 000 meir enn budsjettert. Det er brukt kr 1 689 981 av total løyving på 2 mill kroner av fond Sima – Samnanger til vedlikehald kommunale vegar. Når investeringsprosjekt i 2012 ikkje har hatt den framdrifta som var forventa, vil det bli eit avvik mellom budsjett og rekneskap. Det vil både påverka finans ved at det er mindre mva-refusjon å føra over til investeringsbudsjettet og det framstår også som ein mindre driftsinntekt.

Interne tenester. Resultat: mindreforbruk kr 398 000. Avvik: 3,19 %. Sum netto resultat 12,0 mill kroner. Det er eit meirforbruk på ansvar 1200 (politisk nivå og revisjon) med kr 115 000. Dette skuldast at det er bokført skuldig pensjonskostnad knytt til Midthordland revisjonsdistrikt på kr 202 567. På ansvar 1201 (stabsdel) er det eit mindreforbruk på kr 118 000 som skuldast lågare utgifter innfor IKT enn budsjettert. På ansvar 1202 (diverse fellesutgifter) er det eit mindreforbruk på kr 394 000 som skuldast at kollektiv gruppelivsforsikring i Agresso blir fordelt direkte ut på einingane medan budsjettert sum kr 150 000 låg i 2012 på ansvar 1202. I tillegg er fordel gruppeliv og ulykkesforsikring pga oppsett i Agresso ført som redusert utgift med kr 191 000.




Det er område i driftsbudsjettet som ikkje er fordelt ut på einingane. Her finn me ein del innsparingar og/eller meirinntekter. Dette gjeld m.a vaksenopplæring, administrasjon skule/ barnehageområdet (fellesbudsjett) der me har eit meirforbruk på kr 204 000 .

Utvikling av kommunen sine inntekter og utgifter

Drift og finans


Inntektene er korrigert for overskot, og utgiftene er korrigert for premieavviket for å få fram korleis resultatet ville vore utan rekneskapsføring av dette.

Inntektene har auka %-vis meir enn utgiftene i 2012. Kr 900 000 er overført frå drift til investering i tillegg til investeringsmomsen. Premieavviket er halde utanfor i denne framstillinga, men det bidrar positivt til årets overskot med kr 894 000. Kommunen har fått kr 818 000 meir i sjukerefusjon i 2012 til tross for at fråværet har vore lågare enn i 2011.



Premieavvik

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik fører til lågare bokførte utgifter. I 2012 var premieavviket i Samnanger på 2,2 mill. kroner. (For meir informasjon om premieavviket, sjå note 3 og 5 i rekneskapsrapporten). Det er viktig å hindra at det akkumulerte premieavviket vert for stort. Dette kan me påverka ved å bruka av fond til å betala pensjonsrekningar frå selskapa. Når me bruker av fond, vert årets premieavvik lågare og dermed og det akkumulerte premieavviket som ei utgift for kommunen. I 2012 brukte kommunen 2,5 mill kroner av premiefondet i DNB og 0,13 mill kroner i KLP. Dette resulterer og i at kommunen får ein reduksjon i arbeidsgjevaravgift på kr 370 605,-. Pr 31.12.2012 har Samnanger kommune kr 5 404 837,- på generelt premiefond, kr 1 423 263,- på AFP-fond og og kr 236 804,- fond folkevalgte, alle i DnB. Fond hos KLP blir fortløpande brukt til å betala pensjonsrekningar med.



Finansplassering

Kommunen plasserte i 2009 kr 5 mill. i eit fastrenteinnskot i Nes Prestegjeldssparebank. Innskotsperioden er 3 år, og kommunen får minimum 3,9% rente p.a. Denne plasseringa vart utvida med eit år til 3,5 % rente.

Aksjane i Nordisk Areal as hadde ein verdi pr 31.12.2012 på kr 79,- pr aksje, ein reduksjon på kr 2,50 pr aksje. Kommunen har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Hausten 2011 vedtok kommunestyret at aksjeposten skal seljast til kr 86,- pr aksje eller meir. I 2012 vart det omsett


aksjar i Nordisk Areal til prisar mellom kr 52 og kr 60 pr aksje. Det er i 2012 bokført eit urealisert tap på 97 867,50.

For meir informasjon vedr. finansplassering sjå note 3 og 7.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 3,5 mill kroner (eks. premieavvik) frå 2011. Løn, som er den største delen av driftsutgiftene, har auka med 2,12% (2,6 mill kroner) . Innleiga av personell på 5,5 mill kroner (5,0 mill kroner i 2011) er ikkje med under lønskostnad, men ligg under kjøp av tenester. Det vart gitt relativt sett høge tillegg i lønsoppgjret i 2012. Sidan tillegg vart gitt seinare enn vanleg (06.06.12) vert verknaden meir synleg i 2013.

Det største auken er innafør kjøp av tenester med 14,19 % (2,4 mill kroner) . Innleige av personell auka med 0,5 mill kroner. Kjøp av tøming av private septiktankar skjer anna kvart år, og utgifta i 2012 var 0,5 mill kroner høgare enn i 2011.



Tilskot til privat barnehage har auka med kr 245 000 til 3,07 mill kroner. Kjøp av varer og tenester i eigen produksjon er redusert med 9,03 % . Her var det mellom anna utgifter til konsulent til planarbeid i 2011. Det vart i 2011 brukt ein vesentleg sum til innkjøp av nytt inventar, utstyr og datamaskiner til barneskulen. Overføringer har auka med kr 798 000 som inkluderer utgifter til samhandlingsreforma på 2,15 mill kroner.

2012 var eit hovudtariffoppgjer og resultatet for dei fleste tilsette var lønsauke på mellom 5,6% - 6,1 % . Sjukefråveret er redusert frå 8,2 % i 2011 til 7,4 % . Ein større del av sjukefråveret har og gitt refusjon. Tal tilsette i Samnanger har auka med fire personar og tal årsverk er redusert med eitt frå 2011 til 2012.

Oversikt over lønsutgifter inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon og premieavvik (tal i 1 000 kr)

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Lønsutgifter	81 711	89 914	99 134	104 038	109 207	120 594	123 059
- Sjukepenger	3 074	3 369	4 046	3 450	3 110	4 683	5 501
Netto løn	78 637	86 545	95 088	100 588	106 097	115 911	117 558
% auke	8,9 %	10,1 %	9,9 %	5,8 %	5,5 %	9,3 %	1,4 %

Brutto driftsutgifter; Samnanger og samanlikning med andre.

Frå 2012 har kostra slått saman pleie og omsorg og helse til eit område kalla helse og omsorg.

%- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter

	Samnanger					KG 2 2012	Landet utan Oslo 2012
	2008	2009	2010	2011	2012		
Adm. og styring	7,3	7,3	7,5	7,9	7,7	8,6	6,6
Barnahage	8,6	10,7	11,0	12,0	12,6	9,9	12,2
Skule	25,3	23,8	22,6	19,4	20,5	20,5	20,9
Helse og omsorg	37,2	35,7	34,9	35,0	35,0	34,8	33,2
Sosial	2,4	2,4	3,4	3,9	2,8	2,7	4,1
Barnevern	1,9	1,7	1,7	2,4	2,8	2,9	3
Kultur	2,5	2,5	2,1	2,7	2,2	3,2	3,6
Kyrkja	1,5	1,6	1,6	1,5	1,4	1,1	0,9
Næring	0,9	1,5	1,8	1,2	0,9	2,2	1,2
Andre	12,4	12,8	13,5	14,0	14,1	14,1	14,3

Samnanger ligg over gruppe 2 for barnehage, sosial, barnevern, kyrkja og helse og omsorg. Med unnatak av sosial og barnevern ligg me og over landsgjennomsnittet på desse områda. For skule brukar kommunen like mykje som i kommunegruppe 2 (KG2) og litt under landsgjennomsnittet. Kommunen brukar og mindre pengar på kultur enn dei me samanliknar oss med her. Kommunen brukar framleis mindre til administrasjon og styring enn kommunar i gruppe 2.

Finansutgifter

Total lånegjeld pr 31.12.2012 er på 135,8 mill kroner. Renter og avdrag utgjer ein vesentleg del av kommunen sine utgifter. I 2012 betalte kommunen 9,03 mill kroner i renter og avdrag, ein auke på kr 265 000 frå 2011. Kr 396 000 er i 2012 ført som byggjelånsrente i investeringsrekneskapen. Sum rente og avdrag, som er ein driftskostnad for kommunen, var i 2012 på 7,77 mill kroner mot 8,06 mill kroner i 2011. I 2012 er det tatt opp lån på 25,5 mill kroner som er avdragsfritt dei to første åra. Det vart betalt 5,6 mill kroner i avdrag på lån inkludert startlån. Lånegjelda har totalt auka med 19,8 mill kroner.

Det har vore små endringar i renta i løpet av året. Styringsrenta i Norges Bank er på 1,5 %, og har stått uendra sidan 14.03.2012 då den var på 1,75 %. F.t. er det lite som tyder på at Norges Bank vil auke renta det næraste året, men det er og andre ting som påverkar renta i marknaden. Den flytande renta var pr 31.12.12 på 1,99% i Husbanken og 2,26 % Kommunalbanken. Sjå note 14.




Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving i høve mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vert delar av rente- og avdrag på startlån ein driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap.

Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukar skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Her vil nedbetalings-tid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Dvs at brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansiert.

Lån til nybygg og andre investeringar vert betalt med driftspengar, men kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på nokre område (skule og omsorgsbustad). I 2012 utgjorde det til saman kr 402 000.

Av utgifter til renter og avdrag gjeld 1,2 mill kroner startlån og kr 1,78 mill lån til vatn.


Dersom me ser på utgifter til renter og avløp som ikkje gjeld VA- området, startlån og i tillegg korrigerer for byggjelånsrente, brukte kommunen i 2012 3,3 % av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på denne typen lån. Når byggeprosjekt er ferdig vert renta, som under bygging er utgiftsført i investering, ført som driftsutgift. Tek me med alle lån som kommunen betaler, bruker Samnanger 5% av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på lån.



Lånegjeld

Samnanger har i i 2012 netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter på 55,5 % noko som er lågare enn både KG2 (66,8%) og landsgjennomsnittet (55,3%). Total lånegjeld har auka med 19,8 mill kroner til 135,8 mill kroner. I 2013 er det vedtatt å ta opp 22 mill kr i lån. I økonomiplanen er det planar om å ta opp lån i 2014 på 44 mill kroner.

Netto lånegjeld pr innbyggjar er kr 43 465 mot kr 34 774 i 2011 jfr kostrastatistikken. KG2 har ei lånegjeld pr innbyggjar på kr 52 063. Unytta lånemidlar pr 31.12.12 er på 25 mill kroner.




Det var for 2012 budsjettert med ei lånerente på 3,3 %, noko høgare enn det som er betalt. Renta på innskott har vore rundt 3,2 % (Sjå note 7a). Den låge lånerenta har og gjort at rentekompensasjon frå Husbanken har vore lågare enn budsjettert. VA – områda (vatn og avløp) nyttar 3års-gjennomsnittleg statsobligasjonsrente som kalkulatorisk rentesats. Denne har vore lågare enn det som låg til grunn i budsjettet. Kalkulatoriske renter er ei utgift innafor sjølvkostområda, men er ei inntekt som motpost. Totalt sett har kommunen eit tap på kr 100 000 når ein ser alt dette under eit.

Driftsinntekter

Kommunen får stadig større del av overføringane frå staten som rammetilskot. Dette er tilsikta frå staten si side som ynskjer ein inntektsvriding i kommunane frå skatt til ramme.

Kommunen sine inntekter har auka med 6,1 mill kroner (3,75 %) frå 2011 til 2012. Summen er inkludert investeringsmoms på 6,8 mill kroner (1,6 mill kroner i 2011). Både skatt og rammetilskot har auka med 10 %. Andre overføringar er blitt redusert med 5 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak redusert inntekter frå sal av kraft med 2,5 mill kroner.

Salsinntektene har auka med 2 mill kroner, ein auke på 10 % frå 2011. Tøming av private septiktankar skjer anna kvart år og 2012 var eit tømear med kr 900 000 i inntekt. Refusjonar og tilskot er redusert med kr 1,4 mill kroner. I 2011 fekk kommunen tilskot til Sima – Samnanger med 8,2 mill kroner. Det er bokført 5,2 mill kroner meir i investeringsmomsrefusjon enn i 2011.




Inntekter frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft

Samnanger kommune sel 22.321,1 MWh/år. I 2012 selde kommunen krafta på spot-marknaden.

Dette vart gjort ut frå at me gjennom 2011 ikkje fann dei tilbydde prisane i fastmarknaden gode nok. Mykje nedbør og god hydrologi var med på å gje låge prisar. Opphavleg budsjett var på 5,6 mill kroner og vart nedjustert til 2,9 mill kroner i løpet av året. Inntekta for 2012 enda på 2,57 mill kroner.

Prisane dei siste åra viser at me bør vurderer om dagens måte å selja krafta på er den rette. Eit alternativ kan vera å



bruke krafta sjølv. Eit anna kan vera om kommunen skal gå inn på meir langsiktige avtalar. Prognosane tilseier at det er vanskeleg å nå opp i målet vårt om ei inntekt på 7 mill. kroner. I gjeldande økonomiplan er det rekna med 4 mill kroner i 2013 og 5 mill kroner resten av perioden.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskreve eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Av inntekta på vel 9,9 mill kroner gjeld 0,56 mill kroner skatt på anlegg under arbeid (Sima-Samnanger). Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndigheitene kvart år. Det vart i eigedomsskattelova innført ei minimum og maksimumsgrense som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Utrekningar viser at utan denne grensa ville Samnanger i 2010 hatt 4.2 mill kroner meir i inntekt. Makstaket har stått uendra frå lova vart vedtatt i 2004 fram til 2012 då taksten vart indeksjustert med 5 %. Det er og vedtatt at taket skal indeksjusterast med 11 % i 2013. På oppdrag frå eigarkommunane i LVK (Landssamanslutninga av vassdragskommunar) vert det arbeidd med å få bort dette makstaket.

Naturressursskatt

Med kraftproduksjon i kommunen kjem naturressursskatt. Naturressursskatt blir utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil ikkje variera mykje frå år til år når produksjonen er normal. I 2012 fekk kommunen 4,4 mill kroner i naturressursskatt.



Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift skal vera ein kompensasjon for dei skadar og ulemper av allmenn karakter som kjem som følge av utbygging av kraftanlegg. Dette vert pålagt når konsesjon for utbygging er gitt etter vassdragsreguleringsloven. Summen er fast og blir indeksregulert kvart 5. år. I 2012 fekk kommunen kr 898 443 som i samsvar med føringar er sett av på næringsfondet.

Samla oversikt over inntekter frå kraftproduksjon

	2010	2011	2012
Konsesjonskraft	6 395 351	5 100 772	2 673 976
Konsesjonsavgift	898 443	898 443	898 443
Naturressursskatt	4 420 658	4 420 658	4 399 241
Eigedomsskatt	9 010 932	9 079 594	9 931 379
- skatt som ikkje er knytt til kraftproduksjon	-170 702	-170 702	-170 702
Sum inntekter knytt til kraftproduksjon	20 554 682	19 328 765	17 732 337

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk vel 8.2 mill. kroner i samband med vedtak om å byggja kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane blir brukt til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. I 2012 er det brukt 1,6 mill kroner av totalt løyving på 2 mill kroner til vedlikehald av vegar.

Næringsfond

Pr 31.12.12 er kommunen sitt næringsfond på kr 896 533,79. Det er i 2012 blitt tilført kr 898 443 som gjeld konsesjonsavgift. Løyvingar i budsjettet som ikkje vil bli nytta er tilbakeført til fondet med kr 118 971. I 2013 er det budsjettet med netto avsetnad til næringsfondet på kr 156 443. På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet.

Bustadfeltet Lønnebakken har i 2012 hatt utgifter som har vore større enn inntektene. Dette var først og fremst tilbakekjøp av to tomter, men også utgifter til tiltak i feltet. M.a. måtte me flytta eit el-skap som var plassert slik at det hindra utnytting av ei av tomtene. Som eit resultat av dette har lån frå næringsfondet auka med kr 531 913. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2012 på 1,7 mill kroner. Det er selt 1 tomt i 2012.


Bruk av næringsfondet i 2012	
Tilskot til private	37 500
Budsjett/ drift	163 029
Prosam/ Liv&Lyst (Kultur)	100 000
Lønnebakken	531 913
Sum bruk	832 442

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr 31.12.2012 er på kr 1 703 678. Kr 429 000 er disponert i budsjettet for 2013.

Pr 01.01.12 var fondet på 0,86 mill kroner. 2 mill kroner av udisponert overskot 2011 er tilført disposisjonsfondet. I budsjettet for 2012 var det vedteke å bruka 1 mill kroner av fondet innfor pleie og omsorg. Utgiftene på dette området vart lågare enn forventa, slik at det berre vart brukt kr 480.000 av fondet til føremålet.

For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.



INVESTERINGSREKNESKAPEN

Investeringsrekneskapen i 2012 viser utgifter på 37 mill kroner mot budsjettert 57 mill kroner. Dette avviket skuldast m.a at oppstart av bygging av ny fløy ved Samnanger barneskule vart endra i forhold til det som låg til grunn i budsjettet. Det er og fleire andre prosjekt som ikkje er komne så langt som forventa. Vassforsyning Frøland/Totland er eit av dei.

Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på startlån med kr 599 543. Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 30 kundar i 2012, 3 av dei er nedbetalte i løpet av året og det er utbetalt 1 nytt startlån på kr 350 000. Saldo på unytta startlån var pr 31.12.12 på kr 1 024 360. Det er budsjettert med opptak av startlån i 2013 på 2 mill kroner.

Investeringar i 2012

For 2012 vart det budsjettert med 10 små og større investeringsprosjekt. I tillegg kjem kjøp av ny tankbil til brannvernet, som er finansiert med tilskot, investeringar på Ytre-Tysse og i Lønnebakksfeltet som ikkje var budsjettert. Det vart i 2012 kjøpt ein bil som tidlegare var leasa. Dette vart finansiert med lån frå disposisjonsfondet.

Investeringsprosjekt , rekneskap og budsjett (i 1.000 kr)

	Kostnadsramme		Budsjett 2012	Rekneskap		Avvik	
	Opphavleg	Justert		2011	2012	Mot kostnads- ramme	Mot budsjett 2012
Samnanger Barneskule	35 000*	40 955	27 313	552	19 977	20 426	7 336
Samnangerheimen	67 000*	92 063	6 900	1 513	1 105	89 445	5 795
Vassloppa barnehage	6 849*	7 339	7 339	0	8 118	-779	-779
Kommunehuset	3 625	3 625	3 625	0	3 383	242	242
Undervisningsbygg	500	371	371	0	269	102	102
Vassforsyning Frøland	7 721	7 721	7 721	0	201	7 520	7 520
Industriområde Rolvsvåg	5 660	5 660	3 750	67	457	5 136	3 293
Agresso-prosjekt, drift og investering eks moms.	2 400	2 400	745	1 655	835	-90	-90
Planarbeid Eikedal avløp	300	300	300	0	0	300	300
Ny branntankbil	0	0	0		960	-960	-960
Lønnebakken			0	0	938		-938
Miljøgate Ytre Tysse			0		132		-132
Ford Ranger	180	180	180		180	0	0
	129 235	160 615	58 244	3 788	36 555	121 342	21 689

*I opphavleg budsjett var ikkje mva rekna inn.

Vassloppa barnehage

I 2012 vart Nordbygda skule bygd om til Vassloppa barnehage. Den nye barnehagen vart tatt i bruk gradvis frå hausten 2012. Den offisielle opninga av barnehagen var i 2013. Rekneskapan viser eit meirforbruk på kr 778 925. Det vil bli lagt fram byggerekneskap våren 2013.



Samnanger barneskule

Samnanger barneskule ligg litt bak skjema, men ein reknar med at den blir ferdig ca 15.06.2013. Det er ikkje noko på det noverande tidspunktet som tydar på avvik mot kostnadsramma. Det er noko usikkerheit rundt kostnad med uteområdet og ombygging av SFO, men prosjektleiinga vil ha ein full gjennomgang av økonomien i prosjektet no i vår.

Ombygging av gamle Nordbygda barnehage

Det er inngått avtale med Hordaland fylkeskommune om at ein av deira elev som er

heimehøyrande i Samnanger skal få undervisninga si her. Delar av tidlegare Nordbygda barnehage er bygd om til dette føremålet. Ut frå samtalar m.m. med fylkeskommunen er det lagt til grunn at dei i tillegg til å betala husleige også skal ta del i ombyggingskostnaden. Endeleg avtale om dette er ikkje på plass, men i rekneskapan er dette sett som krav. Ombygginga vart vesentleg mindre omfattande enn planlagt. Likevel viser rekneskapan eit mindreforbruk på vel 100.000 kroner. Det vil også her bli lagt fram byggerekneskap.



Kommunehuset

Hausten 2012 starta arbeidet med å renovera kommunehuset utvendig. Arbeidet vart ferdig ved utangen av februar 2013. Vindauge og veggjar er skifta, og mur er pussa og mala. Det vart noko uføresett, m.a. var arbeidet med muren ikkje med i opphavleg kalkyle. Det er forventa overskriding på vel 300.000. Det vil bli lagt fram byggerekneskap.



Planarbeid

Vassforsyning Frøland

Vassforsyning til Frøland er delvis avhengig av framdrifta på bygging av tunell sidan delar av arbeidet skal gjerast samstundes bygging av tunell Ytre Tysse og gang- og sykkelsti. Arbeidet med veganlegget vart starta opp på nyåret.

Industriområdet i Rolvsvåg

Arbeidet med reguleringsplan for den øvre del av industriområdet Rolvsvåg er utført av konsulentfirmaet Norconsult. Til tross for flere purringar er dei svært forseinka med arbeidet. Det har igjen gjort at det ikkje har vore mogleg å starta tilretteleggingsarbeidet. Det er fleire utfordringar, men først og fremst gjeld det å finna fram til kva som er fornuftig løysing for vassforsyninga.

Eikedalen

I samarbeid med Kvam herad vil det verta bygd ut hovudstamme for vass- og avlaup i første omgang på strekninga Rv 7 til skisenteret. I budsjettet for 2012 var det sett av 300.000 kroner til planlegging. Arbeidet som er gjort er førebels finansiert av Kvam herad, og sidan budsjettsummen er løyvd av næringsfondet er midlane attendeført dit.

Tankbil brann

Samnanger brannvesen fekk i 2012 eit tilskot på kr 750 000 til å kjøpe inn ein ny tankbil som skal vere stor nok til bruk i den nye Tysse tunellen.

Tankbilen vart kjøpt inn etter anbuds -konkurranse på Doffin. Den gamle tankbilen vart selt, og netto inntekt kr 32 010 frå sal av den gamle tankbilen vart sett av på ubunde investeringsfond.

Den nye tankbilen har fått namnet ”Dansjen”



Agresso-prosjekt

Agresso-prosjektet (nytt økonomi, lønn og personalsystem) er blitt kr 90 000 dyrare enn budsjettet. Overskridinga vil bli enda noko større då det er utgifter som er knytt til prosjektet som kjem i 2013. Det vil også her bli lagt fram prosjektrekneskap.

Tomter

Det er selt 1 tomt på Lønnebakken i 2012 og kjøpt tilbake 2 tomtar. Ikkje alle attverande tomtene i feltet er mogleg å byggja på slik dei ligg no. Kommunen har ved ulike høve vurdert om og evt kva tiltak som kan gjerast for å få avslutta feltet.

I 2012 var utgiftene med tilbakekjøp og omlegging/ tilrettelegging av tomtar høgare enn inntektene ved sal. For å finansiera meirforbruket på kr 531 912 vart lån av næringsfondet auka opp til 1,7 mill kroner.

I bustadfeltet i Rolvsvåg er det selt 1 tomt til kr 60 000. Inntekta er sett av til ubunde investeringsfond. Det er ikkje selt tomtar i Rolvsvåg industriområde.

For meir detaljer oversikt over tomtar, eigendelar og anlegg sjå balansen i rekneskapen.

Oversikt over finansiering av investeringar i 2012: (tal i heile tusen)

			Finansiering					
	Utgift	Avsett	Lån	Tilskot/ refusjon	Fond	salg	drift overført investering	drift moms komp.
Bygg								
Samnanger barneskule	19 977	0	16 164	0	0	0	0	3 813
Samnangerheimen, planlegging	1 105		939	0	0		0	166
Vassloppa barnehage	8 118		6 039		0		490	1 589
Kommunehuset	3 383		2 706		0			677
Undervisningsbygg	269		0	185			32	51
Eigedom								
Lønnebakken	938	0	0	0	532	348	0	58
Industriområde Rolvsvåg	457	0	366	0	0	0	0	91
Bustadefelt Rolvsvåg		60				60		
Diverse								
Ny tankbil , brann	960	32		750	0	50	0	192
Ford Ranger	180				180			
Telefoni system	214				0		171	43
Straumaggregat	161						161	
Nytt økonomisystem, inv.del	838			6	745		88	0
Miljøgate Ytre Tysse	132		116					16
Vassforsyning Frøland	201		201					
Sum	36 934	92	26 530	941	1 457	458	942	6 698


Sjå og note 12.

I 2012 skal minimum 60 % av investeringsmomsen tilbakeførast til investeringsrekneskapen. Denne pliktige tilbakeføringa aukar med 20 % kvart år. Samnanger har ikkje hatt problem med å

omstilla seg til dei nye reglane då me i liten grad har brukt denne til å finansiera drifta. I 2012 er, med unntak av kr 80 000, all investeringsmoms (6,7 mill kroner) overført til investering.

Samnanger er no i ein situasjon med store investeringar. Det er då ikkje unaturleg at delar av utgiftene vert finansiert med driftsmidlar. I tillegg til investeringsmoms er det i 2012 overført til saman kr 942 000 frå drift. Kr 340 000 er ført frå drift barnehage til innkjøp av inventar og utstyr til Vassloppa barnehage. Kr 150 000 er løyvt i KS-vedtak 31/12 til innkjøp av leikeapparat. Kr 332 000 er overført frå drift til investering for å finansiera nytt telefonisystem, og kr 32 000 er overført til ombygging vidaregåande skulebygg. Kr 88 000 er overført til prosjekt nytt økonomisystem. I tillegg er det overført kr 42 000 til å dekkja eigarinnskot KLP.

Når det gjeld bruk av lån ligg kommunen litt under KG2, men 10% meir av investeringane blir finansiert med lån enn for gjennomsnittet av landet. Samnanger kommune har og langt mindre del av inntekter frå tilskot, refusjonar og sal enn både KG2 og landsgjennomsnittet. I 2011 vart dette på heile 33,6 % (tomtesal og tilskot Ytre Tysse) .





Samnanger kommune samanlikna med andre

Dei minste kommunane har tradisjonelt hatt noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Som tabellen under viser så var ikkje det tilfelle i 2012 for KG 2 samla, men Samnanger har ein god del meir frie midlar enn landet samla. Mindre kommunar har ”smådriftsulemper” og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov i 2012 som er 14 % høgare enn landsgjennomsnittet. I inntektssystemet er det innført eit småkommunetilskot som går til kommunar under 3000 innbyggjarar som delvis er med å dekkja opp for dette.

Me låg fram til 2011 lågare enn KG 2 i brutto driftsinntekter pr. innb. I 2012 ligg me på same nivå som kommunane i gruppe 2. Samnanger har då vel 9.000 kroner meir i brutto driftsinntekter enn landsgjennomsnittet.

Samnanger kommune bruker dei pengane som er til rådvelde. Figuren under viser at me bruker ca 9.000 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Me ser også at me har klart å halda driftsutgiftene i 2012 på same nivå som i 2011. I 2012 brukte me av reservar – fond – til drifta.



I 2012 ligg Samnanger godt over tilrådd netto driftsresultat på 3% av brutto driftsinntekter. Dette er svært gledeleg og viktig ikkje minst med tanke på at det hefter ein del usikkerheit kostnadmessig med store utbyggingsprosjekt som sjukeheimen. Eit godt resultat her viser at det er økonomisk handlefridom.


	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	3,6	1,7	2,3	3,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	53167	45135	51321	46475
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	(168,1)	180,3	186,6	200,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	(34774)	43465	52063	37985

Me har starta opptrappinga av lånegjelda vår, og ligg no nokså høgt samanlikna med andre når me måler det som kr pr. innbyggjar. Sidan med har høgare inntekter enn dei andre, ligg me fortsatt lågast når me målar lånegjelda i % av driftsinntektene. Medan dei andre har mindre gjeld enn i 2011 går gjelda vår vesentleg opp. (Tala i parentesen i tabellen over er for 2011).

Skatt og rammetilskot

Kommunane sine "frie" inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. For Samnanger kjem ein god del inntekter frå kraftproduksjonen hovudsakleg frå BKK. Sjå informasjon tidlegare i meldinga. Dei minste kommunane har ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet. Modellen er justert slik at skatt dei siste åra har utgjort ein mindre del av dei frie inntektene enn tidlegare.

I skattedelen til Samnanger ligg også naturressursskatten som er knytt til kraftproduksjon. Den utgjer for Samnanger sin del i 2012 2,3 %, for dei andre utgjer det mest ingen ting. Med sine knapt 5% utgjer eigedomsskatten ei vesentleg inntektskjelde.



Andre inntektstyper

For Samnanger gjer inntekter frå sal av konsesjonskraft sitt til at kommunen har meir å rutta med enn mange andre kommunar. I 2012 selde me denne i spotmarknaden med dårleg resultat. Jmf. informasjon tidlegare i årsmeldinga. Me ser og at Samnanger får relativt sett ein mindre del av inntektene sine frå andre statlege overføringar og frå sals- og leigeinntekter. Dette har sjølv sagt samanheng m.a. med at me har ein del meirinntekter frå konsesjonskraft og naturressursskatt. Statlege overføringar er i stor grad inntekter knytt til bestemte prosjekt. Samnanger har dei siste åra vore meir aktiv med å søkja om øyremerkja midlar, men desse inntektene utgjer likevel ein mykje mindre del av våre inntekter.

%-vis fordeling av dei øvrige inntektskjeldene

	Samnanger	KG 2	Landet
Andre statlige tilskudd til driftsformål	1,5	2,6	3,0
Naturressursskatt (del av skatteinntekter)	2,3	0,4	0,3
Sals- og leigeinntekter	9,9	13,6	14,0
Andre driftsinntekter	14,2	16,2	14,0

Bruk av midlane – prioritering

Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan og skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder, vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.



%-del av folketalet fordelt på aldersklasser.

	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
0 åringar	1,3	1,1	1,3	1,2
1-5 år	6,0	5,8	6,5	6,2
6-15 år	11,9	12,5	12,5	12,6
16-18 år	4,0	4,1	4,0	3,9
19-24 år	7,3	7,6	8,5	8,0
25-66 år	54,1	52,8	54,5	55,1
67-79 år	9,4	10,5	8,4	9,3
80 år og over	6,0	5,7	4,4	4,5

Samnanger skil seg i heller liten grad frå landsgjennomsnittet når me ser på %-del barn. Me har relativt sett fleire over 80 år, og me veit at dei eldste etterspør meir tenester både frå pleie og omsorg og frå helsevesenet.

I figurane under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken vår av midlar på ulike tenester med andre kommunar. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar. Særleg for dei minste kommunane kan einskildtilfelle, det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov i plo, få stor innverknad. Særleg innan skule kan ”uheldig” elevtal føra til ”dyrare” teneste når me delar kostnaden ut pr. elev. Døme på dette er at det t.d. ikkje treng vera fleire lærarårsverk i ei klasse med 28 elevar som i ei klasse med 20.

Netto driftsutgifter til ulike tenester i kr. pr innbyggjar



Grafane over viser at Samnanger bruker fleire kroner enn både landsgjennomsnittet og gruppe 2 til helse, pleie- og omsorg, barnehage og skule. Me har utgifter som gruppe 2 for sosial og administrasjon og styring og ligg klart lågast for barnevern. Me kjem attende med meir utfyllande forklaringar seinare i meldinga.


%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger kommune		KG 2	Landet
	2011	2012	2012	2012
Adm. og styring	10,1	9,6	11,0	8,7
Barnehage	13,6	14,2	11,9	14,6
Skule	23,4	24,7	25,8	24,1
Helse og omsorg	40,7	40,1	40,4	36,6
Sosial	5,0	3,5	3,0	5,3
Barnevern	3,1	2,1	2,8	3,1
Kultur	2,8	2,6	3,5	3,8
Kyrkja	2,7	1,8	1,5	1,1
Samferdsle	1,7	3,1	2,2	1,4
Brann og ulukke	1,7	1,9	1,4	1,3

Samnanger brukte i 2012 meir pengar på barnehage enn dei andre mindre kommunane. Dette vil truleg ytterlegare forsterka seg i 2013. Skule har auka sin del av budsjettet i høve til 2011, men me ligg fortsett lågare enn KG 2. Utgiftene til pleie- og omsorgseininga er i 2012 i KOSTRA slått saman med utgiftene til helsetenestene. Samla ligg me om lag som for gruppe 2, men vesentleg over landsgjennomsnittet. Det har vore ein reduksjon i sosial og barnevern, noko som i hovudsak skuldast større inntekter enn tidlegare. Opprusting av vegane på slutten av fjoråret viser att på statistikken. Kommunen har over nokre år auka midlane til vedlikehald av kyrkjene. I 2012 er me meir på eit normalt driftsnivå her.

Litt om produktivitet

Medan netto driftsutgifter seier noko om kommunen si prioritering av midlane gir brutto driftsutgifter ein peikepinn på produktivitet. Det er ikkje alle områda som er like enkle å samanlikna ut frå KOSTRA-statistikken, men det er likevel grunn til å merkja seg at Samnanger ligg både over gruppe 2 og landsgjennomsnittet for alle tenestene. Dvs. at



me har høge kostnader pr. produsert teneste. Det kan vera mange grunnar til det, nokre av dei er strukturelle, men det bør vera mogleg å kutte kostnader.




Personalstatistikk

Tilsette i kommunen

Kommunen hadde 189 årsverk pr. 31.12.2012, fordelt på om lag 275 personar. Det var minimale endringar i talet på årsverk frå 2011 til 2012. I perioden 2007 – 2012 har det vore ein auke på om lag 19 årsverk i kommunen (om lag 11%).



Aldersfordeling

Aldersfordelinga for dei tilsette i kommunen viser mellom anna at det er relativt mange som vil nå pensjonsalder dei komande åra.



Likestilling

Til liks med andre kommunar er det eit stort fleirtal av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald. Kommunen hadde i 2012 ikkje spesielle tiltak eller verkemiddel knytt til likestilling.



Sjukefråvær




Arbeidsmiljøutvalet har vedteke ei målsetting om sjukefråværet i kommunen

sjukefråvær ikkje høgare enn 6 %

I 2012 var sjukefråværet 7,4%. Dette var ein nedgang i forhold til 2011, då sjukefråværet var 8,2%.

Det kan her trekkjast fram at sjukefråværet i eining for pleie og omsorg var vesentleg lågare i 2012 enn i 2011, med reduksjon frå 14,2% i 2011 til 10,9% i 2012. Sjukefråværet i eining for pleie og omsorg har stor innverknad på det totale sjukefråværet i kommunen.

Sjukefråværet i aldersgruppa 60-69 år var vesentleg lågare i 2012 enn i 2011, medan sjukefråværet i aldersgruppa 20-29 år auka. Aldersgruppa 20-29 år hadde i 2012 det høgaste sjukefråværet i kommunen.



Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2012 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. Unnateke frå dette var mellom anna logoped og helsefagarbeidarar. Nokre einingar hadde i 2012 spesielle utfordringar knytt til at mange tilsette var ute i permisjon samstundes. Dette gjeld mellom anna i eining for pleie og omsorg.

Det er framleis også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette gjer at me er spesielt sårbare når fagpersonar sluttar, samt at det kan vera vanskeleg å halda på yngre medarbeidarar med høgskule-/universitetsutdanning i enkelte einingar.

Lokale lønsforhandlingar 2012

Det vart i 2012 gjennomført lokale lønsforhandlingar for alle grupper av tilsette i kommunen. Det vart ingen brot i forhandlingane. Det vart gitt relativt store sentrale lønstillegg i 2012. Dette vart også i stor grad styrande for dei lokale lønsforhandlingane for dei tilsette som får heile lønsutviklinga si fastsett lokalt i kommunen.

Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring for nokon grupper av tilsette på tvers av einingane i 2012. Unnateke frå dette er opplæring for nokre grupper av tilsette i skule/barnehage, der felles opplæringstiltak er organisert gjennom Midthordland skule- og barnehageregion. Det vert vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført der i 2012.

Arrangement for tilsette

Midlar avsett til velferdstiltak for dei tilsette vart nytta i den enskilde eining og då hovudsakleg i samband med juleavslutningar.



Medarbeidarkartlegging

I 2012 vart det gjennomført undersøking blant dei tilsette for å få tilbakemelding på korleis dei opplever arbeidssituasjonen sin. Det er tredje gangen me har slik kartlegging, og undersøkinga er del av konseptet betre kommune utgitt av kommunalforlaget. Undersøkinga vart gjennomført digitalt. Samla for kommunen har me ei oppslutninga om kartlegginga på 44 %, med ein variasjon mellom einingane frå 32% til 89%. I undersøkinga er det brukt ein skala frå 1 – 6 der 6 er best.

Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Snitt Samnanger
Tydeleg leiing	Organisering av arbeidet	4,5	4,5
	Innhald i jobben	5,0	5,0
	Næraste leiar	4,6	4,5
	Overordna leiing	4,0	4,0
Godt arbeidsmiljø	Fysiske arbeidsforhold	4,2	4,3
	Samarbeid og trivnad med kollegaene	5,0	5,0
	Mobbing, diskriminering og varsling	5,0	4,9
Kultur for læring og fornying	Fagleg og personleg utvikling	4,3	4,3
	System for løns- og arbeidstidsordningar	4,0	4,0
	Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,8	4,8
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6
Totalt	Snitt totalt	4,6	4,6

Me måler oss førebels mot landsgjennomsnittet, dvs. at me har eit mål om å ha ein score som er minst like god som gjennomsnittet av alle kommunane som gjennomfører denne undersøkinga. Tabellen over viser at me har ein score omtrent som landet. Det er små variasjonar også om me går ned på einings- eller avdelingsnivå, men det er skilnader som gir nok utfordringar til å jobba vidare med. Me planlegg å gjennomføra undersøkinga anna kvart år, og den skal fylgjast opp ved at einingsleiarane saman med dei tilsette skal gå igjennom tilbakemeldingane og i fellesskap verta samde om kva som arbeidast vidare med.

Bedriftshelseteneste

Samnanger kommune har avtale med Grend bedriftshelseteneste.

Kostnaden til kjøp av bedriftshelsetenester var om lag 130 000 kroner i

2012. Utgiftene gjeld både faste helsekontrollar for grupper av tilsette som

etter lov/forskrift skal ha dette, samt andre tiltak som vart avtalt i årsplan. I 2012 var det største enkelttiltaket helsekontrollar for tilsette i barnehagane (mellom anna hørselskontrollar).



HMT

Samnanger har arbeidd ut eit system som skal hjelpa oss til å arbeida godt med helse, miljø og tryggleik. M.a. inneheld det rutinar og skjema for rapportering av avvik. Rapporteringa skjer til

AMU. Me ser at det kan arbeidast ytterlegare med forbetring av rapporteringsrutinane. I 2012

vart registrert **18** HMT-avviksmeldingar. 16 av meldingane gjaldt episodar med elevar

(Samnanger barneskule). Eit par av desse meldingane gjaldt episodar mellom to elevar, og burde truleg ikkje vore melde inn som HMT-avvik. 1 melding gjaldt teknisk eining (skade i samband

med trefelling). Ei melding kom frå verneombod på kommunehuset som tok opp problematikken rundt høg temperatur om sommaren på mange kontor.

Det er ikkje kome inn varslingar frå tilsette om kritikkverdige forhold i 2012.

Jubilantar

Kommunestyret takka Sigbjørn Øyjordsbakken for 40 års teneste.



I 2012 var det 5 tilsette som vart takka for 25 år i kommunal teneste. 4 av dei var til stades på markeringa på kommunehuset.



Kommentarar til dei einskilde tenesteområda

Einingsleiarane sine årsmeldingar fylgjer i andre del av meldinga. I denne delen vil rådmannen nytta informasjon frå KOSTRA-statistikken til å vurdere kostnadsnivået og tenestene våre samanlikna med andre kommunar. Sjølv om kvaliteten på statistikken etter kvart har vorte bra, må me alltid vera merksame på at det kan vera feilkjelder t.d. pga. av ulik organisering av tenestene. Som hovudregel vert Samnanger samanlikna med KG 2 (små kommunar med middels god økonomi) og landsgjennomsnittet.

I tillegg vert det og gitt ein del generelle kommentarar til drifta. I den grad det ligg føre mål for tenesteområda vurderer me resultatata opp mot dei. Me peiker også på ein del utfordringar som Samnanger står føre. Omlegging i malen for årsmeldingane gjer at ein del kommentarar som før vart gitt av rådmannen er i 2012 tekne opp av einingane.

I kommuneplanen er det gitt ei rekke mål; ikkje alle er like operative. I samband med at me tek i bruk eit nytt styringssystem – betre styring – vert det arbeidd med å formulera måla slik at dei kan etterprøvast om me har nådd dei. I tillegg til målformuleringane er det og i kommuneplanen lista opp kva me gjer/skal gjera for å nå måla. Mykje er gjort sidan planen vart vedteken, men på nokre område har eit stykke igjen før me kan seia oss tilfredse. Styrande for arbeidet vårt er at me skal



*ha god kvalitet på tenestene og
gi god sørvis og rask sakshandsaming*

Sentralt i vurderinga om me har nådd desse måla er tenestemottakarane si oppfatning av kvalitet. I 2012 vert det gjennomført brukarundersøkingar for fleire tenester, og skal me arbeida systematisk med kvalitetsutvikling er det behov for å ha undersøkingar både regelmessig, helst anna kvart år og for fleire tenester. Med unnatak av for tenester i pleie- og omsorg vert brukarundersøkingane gjennomførte fullt ut digitalt, noko som gjer at arbeidet med sjølve gjennomføringa er overcomeleg. Dårleg oppslutning om undersøkingar er ei utfordring, men i respekt for dei som har svara vil me leggja vekt på tilbakemeldingane. Resultata frå brukarundersøkingane er presenterte i einingane sine meldingar.

Kommunen har vedteke store og kostesame investeringsprosjekt som i det alt vesentlege vert finansiert gjennom låneopptak. Tiltaka gir berre i mindre grad innsparingar i drifta ut over det som alt er teke inn i økonomiplanen (samanslåing av barneskulane). Auka utgifter til renter og avdrag gir oss utfordringar på driftsbudsjettet. Det er derfor svært vesentleg at me har ein effektiv og rasjonell organisasjon med god økonomistyring. Med ein stram økonomiplan er det ikkje rom for mange uføresette utgifter. Me skal



*ha god økonomistyring
bruka målretta styring
ha gode rutinar og gi god informasjon i samband med handsaming av saker
vera gode på interkommunalt samarbeid*


Samnanger kommune har som ei klar målsetting om å auka folketalet. Gode og tilgjengelege kommunale tenester er ein viktig føresetnad for å få det til. På fleire område ligg det vel til rette. Kommunen si satsing innan barnehage er eit godt døme på det. Dette må marknadsførast på ein vesentleg betre måte. Internett er ein stadig viktigare arena, heimesida og kommunen si "facebook"-side må det arbeidast meir med. Her er og andre moglegheiter for å få ut informasjon, og kommunen er i ferd med å auka sin kompetanse om sosiale media.



*sikrar godt tilgjengelege tenester
vera gode på informasjon*

Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Dette området omfattar rådmannen inkl. pedagogisk konsulent og folkehelsekoordinator, eining for interne tenester med økonomi, løn, fellestenesta, IKT og div. fellesutgifter. På mange av desse tenestene har dei minste kommunane smådriftsulemper. Det er og eit område der det er vanskelegast å samanlikna kommunane i mellom då det kan vera skilnader i korleis ein har organisert seg – flat struktur, sektororganisert osv.



Den store auken i 2011 hadde fleire årsaker, nokre av dei gir permanente utgifter andre var relatert til pågåande eller avslutta prosjekt. Det er grunnen til at utgiftene i 2012 er mindre enn året før. Sjølv om størsteparten av utgiftene til innkjøp av nytt økonomi-/rekneskaps og løn- og personalsystem kom i 2011 og i stor grad er ført i investeringsrekneskaps er det også ført ein del utgifter i drifta i 2012.

Plan for **folkehelse** vart slutført i 2012 med vedtak i kommunestyret. Ein mindre kostnad er ført hjå rådmannen, men frå 2013 er ansvaret for dette arbeidet lagt til kultureininga.

Næring m.m.

Ein av satsingsdråpane til kommunen er

Arbeid/næring – nyskaping og bygdeutvikling. I fylgje delmåla i kommuneplanen skal

Samnanger kommune



*ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid
nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling
ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet
leggja til rette for bygdeutvikling*

Samnanger har ikkje eigne tilsette til å arbeida med næringsutvikling. Direkte kontakt med næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande skjer i stor grad med ordførar. Til ein viss grad også med einingsleiar for teknisk – då hovudsakleg med førespurnad om ledige tomter og med rådmann. Elles er det fleire i organisasjonen som driv med næringsretta arbeid, m.a. gjennom planlegging. Landbrukskontoret er og viktige medspelarar for næringsdrivande med tilknytning til landbruket.

Det er lite ledig næringsareal i kommunen. Kommunen har derfor starta arbeidet med å få fram nye tomter i industriområdet på Rolvsvåg. Diverre har arbeidet med reguleringsplanen teke lenger tid enn tenkt, slik at tilrettelegginga som det var sett av midlar til i budsjettet har måtte vente.

Kommunen forsøker å stø opp under dei næringsdrivande som søker kommunen om hjelp. kommunen om hjelp. Arbeidet for å leggja til rette for at ein påtenkt plastfabrikk kunne verta lokalisert i Samnanger er eit døme på dette. Gjennom medlemskap i Business Region Bergen (BRB) kan nye næringsdrivande få delta gratis eller mot ein mindre kostnad på eit eller fleire etablerarkurs. Ein føremon å ha dette saman med BRB er at det vert gitt tilbod mange gonger i året, og ikkje som tidlegare ein gong i året då tilbodet vart gitt gjennom Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU).



Samnanger kommune v. rådmannen har dei siste åra vore sekretær i BNU. Hovudjobben til BNU er å vera styret for regionalt næringsfond. I 2012 fekk regionen **642.000 kroner** i tilskot. (Fylkeskommunale midlar formidla gjennom styret i BNU). Det er strenge krav til kva verksemder/prosjekt som kan få midlar, regional verknad står sentralt. Midlane har derfor i stor grad vore nytta til interkommunale tiltak. Som sekretær for BNU møter rådmannen på regionleiar møte med Hordaland fylkeskommune.

Samnanger har ein tett dialog med fylkeskommunen og fylkesmannen på ei rekkje område og også innan næring og då særleg bygdeutvikling. Kommunen v. ordførar, kultursjef, ass. rådmann og landbrukssjefen har prioritert å delta på ein del samlingar der det m.a. har vore fokus på lokalsamfunnsutvikling og bygdeutvikling.

Bruken av det kommunale næringsfondet

Samnanger kommune får eit årleg tilskot på knapt 900.000 til næringsfondet. Pengane vert betalt inn av BKK i samband med kraftkonsesjonar. Det er egne vedtekter for fondet. Av fondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. Det kom ikkje inn søknader om tilskot frå næringsfondet i 2012.

I driftsrekneskapen er det meir avgrensa kva midlane kan nyttast til. Samnanger kommune finansierer deltaking i interkommunale organ som arbeider med næringsretta arbeid med bruk av næringsfondet. Døme på dette er årleg tilskot til BRB og til kraftsenteret. Me bruker og næringsfondet til finansiering av ein del planarbeid. Desse utgiftene er ført som oftast ført driftsutgifter. Infrastruktur av alle typar har og vorte finansiert av fondet. Dei er ofte utgiftsført i investeringsrekneskapen.

I rekneskapen for 2012 har me nytta kr **369 500** av næringsfondet i drifta. Av dei vart 72.571 kroner sett av, det same vart rente.

Funksjon		Prosjekt	Sum
3251	Næringsføremål	Utbetaling av tilskot private Norsk høgfartsbane 25.000 kroner Ine Liøen restutb 12.500 kroner	37.500
3251	Næringsføremål	Kulturbasert næring/kulturprosjekt	100.000
3251/9001	Næringsføremål	Medlemskap, marknadsføring, div.	63.029
3010	Administrasjon	Delfinansiering av teknisk sitt arbeid med næring	100.000

Det vart nytta kr 513.912 i investeringsrekneskapen til div. arbeid i bustadfelt Lønnebakken. Sjå merknad annan stad i meldinga.



Kommunen fekk aksept av fylkeskommunen til å forlenga aktiviteten i **Kraftsenteret** ut 2012. Sjukdom og skifte av personell har gjort det vanskeleg å halda den framdrifta som var føreset. I 2012 vart det kjøpt konsulenttenester hjå Norsk Energi til å arbeida fram ei skisse til mogleg vidare drift. Dette har skjedd i forståing med dei største bidragsytarane Hordaland fylkeskommune og BKK. I tillegg har Sigmund Dyrhovden vore engasjert til å arbeida med nokre av problemstillingane. Kraftsenteret er m.a. engasjert i eit tre-årig europeisk samarbeidsprosjekt om skånsam utbygging. Kraftsenteret held fram også i 2013. I løpet av året må det trekkjast konklusjonar i høve til framtidig aktivitet og finansiering.

Marknadsføring av kommunen

Ein viktig strategi for å få auka folketalet vårt er å gjera Samnanger kjend. Avstanden til Bergen er mykje kortare enn mange trur. I kommuneplan har me fylgjande hovudmål



Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjend.


I 2012 er det først og fremst gjennom forbetring av heimesidene til kommunen at det har vorte lagt ned ressursar til marknadsføring. Det er ikkje lett å koma igjennom med informasjon, og det er slett ikkje sikkert at tradisjonell marknadsføring er det som gir resultat. Omdømmebygging, gode tenester og attraktive bustader og tomter vil kanskje vera vel så viktig med tanke på å nå målet vårt.

KYRKJA

Kyrkjene i Samnanger har dei siste åra fått vesentleg auke i midlar til vedlikehald, og det er gjennomført mange gode tiltak. Fleire tiltak står igjen, og det er også noko midlar att. I 2012 er det i liten grad gitt ekstraordinære midlar, slik at ein då er attende til eit meir normalt driftsnivå. Kyrkja i Samnanger får ein større del av netto driftsutgiftene enn i andre kommunar.



	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Netto driftsutgift. funksjon 390, 393 i % av samla netto driftsutgifter	1,7	1,5	1,0
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbyggjar	-	123	153




Me har tidlegare vist til stell av kyrkjegarden og arbeid knytt til gravferdene som forklaring på kvifor me har høge utgifter til kyrkja. Det er nok fortsett riktig, men desse har ikkje auka dei siste åra, slik at dei auka overføringane har samanheng med auke i andre kostnader.

F.o.m. 2012 er det inngått avtale med kyrkja om at kommunen skal stå for arbeidet på kyrkjegarden. Utgiftene skal likevel visast på kyrkja sin funksjon. Ordninga inneber m.a. at kommunen har arbeidsgjevaransvaret for personellet på kyrkjegarden. Grunngevinga for dette er ei oppfatning om at ein ved å samla ressursane kan få nytta dei meir effektivt. Mykje har skjedd på same måten som tidlegare, men me meiner fortsett at me vil få ei meir effektiv drift med denne omorganiseringa.

PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE

Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen inkl tenester til funksjonshemma. Det har vore ein markant nedgang i pleie- omsorgstenesta sin andel av netto driftsbudsjett dei siste åra. I 2012 ligg me på nivå med KG 2.




Eininga har hatt mange utfordringar knytt til samhandlingsreforma. I den samanheng er det inngått ulike avtalar som på enkelte område er svært detaljerte. Eininga har løyst oppgåvene på ein god måte, og med få og spesielle unnatak har Samnanger teke mot utskrivingsklare pasientar anten til sjukeheimen eller til tilrettelagde tilbod i heimane.

Tal eldre definert som personar over 70 år har gått klart attende i Samnanger sidan 2005. Tal personar over 90 år har auka mykje frå 2005 med ein liten nedgang siste året. Mange av dei som har plass på sjukeheimen er over 90 år, og sjølv om nedgangen i denne gruppa er liten er det kanskje delar av forklaringa på kvifor det har vore mogleg å redusera tal sjukeheimplassar det siste halvåret. Auka etterspurnad etter tenester frå plo frå dei under 67 år er ein tendens på landsbasis. Den er ikkje særleg tydeleg i Samnanger.

Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1.

	2005	2010	2011	2012	2013	Endring 2005 - 2013
70-74 år	86	47	63	73	80	- 6
75-79 år	85	78	74	72	63	-22
80-84 år	78	65	62	60	62	-16
85-89 år	52	48	49	49	52	0
90 år og eldre	20	29	33	34	31	11
Sum over 70 år	321	267	281	288	288	-33

Samnanger har ein litt større andel av befolkninga over 80 år enn KG 2 og ein litt mindre andel for dei mellom 67 og 80 år. Me har høgare netto kostnader pr. innbyggjar enn gruppe 2 både målt pr innbyggjar over 80 år og pr. innbyggjar 67 – 79 år. Grafen viser også at for landet sett under eitt er det høge og høgare kostnader enn Samnanger målt pr. innbyggjar over 80 år.



Samnanger kommune har hatt ein relativt sett god sjukeheimsdekking. Sidan det først var på slutten av året at tal plassar vart reduserte, viser det berre i liten grad att på ressursbruken i 2012. Plo bruker vesentleg meir av driftsbudsjettet sitt til sjukeheimen enn både gruppe 2 og landet.


%-del av midlane i plo på ulike føremål

	Samnanger		KG 2		Landet	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012
sjukeheim	52	53	47	47	46	46
heimeteneste	41	43	49	49	49	48
aktivisering	6	4	4	4	5	5

Brutto driftsutgifter seier noko om produktivitet. Avgjerande for resultatet er både det nivået på tenestene som kommunen har vald, men også kva behov brukarane har. Enkelt sagt vil ein gamal befolkning føra til større behov enn ei yngre befolkning. Samnanger har som vist før noko større andel av befolkninga som er over 80 år enn gruppe 2 og vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet.

Statistikken viser at ressursbruken vårt fordelt pr. brukar ligg over gjennomsnittet. Dette kan dels forklarast me at me har mange sjukeheims plassar som er den klart dyraste driftsforma. Men også dels ved at me har heimebuande som får omfattande tilbud. Her kjem både ressurskrevjande eldre

brukarar og funksjonshemma inn. Som me vil sjå seinare er det helst drifta av sjukeheimen som gjer at me har større utgifter enn dei andre.



Brukar- og pårørandeundersøkingar visar at brukarane jamt over er nøgd med tenestene våre, men at pårørande ikkje er fullt så nøgd. Me får få konkrete klager, og dei me har fått har me forsøkt å ta omsyn til. Det har vore eit ønske både frå eininga sjølv og frå pårørande at tilsynslegen er meir tilgjengeleg. Ressursen her vart auka opp, og statistikken viser no at me ligg høgare enn både landsgjennomsnittet og gruppe 2. Me meiner sjølv at me burde har vore enda meir aktive med rehabilitering/aktivisering, men ser dette som vanskeleg m.a. pga. lokalitetar. Statistikken over fysioterapitimar viser likevel at me ikkje ligg tilbake for dei andre.

Pleie og omsorg - kvalitet	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Legetimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,49	0,36	0,50	0,43
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,35	0,29	0,35	0,29

Sjukeheim

Lovverket tilseier at alle som ynskjer det skal få einerom. Berre ca halvparten av plassane på sjukeheimen stettar dette kravet, og standarden på sjukeheimen er då også grunnen til at me skal erstatta ca halvparten av plassane med eit nybygg. Samnanger har betre dekking (målt i høve til den aktuelle brukargruppa 80 år +) enn dei andre kommunane, noko som og var grunnen til at tal plassar ikkje vert utvida med nybygget.


Demensproblematikken er omfattande og aukande. Eininga har eit omfattande arbeid for å bruka plassane på ein så god måte som mogleg. Det kan av og til medføra flytting av rom, noko som mange pårørande har vore kritiske til. Som tabellen viser ligg me med dei 6 øyremerkja plassane på landsgjennomsnittet.

Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	21	18,8	18,7
Andel av innb. over 67 år på institusjon	5,8	7	5,9
Andel av innb. over 80 på institusjon	14,7	15,8	14,1
Andel av plassar til korttid	13,3	12,7	14,8
Andel plassar i skjerma plassar demens	22,2	25,0	22,7

Vel 80 % av dei som bur på Samnangerheimen er over 80 år. I Samnanger bur det pr. d.d. ingen personar under 67 år fast, men det skjer at nokre har vore innom på korttidsplass. Med samhandlingsreforma er det truleg at etterspurnaden etter korttidsplassar frå personar under 67 år vil auka.


Samnanger har om lag dei same brutto driftsutgifter pr sjukeheimplass som landsgjennomsnittet – **kr 985.815**, KG 2 ligg 60.000 kroner lågare pr plass og landsgjennomsnittet er ca 30.000 kroner lågare. Kostnaden vår til tilsynslegen og fysioterapeuten er ført på helsebudsjettet og ikkje på sjukeheimen. Her er det varierende praksis. Statistikken elles viser at me har høgare kostnad i direkte pleie enn dei andre. Det er eit gjennomgåande trekk i Samnanger at ressursane i størst mogleg grad går til direkte brukarretta tenester. Brukarbetalinga i høve til korrigerte brutto driftsutgifter er lågare i Samnanger (12,1%) samanlikna med landsgjennomsnittet (14,6%).

Heimetenestene



Heimetenestene omfattar både tilbod til eldre – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen – men også tenester til dei funksjonshemma som vert gitt i bufellesskapa.

Det er relativ sett færre eldre i Samnanger som mottok heimetenester. Dette kan dels forklarast med god sjukeheimsdekking. For dei yngre ligg me også lågare enn dei andre kommunane.




I 2012 får ein brukar av heimetenestene i Samnanger i gjennomsnitt 11,6 t/pr. veke i heimesjukepleie og praktisk bistand. Dette er vesentleg meir enn dei andre sjølv om me har like stor andel av brukarane som er oppgitt å ha omfattande behov for hjelp. Kostnad pr. brukar var på topp i 2010 då me brukte vesentleg meir enn andre kommunar. I høve til 2011 har kostnaden gått noko opp i 2012, og me ligg høgare enn både KG 2 og landet.

Sjølv om det ikkje har så stor betydning for kostnaden, så skal det og nemnast at eigenbetalinga dekkjer ein langt mindre del av kostnaden i Samnanger (0,9% av korrigerte brutto driftsutgifter) enn for landsgjennomsnittet og KG 2 (1,4%).

Tenester til funksjonshemma

Samnanger har dei siste åra motteke tilskot til ressurskrevjande brukarar på vel 1,5 mill. kroner. Samla netto kostnad for kommunen til dette tenestene er då ca 8.8 mill kroner. I grafen som viser lønskostnader er sjukerefusjon og liknande rekna frå men ikkje statstilskotet.



Me kjøper alle tenestene til avlasting. Det skjer både hjå andre kommunar (Kvam) og hjå private avlastningsheimar og institusjonar/verksemder. Etterspurnaden etter avlasting både i helgane og i veka er fortsett stor, men det er ein liten reduksjon i kostnadene i 2012 samanlikna med 2011.

Me gir no tilbod om heildøgns tilsyn til 7 personar fordelt med to i bufellesskapet på Haga og fem på Skottebakken.

Aktivisering av eldre

Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Fleire friviljuge medarbeidarar arbeider saman med fast tilsett personale. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilbodet vert gitt på daglegstova. Mange eldre bur åleine, og med dagtilbodet får dei moglegheit til å koma saman med andre.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre. Tabellen under presenterer tal både for dagsenter eldre og for dagtilbod funksjonshemma. For 2012 har utgiftene våre gått ned. Dette har delvis samanheng med at me har meir inntekter frå inntent sal enn året før, medan utgiftene som er ført her er like store.

Netto driftsutgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma pr. innbyggjar over 18 år

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
2011	1.626	868	973
2012	1.080	929	1.025

SOSIAL OG HELSE


Innan denne eininga kjem det ofte uføresette hendingar som har økonomiske konsekvensar, noko som kan gjera det vanskeleg å budsjettera rett. I 2012 har me av ulike grunnar fått lågare netto driftsutgifter både på økonomisk sosialhjelp og på barnevern enn budsjettert. Innan helse er det mindre avvik.


Sosialtenesta

Ei målsetting med felles kontor for statlege og kommunale ytingar- NAV-kontor - var at brukarane skulle få ein organisasjon å forhalda seg til, og personalet her skulle vera i stand til å sjå kva yting som ville gjera den einskilde best i stand til å ta vare på seg sjølv. Sjølv om me i Samnanger har to-delt leiging ved NAV-kontoret, arbeider personalet godt saman. Ein av dei tilsette har både staten og kommunen som arbeidsgjevar.

Det er vanleg at det er i dei største kommunane me finn flest personar som treng offentleg stønad til livsopphald. I Samnanger kommune har me over fleire år hatt høgare utgifter enn KG 2. Me har i periodar lagt på eller over landsgjennomsnittet. Gjennom styrking av tenestene og godt samarbeid internt på NAV har kommunen sin ressursbruk til sosiale tenester flata ut. Ser me nærare på tala finn me at ytingane til økonomisk sosialhjelp har blitt kraftig redusert, medan me ligg på same nivå når det gjeld utgifter til råd og rettleiing og førebyggjande tiltak.

Netto driftsutgifter til sosialtenesta i kr pr innb. 20-66 år





Statistikken viser at me har lågare andel av befolkninga som mottek hjelp enn dei me samanliknar oss med, noko som tilseier at dei som mottek hjelp får større ytingar i Samnanger enn elles. Me har og lagt lågare i ytingar pr. mnd enn dei andre. I Samnanger var den kr 4.941 pr mnd. (ikkje slik statistikk for 2012 for dei andre). Det tilseier at me fortsett har fleire som mottek stønad over lengre tid.

Det er lagt ned mykje godt arbeid for å nå målet om å finna fram til rette type tiltak, det vera seg andre trygdeordningar eller arbeidsmarknadstiltak for denne gruppa. Me har lukkast både i å redusera tal personar som mottek sosialhjelp og redusert tal personar som går lenge på denne type stønad. Til tross for det har gjennomsnittleg stønadslengd gått opp frå 4 til 4,7 mnd. Det betyr at nokre personar går svært lenge på ein type stønad som er meint å vera kortvarig. Her har me fortsett eit stykke arbeid å gjera. I 2009 var gjennomsnittleg stønadslengd heile 5,3 mnd.


Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	50	47	45	57	52	64	58	49
Meir enn 6 mnd.	17	16	16	18	20	27	18	14

Barnevern

Samnanger brukte i 2012 mindre midlar på barnevern enn året før når me ser på netto driftsutgifter. Delar av den store oppgangen i 2011 og nedgangen i 2012 kan forklarast med eit etterslep på statleg refusjon.

Gjennom statlege midlar har kontoret fått tilført 75% stilling. Samnanger har no 4,5




stillingar med fagutdanning pr. 1.000 barn i alderen 0 – 17 år mot landsgjennomsnittet på 3,4 og snittet i KG 2 på 3,5. Dette har gjort at barnevernet vårt har kunne hatt større fokus på førebyggjande tiltak. I 2012 har me brukt vesentleg meir enn tidlegare på barn i opphavleg familie og det doble av landsgjennomsnittet.

Oversikt over brutto driftsutgifter i kr pr. barn i barnevernet

	Samnanger 2011	Samnanger 2012	KG 2 2012	Landet 2012
Pr barn med tiltak	51.000	41.711	52.000	42.070
Pr barn i opphavleg familie	28.368	63.154	28.066*	31.507
Pr barn utanfor opphavleg familie	283.857	257.000	296.898*	321.827

*gjeld 2011


I mindre kommunar er barnevern eit område der det er store svingingar i saker frå eit år til neste. Grafen under viser Samnanger etter 2009 ligg om lag på landsgjennomsnittet når me ser på andel barn med undersøking eller tiltak målt pr innbyggjarar 0 – 17 år. Statistikken viser og at det i 2012 vart relativt sett gjennomført fleire undersøkingar enn for landet, medan me ligg under landsgjennomsnittet for andel born med tiltak. 42,1 % av undersøkingane til barnevernet i Samnanger førte til tiltak. For landsgjennomsnittet er talet 47,2%.



Helsetenester

Samnanger brukte i 2012 5,4 % av netto driftsutgifter til helse. Det er om lag det same som gruppe 2 (5,3%). Landsgjennomsnittet var på 4,2%. Det tilseier at Samnanger bruker 1.150,- kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet.


Det er innan diagnose, behandling og rehabilitering Samnanger bruker mykje meir enn dei andre. I denne ligg også kostnad til beredskap – legevakt og førstehjepsbil. I 2012 er det utgiftsført kr 543.000 til førstehjepsbilen, noko mindre enn dei to føregåande åra.



I 2012 vart det for første gong innført betalingsordningar mellom helseføretak og kommunane som del av samhandlingsreforma i helsevesenet. Kommunane fekk auka statleg overføring basert på statistikk for delar av året før. Overføringa var delt i to; den eine delen skulle kommunane bruka til delfinansiering av sjukehusopphald inkl. operasjonar. Den andre delen var meint å dekkja betaling for opphald på sjukehuset for pasientar som var utskrivingsklare. Til det siste mottok Samnanger kr 200.000 kroner og det er brukt kr 128.000 . Til å dekkja kommunen sin del av behandlinga på sjukehus fekk Samnanger overført 2.253.000 kroner, og me betalte kr 2.145.627.

Førebyggjande arbeid er sentralt i samhandlingsreforma, og kommunane har etterlyst midlar til dette. Ut frå rekneskapan for 2012 kan me seia at me fekk tilført ca 80.000 til førebyggjande arbeid. Det seier seg sjølv at det er alt for lite dersom kommunen skal klara å oppfylgja sin del av reforma.

Folkehelsearbeidet er så mykje meir enn det som skjer innan helsesektoren. Men ser me spesifikt på det førebyggjande arbeid innan helseområdet, er dette i hovudsak knytt opp til arbeidet på helsestasjon og i skulehelsetenesta. I tillegg til det arbeidet legane gjer i samband med konsultasjonar ved m.a. at det vert gitt råd og rettleiing i høve til kost, trening m.m.



Statistikken på dette området er ikkje særleg god, men dei tala som føreligg viser at me bruker mindre årsverk enn gruppe 2, men ein god del meir enn landsgjennomsnittet. Vurderer me dette ut frå utførte tenester, er det ein del variasjonar der me har dårleg resultat for kor stor del av ungene som har fullført helseundersøkingar ved 2- 3års alder. Men resultatet er svært bra når me ser på det same ved utgangen av 1. klasse.

	Samnanger	KG 2	Landet
Legeårsverk pr 10.000 innb	11,1	12,1	9,9
Fysioterapiårsverk pr. 10000 innb	8,2	9,3	8,5
Årsverk førebyggjande, helsestasjon, skulehelsetenesta pr 10.000 innb 0- 5 år	13,4	15,1	10,7
Andel nyfødte med heimebesøk innan 2 veke etter heimkomst	94	93	96
Andel spedbarn med fullført helseundersøking innan utg av 8. leveveke	94	101	96
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3års alder	82	97	90
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	97	95	91
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1 klasse	106	97	90

TEKNISKE TENESTER

Teknisk eining er ikkje eit omgrep i offentleg statistikk. Informasjonen er delt opp på mange ulike funksjonar, og det ligg derfor ikkje føre tal som gjer at me kan sjå på heile eininga under eitt i samanlikninga med andre.



Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling og naturforvaltning

Etter fleire år med vakansar i sentrale posisjonar har me no hatt stabilitet som gjer at ein i mykje større grad får tatt unna sakene. Auka saksmengd og/eller meir kompleksiteten i sakene med m.a. auka krav til dokumentasjon og oppfølging gir utfordringar m.a. for å halda lovpålagte fristar.

Det er eit område der det nok er ulik i praksis mellom kommunane korleis utgifter vert førte, og det er dermed ikkje lett å samanlikna informasjon. For vår eigen har det og vore variasjonar på korleis me har plassert kostnaden mellom dei ulike funksjonane frå eit år til eit anna. Til tross for desse manglane vil me presentera ein del av den statistikken som ligg føre.

I 2012 brukte me om lag dobbelt så mykje til dette området målt pr. innbyggjar enn både landsgjennomsnittet og KG 2. Mange av desse tenestene er retta mot andre enn innbyggjarane, og i statistikken er det lagt inn ein variabel som er kalla ”årsinnbyggjar”. I denne er dette teke omsyn til at eigarar av fritidsbustader også er brukarar av desse tenestene. Elles er det med unnatak av for plansaker meir rett å måla utgiftene i høve til tal saker og ikkje i høve til innbyggjar. T.d. vil høg byggjeaktivitet gi større utgifter her utan at det treng vera direkte relatert til innbyggjartal.


	Samnanger	KG 2	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter til			
Plansakshandsaming pr. årsinnb	454	148	186
Byggje- og delingssaker pr. årsinnb	186	159	190
Kart og oppmåling pr. årsinnb.	242	225	165

Samnanger over dei andre kommunane i sakshandsamingstid. Det er eit mål for oss å ha **god og rask sakshandsaming**, og me ser at her har me forbettringspotensiale. Det er likevel viktig å ha forsvarleg sakshandsaming, og med stort sett ein sakshandsamar på dei ulike saksområda er me sråbare t.d. ved sjukdom eller skifte av personell.

	Samnanger	KG 2	Landet
Gjennomsnittleg sakshandsaming i dagar			
byggjesaker med 12 vekers frist	45	40	42
byggjesaker med 3 vekers frist	25	20	20
oppmålingsforretning	95	68	66
Tal saker målt pr 10.000 årsinnb			
Tal meldingar om tiltak	98	57	1643
Tal søknader om tiltak	239	166	6513
Tal utstedte målebrev pr. 1000 eigedomar	10	15	11

Me har hatt fokus på inntening, og gjennom revisjon av gebyrregulativ har me fått auka opp inntektene våre. I 2012 vart det føreteke ein grundig gjennomgang av regulativet som gjeld desse tenenesten for å sjå om det ”nye” regulativet var rett i høve til kostnadsbilete. Det vart føreteke ein del mindre endringar, men dei vart først gjort gjeldande frå 1.1.2013.

Til tross for at mange meinte at auken i gebyra våre kanskje var i overkant av det dei burde vera, ser me at Samnanger fortsett ligg lågt i høve til landet, men på linje med KG 2.



Samferdsel


Utfordringane er mange innan dette området, og me føler heile tida at me burde brukt vesentleg meir midlar her. Statistikken viser at Samnanger prioriterer dette området høgare enn dei andre.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Netto driftsutgifter samferdsle i % av samla netto driftsutgifter	3,1	2,2	1,5
Netto driftsutgifter i kr pr km veg	182 364	71 258	95 623

Dei siste åra har kommunen brukt meir midlar på dette området enn dei andre kommunane. Dei to førre året gjekk det ein god del pengar til naudsynt og pålagt opprusting av bruer.

Som fylgje av at kommunestyret prioriterte vegvedlikehald av ekstraordinære midlar – kompensasjon utbygging Sima – Samnanger – vart det på slutten av året utført mykje godt arbeid på vegane våre. Dette er vel først og fremst grunnen til at me ligg så langt over dei andre i ressursbruk i 2012.

I Samnanger har me noko fleire km. veg pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet men langt færre enn gruppe 2.



Veglys har vore eit mykje debattert tema i Samnanger. Dette gjeld både standard, at kommunen må ta kostnad på dei ”gamle” fylkesvegane og på ein del private vegar. Samanlikna med andre har kommunen lågare utgifter til dette området enn andre.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Kostnad i kr til veglys. pr. km komm. veg	6 222	11 310	17 301
Kostnad i kr til veglys. pr. lyspunkt langs fylkes-/riksveg som kommunen betaler for	410	602	686

Vatn og avlaup

Utgiftene på desse to tenestene skal i utgangspunktet dekkjast av abonnentane. I 2012 har me ein finansiell dekkingsgrad på vatn på 111 % og for avlaup på 99%. Landsgjennomsnittet ligg på 103% for begge tenestene. Til tross for at inntektene våre på vatn er ein god del høgare enn utgiftene, meiner me at det ikkje er aktuelt i 2012 å setja av midlar på fond evt. betala attende til forbrukarane i år. Dette grunnjev me med at det over fleire år har vore underdekking på vassområdet.

Vassavgifta i Samnanger er blant dei høgste i landet. Me ligg på det doble av landsgjennomsnittet. Grunnen til dette finn me i høge kapitalutgifter. Av gebyret går 43,4% til å dekkja driftsutgifter, for landet utgjør dei 70%. Det er eit ønskje om å klara å halda denne avgifta uendra, men det er stadig nye krav som gjer at det kjem utgifter til. Kommunen har planar for nye investeringar, men det er å håpa at det i tillegg til at dei nye abonnentane dekkjer dei nye utgiftene også kan vera med å dela på det som alt er investert.

	Samnanger	KG 2	Landet
Vatn årsgebyr	6598	3880	3102
Andel driftskostnad	43,4	67,5	70
Avløp årsgebyr	2246	3616	3424
Andel driftskostnad	76,5	70,5	71,1

For avløp har me kostnader som er langt lågare enn dei andre kommunane. Utfordringane står i kø, ikkje minst på Indre- Tysse og elles ved at det er mykje gamle leidningar som treng skiftast.

Renovasjon.

Det er det interkommunale selskapet BIR som står for renovasjonsordninga i Samnanger. Gebyret har lagt så godt som fast dei siste åra, sjølv om det skjer nye aktivitetar. Statistikken som ligg føre tilseier at dagens ordning er god for innbyggjarane i Samnanger. Gebyret i 2012 var på kr 1.964, KG 2 har ein sats på kr 2.188 og landsgjennomsnittet er på kr 2.377.

Brann- og ulukkesvern

Til dette området høyrer feiing, tilsyn og brannvern. Samnanger kommune bruker etter måten mykje midlar på dette området. Dette skuldast hovudsakleg høge utgifter til beredskap.

Det er innført behovsprøvd **feiing og tilsyn**. Det tilseier at pipene som hovudregel skal feiast anna kvart år og det skal utførast tilsyn kvart 4.de år. Gebyret er rekna ut frå dette. For å forenkla

systemet vert det kravd inn same gebyret kvart år, dvs. samla forventa kostnad for 4 år vert lagt til grunn for fastsetting av det årlege gebyret. Gebyret i Samnanger var i 2012 på kr 407, dvs. på same nivå som gruppe 2 og landsgjennomsnittet. Til tross for at denne tenesta er eit sjølvkostområde, har kommunen ikkje nytta dette fullt ut, men det har vore eit mål å få det til. Ved budsjettoppstilling var det budsjettert med full inndecking, men resultatet vart eit meirforbruk på knapt 200.000 kroner. Sjukdom er del av forklaringa på dette avviket. Det er også eit langt dårlegare resultat enn i 2011.


Netto driftsutgifter til feing og tilsyn (funksjon 338) i kr pr. innbyggjar

	2008	2009	2010	2011	2012
Samnanger	32	38	99	12	128
Kostragruppe 02	32	25	29	30	37
Landssnitt	38	38	43	44	46

Samnanger har høge utgifter til brannvern samanlikna med andre, og det ser berre ut til å auka. Det er ei utfordring å få redusert desse kostnadene. Frå brannsjefen si side vert det vist til regelverket og det kjem stadig spørsmål om auka ressursar til denne funksjonen. Sett i lys av ressursbruken andre stader må det vera grunn til å spørja seg om me har for dyr ordning.

Interkommunalt samarbeid er i første omgang interessant med tanke på å sikra tilstrekkeleg kompetanse. Dei største kostnadene er knytt til vakt, og dette kan ikkje samordnast med andre.


Netto driftsutgifter i kr til brannvern pr. innbyggjar



Eigedomsforvaltning

Samnanger bruker ein mindre del av netto budsjettet til eigedomsforvaltning. 7,7 % mot landsgjennomsnittet på 8,5%. Målt i kroner pr innbyggjar ligg me i 2012 godt over dei andre. I tillegg har me og investert langt meir enn snittet av andre kommunar i eigedom.

Netto driftsutgifter i kr pr innbyggjar til eigedomsdrift



Me har brutto investeringsutgifter pr. innbyggjar på vel 13.000 kroner og snittet for dei andre ligg på ca 3.500 kroner.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet*
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. m2			
kommunale eigedomar	906	787	911
administrasjonslokale	406	677	751
skulelokale	1171	915	921
førskulelokale	827	1246	1286
institusjonslokale	655	575	692

*for landet finst det pr. skrivandes stund ikkje data for 2012 og derfor er 2011 nytta.


Samnanger har i klima- og energiplan sett seg som mål



å vera føregangskommune på energi

Ein del av vedlikehaldsarbeidet er retta inn mot dette – skifting av utette vindauge t.d., men me ser det mest tydeleg i investeringsprosjekta. Samnanger barneskule vert bygd etter standard for passiv hus, og sjølv om det både er utfordrande å byggja og drifta er dette viktige tiltak for å nå kommunen sitt mål.

Ved nybygging har det vore fokus på å finna miljømessige gode løysingar. Barneskulen og helsetunet er bygd ut frå slike prinsipp. I tabellen under er t.d. dei to skulane slått saman, og som me veit er ungdomsskulen sjølv med nye vindauge ikkje det mest energieffektive bygget. Svømmebassenget er sjølvsagt med å trekkje energibruken opp her. Prisar på krafta har og sjølvsagt stor betydning for korleis ein kjem ut i desse samanlikningane. Så langt me veit har me hatt relativt gode prisar på straumen.




	Samnanger	Gruppe 2	Landet*
Samla areal i m2 mål etter			
skulelokale pr.elev	26,6	11,7	17,5
institusjonsbygg pr. innb over 80 år	18,3	30,4	23,6
Administrasjonsbygg pr. innbyggjar	0,7	0,8	0,5
Enerigkostnader pr m2			
administrasjonslokale	99	100	110
førskulelokale	66	129	138
Skulelokale	128	119	117
institusjonsbygg	147	117	125
idrettsbygg	45	76	132

*For landet er tala for 2011

Landbruk

Samnanger har hatt felles landbrukskontor med Os og Fusa i fleire år. I 2012 vart dette samarbeidet utvida til også å inkludera Tysnes kommune. Samnanger kommune hadde i 2012 376.000 kroner mot 443.000 kroner i 2011 i netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbrukbasert næringsutvikling.

Grafen viser noko variasjonar frå år til år i jordbruksarealet, men dette er nok meir måten det vert rapportert inn på meir enn reelle endringar. Det er svært gledeleg at tal landbrukseigedomar held seg opp. Det er sidan 2009 vore registrert 242 landbrukseigedomar i Samnanger. I 2012 er det registrert ein ny jordbrukseigedom frå året før. Her er det og meir snakk om måten det vert registrert på.



Produktivt skogareal i Samnanger er oppgitt til rundt 35.000 dekar.




Nøkkeltal for Barnehagar

Ansvarsområde

Barnehagane har ansvar for drift av pedagogisk tilbod til barn i førskulealder, i tråd med lov for barnehagar med forskrifta Rammeplan for barnehagar. Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Samnanger kommune har to kommunale barnehagar og gjev driftstilskot til ein privat barnehage.

Prognose barn i førskulealder (1-5 år)




Tala i prognosen er uttrekk frå SSB sin tal for befolkningsvekst frå 2013 fram til 2040. Her er lagt inn høg vekst. I 2012 var det 146 barn i alderen 1-5 år i Samnanger. Ser vi tilbake på tidlegare prognosar er det no færre barn i denne aldersgruppa enn det som prognosane gav for ein låg framskrivingsvekst. Med den nye barnehagen, Vassloppa, har kommunen kapasitet til å gje om lag 200 barn i førskulealder eit barnehagetilbod.

Brukarar

Årsmelding pr 15.12.12	Dråpslottet bhg	Vassloppa bhg	Ådland gardsbhg	Totalt
Tal plassar <3 år	16	17	4	37
Tal plassar >3 år	44	22	26	92
Tal plassar totalt	60	39	30	129
Godkjent leikeareal m ²	405 m ²	800 m ²	174 m ²	1379 m ²
Unyttta areal m ²	150 m ²	626 m ²	61 m ²	837 m ²
Ledige plassar	10	40-60	0	70

Vassloppa barnehage kan auke opp med 40 plassar ved barnehageopptaket i år. Både Dråpeslottet og særskilt Vassloppa har areal til ytterlegare auke om nødvendig. Talet på pedagogar må då aukast tilsvarande.

Andel barn med barnehageplass



Barnehagane har gjeve tilbod til dei barn som har søkt om plass. Om lag 5 barn nyttar tilbod i andre kommunar.

Årsverk


Årsmelding pr 15.12.12	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
Styrrar	2,6	0,2	2,8
Pedagogisk leiar	10,0	1,8	11,8
Assistentar	14,0	3,2	17,2
Adm/merkantilt	0	0	0
Assistent styrka	4,4	0	4,4
Anna personale	1,42	0	1,42
Sum	32,42	0,25	32,67
Adel pedagog u. godkjent utd.	0	0	0

I tillegg til årsverka ovanfor utøver ein 50% pedagog styrka tiltak i alle barnehagane.

Kommunale barnehagane i Samnanger har 4,7 barn pr årsverk, medan andre kommunale barnehagar har om lag 6,2 barn pr årsverk. I den private barnehagen er det 7,2 barn pr. årsverk,


medan andre private barnehagar har om lag 6,5 barn pr. årsverk. Ny barnehagelov er på trappene, og kommunane kan rekne med at norma for talet pedagogar i barnehagane vil verta auka.

Nøkkeltal




Både i 2011 og 2012 har Samnanger hatt ein relativ høg prioritering av barnehagesektoren (14,20%). Samnanger brukte kr. 139.466 på barnehage pr innbyggjar i alderen 1-5 år, medan kommunegruppe 2 (KG2) var lågast med kr. 112.274.

I fordelinga av utgiftene viser Samnanger si satsing med å bygge ut barnehagane. 11,1 % er utgifter til lokale.




I dei kommunale barnehagane er det 4,7 barn pr. årsverk, medan privat barnehage i kommunen har 7,20 barn pr årsverk. Kommunen har kr. 65 i utgift pr. opphaldstime i kommunale barnehagar og gjev kr. 42 pr opphaldstime i tilskot til private barnehagar.



Styrka tilbod

9,30% av førskulebarna har styrka tiltak i barnehagen. Det er knytt relativ høge ressursar til kvart einskild barn.



Utviklingsmål og strategi for barnehagane i Samnanger



Lokal målsetting

Det er politisk vedteke at dei kommunale barnehagane i Samnanger kommune sitt lokale hovudmål er; *Saman om ein god start.*

Delmål – Utviklings- og læringsmiljø 2013-2015

- Barna og dei vaksne i barnehagen skal arbeida for å skapa ein god kvardag for alle involverte
- Strategi; Barnehagane følgjer eigen plan for sosial kompetanse. Barnehagane skal ha fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Jf Strategi for oppvekst og læringsmiljø – SOL i Samnanger (2012).
- Tilsyn frå kommunenivå på fokusområde i barnehagane sine prioriterte satsingsområde. Tilsyn i barnehagane vha Midthordland kompetanseregion, jf Kommunal plan for tilsyn med barnehagar i Samnanger kommune (2012).



Kommunale barnehagar har følgjande fokusområde i 2012-2015

1. Kommunikasjon, språk og tekst

Mål: Satse spesielt på å gje barn tidleg kjennskap og positiv erfaring med tekst, bøker og skriveverktøy

Resultatmål som er gjennomført: Tidleg innsats for å utvikla språk, tekst og kommunikasjon gjennom LESELØFTET, Språkleiken Bravo, Snakkepakken og samarbeid med bibliotek /utlån av bøker i barnehagen.

2. Kropp helse og rørsle.

Mål: Alle barn skal få varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse.

Resultatmål som er gjennomført: Sunt og variert kosthald og presentasjon av ulike smaksopplevingar, variert fysisk aktivitet i barnehagen og nærområdet. Utvikla språket gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik, samt språkleiken bravo.

3. Digitale verkty i barnehagen

Mål: Alle barn skal få erfaring med digitalt verkty.

Resultatmål som er gjennomført: Nytt digitalt verkty til å kommunisera og informera foreldre. Bruke digitale verkty i utviklinga av barna sitt språk, tekst, kommunikasjon og bilde. Personalet brukar digitale verktøy.

4. Sosial kompetanse

Mål: Fokus på barnehagen sitt verdigrunnlag. Alle skal oppleve vennskap og verta inkludert

Resultatmål som er gjennomført: Sosial kompetanse vert vist igjen i vennskap, leik og glede.

Statlege styringssignal

Regjeringa har 3 mål for kvalitet i barnehagane:

- Sikre likeverdig handsaming og høg kvalitet i alle barnehagar - *GLØD*
- Styrke barnehagen som læringsarena
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Regjeringa kjem med ei ny stortingsmelding - *Framtidens barnehage*.

Gjennom stortingsmeldinga vil regjeringa gje ei tydeleg retning for barnehagepolitikken for framtida, både for kvalitet og innhald, tilsette sin kompetanse og styring av sektoren.

Hovudutfordring i barnehagane

Den største utfordringa på kommunenivået er å ha nok ressursar til oppfølging av tilsynsplanen og forvaltninga av likeverdig handsaming av barnehagane. Den store satsinga på barnehagesektoren har påført kommunen langt fleire forvaltningsoppgåver enn tidlegare utan at det er tilført ressursar i administrasjonen til å følgje opp dette.

I Samnanger har vi pedagogar tilsett i alle stillingar. Ved ein auke i pedagognorma kan dette endre seg og me kan få eit rekrutteringsproblem. Det er signal om å auke grunnbemanninga med ein vaksen per tre barn for småbarnsplassar og ein vaksen per seks barn for storbarnsplassar. Det skal på sikt verte to barnehageopptak i året.

Ei anna utfordring er å få fortgang i bustadbygging og tilflytting til kommunen , slik at alle dei flotte barnehagane våre kan verte fylt opp.

Fellesutgifter barnehagane

Til forvaltninga av barnehagesektoren er det utgifter som ikkje høyrer under den einskilde barnehage. Dette gjeld:

- Kommunalt driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot til barnehagar i andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger
- Barnehageadministrasjon, PPT og kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar
- Styrka tiltak i barnehagesektoren
- Tilsyn

Suksess kriteria	Måle indikator	Måle metode	Ambisjon	Tiltak 2012	Forbruk Kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	Tilskot priv. bhg	3 067 687	102,3%
		Avvik %	0 kr avvik	Tilskot barn i priv bhg i andre kommunar	371 044	123,7%
		Avvik %	0 kr avvik	Styrka tiltak bhg	63 081	-50,7%
		Avvik %	0 kr avvik	Bhg administrasjon	262 749	100,3%


Nøkkeltal for Grunnskule

Ansvarsområde

Skulen skal tilby elevane eit optimalt opplæringstilbod, der kvar ein skild får hjelp til å nytta sine ressursar og sitt utviklingspotensiale både fagleg og sosialt. Undervisning, rettleiing og vurdering skal verte gjennomført i tråd med opplæringslova, statlege planar og kommunale føringar.

Prognose elevtalsutvikling

Prognosetala er henta frå SSB for høg framskrivning. Grunnskulane i Samnanger har kapasitet til to parallellar med om lag 40 elevar på kvart årstrinn.



Gruppestorleik

Samnanger nyttar mange assistentar på skulane, og me ligg høgast i landet med 32,7 elevar pr. assistent. Snittet for Hordaland er 77,2 elevar pr assistent. Det er no fokus på bruken av desse.

Kjelde: Skoleporten	S-2010	S-2011	S-2012	H-2012	L-2012
Tal elevar pr årsverk til undervisning	10,7	11,3	10,5	12,5	12,3
Tal elevar pr assistent i undervisning	32,7	25	29,5	77,2	75,9
Undervisningstimar totalt pr elev	66	62	67	57	58
Lærartettleik 1-7 trinn	12,1	13,2	12,6	13,4	13,1
Lærartettleik 8-10 trinn	11,7	11,6	10,2	13,4	13,1
Lærartettleik i ordinær undervisning	18,0	17,4	16,1	17,1	17,0


Årsverk Tala er frå GSI pr. 01.10.12

Årsverk	Samnanger bsk	Samnanger ungsk	Totalt
Rektor	0,80	0,66	1,46
Inspektør og avdelingsleiar	0,80	0,34	1,14
Leiar for SFO	0,35		0,35
Sekretær/merkantilt	0,70	0,50	1,20
Sum skuleleing	2,65	1,50	4,15
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	15,42	10,34	
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0	1,12	1,12
Øvrige undervisningsårsverk	1,57	0,96	2,53
Sum Pedagogisk personale	16,99	12,42	29,41
Assistentar skule	7,70	1,23	8,93
Assistentar SFO	2,42	0	2,42
Reinhald	1,71	1,73	3,44
Sum årsverk i alt	31,47	16,88	48,35
Tal tilsette	47	25	72


I 2012 var det pedagogar i skulen som manglar fag for å få godkjent utdanning. 35% av pedagogane er under 40 år og berre rundt 40% har heil stilling.

Pedagogar	>60 år	50-60 år	<40 år
Samnanger	14%	46,5	34,9
Hordaland	12%	34,9	44,2

Nettoutgiftene til grunnskule er redusert med litt over 11% frå 2006. I 2012 utgjer dei 24,6% av totalbudsjettet til kommunen.




Kvar elev kostar kr. 94.028. Denne vil variere ut frå talet elevar og klassestorleik. Ved nedgang i elevtalet utan reduksjon i klassetalet auka kostnader pr. elev.




Spesialundervisning

På nasjonalt nivå har andelen elevar i grunnskulen som har spesialundervisning med vedtak i tråd med Opplæringslova § 5.1 auka. I Samnanger vert 20,7% av timane til undervisning nytta til spesialundervisning. Totalt har 14,6% av elevane i Samnanger vedtak for spesialtilpassa tilbod.



I tabellen andel elevar fordelt på ulike trinn med spesialundervisning etter einskildvedtak kan dei ulike trinn i stolpediagrammet ikkje verte summert. Den viser at ungdomssteget har størst andel spesialpedagogisk opplæring. I 2012 var det 42 elevar i Samnanger som hadde enkeltvedtak, og det er tildelt 4008 årstimar i grunnskulen.

Det er eit samarbeid med PPT med ressursgrupper for å få system for meir tilpassa opplæring.



Utviklingsmål for skulen

Lokal målsetting

Det er politisk vedteke at skulane i Samnanger kommune sitt lokale hovudmål er;


Ein god stad å vera, ein god stad å læra.



Delmål – Utviklings- og læringsmiljø

- Elevane skal ha eit læringsmiljø med høg grad av elev- medverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.
- Resultatmål/gjennomført strategi; Skulane følgjer eigen plan for sosial kompetanse. Elevane får positiv støtte og rettleiing i sin skulevardag. Skulane har fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Jf Strategi for oppvekst og læringsmiljø – SOL i Samnanger (2012)


Nedanfor viser resultat frå læringsmiljøundersøkinga til elevane. Ambisjonsnivået har vore å ligge likt med Hordaland (H). Særskilt det fysiske skulemiljøet på begge skulane våre er langt betre enn i Hordaland. Elevane er og meir fornøgd med den faglege rettleiinga, medbestemming, karriererettleiinga og ungdomsskule synes skulen er motiverande. Mindre fornøgd er barneskulen om elevdemokrati og ungdomsskulen ønskjer meir fagleg utfordring.



Delmål – Læringsutbyte

- Elevane skal ha eit godt læringsutbyte ut frå gitte rammer. Undervisninga skal vera spanande og engasjerande for både elevar og lærarar.
- Resultatmål/gjennomført strategi; Gi tilpassa opplæring for barn og unge på alle trinn. Ungdomstrinnet har innført valfag innanfor 8 vedtekne læreplanar frå hausten 2012. Innføringstakt frå 2012-14 for hhv 8. til 10.trinn. Skulane nyttar mange læringsstrategiar, for å møte elevane som lærer på ulike måtar. Skulane har lagt til rette for ei heilskapleg opplæring frå barnehage og ut det 13-årige løpet. Kompetanseheving for det pedagogiske personalet er gitt med målsetjing om å auka læringsutbyte for elevane, jf Plan for kompetanseheving for ped.personale i Samnanger 2012-2015.

I dei nasjonale prøvane skal elevane vore vera best i Hordaland i lesing. For dei andre faga likt som snittet for Hordaland. I 2012 nådde 5 trinn målet i engelsk. Ungdomstrinnet var betre enn Hordaland i både rekning og i lesing, og 8 trinn nådde målet i engelsk. Avgangseksamen var og betre enn landssnittet.



Utviklingsområde

I tidsrommet frå 2012-15 skal skulane i Samnanger ha følgjande utviklingsområde;

- Utvikla skulen og barnehagen som ein lærande organisasjon
- Organisering
- Kultur for erfaringsdeling
- Tydeleg og inkluderande leiing

Barna / elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte

- Motivasjon – Mestring – Muligheter (Meld. St. 22)
- Tilpassa opplæring – tidleg innsats (Meld. St. 18)
- Vurdering for læring
- Sosial kompetanseplan i eininga

Statlege styringssignal

På rett vei - Kvalitet og mangfold i fellesskolen (Meld. St. 20, 2012–2013)

I denne stortingsmeldinga presenterer regjeringa korleis framgangen i norsk skole skal verte vidareført, og tiltak for å styrke kvaliteten i heile grunnopplæringa.

Hovudutfordringar i Samnanger skulen

Skulane våre er lagt til rette for elevvekst og kan huse 2 parallellar. Ut frå framskivingstala til SSB trengs det tilflytting i tillegg til høg naturleg tilvekst om kommunen skal nå dette.

Assistentbruken i skulen er heller høg samanlikna med landet elles, særskilt på barnetrinnet. Dette vert vurdert. Størstedelen er knytta til delingstimar og spesialundervisning, og ein del er knytta til flyktingane og anna t.d. til følgje til skulebussen.

Samnanger ligg framleis høgt på spesialundervisning, med både tidleg innsats heilt frå barnehage, og ut ungdomstrinnet.

Det har hittil ikkje vore store utfordringar med å rekruttere kvalifiserte lærarar, men å få formelt kvalifiserte vikarar er svært vanskeleg.

Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)

Ansvarsområde

Her vert ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den einskilde skule. Dette er utgifter/inntekter til:

- Gjesteelevar (utgifter til skulegang for elevar i andre kommunar enn Samnanger)
- Vaksenopplæring
- Statleg kompetansemidlar til grunnskulen
- Medlemsavgift Regionssamarbeidet Midthordland
- Kjøp av PP-teneste
- Spesialpedagogisk ekstraressurs

Økonomi - skuleadministrasjon

Suksess kriteria	Måle indikator	Måle metode	Ambisjon	Forbruk Kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	1 336 509	- 21,4%

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne etter Opplæringslova § 4A og for Introduksjonslova § 17, vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring. Leiar for vaksenopplæringa er Karin Høysæter Steinsland, som er skule- og barnehagefagleg ansvarleg i kommunen.

Årsverk	2012
Leiar	0,10
Vernepleiar	0,20
Spesialpedagog	0,10
Utøvande pedagog	Etter behov

I tillegg vart norskopplæring for innvandrarar kjøpt etter avtale med Nygård skole i Bergen for kvar einskild deltakar. Eit par deltakarar/arbeidsinnvandrarar med plikt til norskopplæring har vald å ta kurs i Fusa, og dei har fått skysstilskot.

Deltakarar:	Norskkurs	Grunnskule	Spes.u.v.	Bestått norskttest
Haut 2012	10	1	3	10 (5 vår og 5 haut)

Økonomi - vaksenopplæring

Aktiviteten i vaksenopplæringa har auka siste åra. Delar av utgiftene er finansiert ved bruk av fond i drifta

	2010	2011	2012 rev budsjett	2012 rekneskap	2012 avvik
Brutto driftsutgifter		887.400	1.370.349	1.053.769	316.580
Brutto driftsinntekter	-819.378	-993.076	-1.100.700	-1.029.524	71.176
Netto driftsutgifter	-244.187	-105.636	269.649	24.245	-245.404

Utfordringar - vaksenopplæring

Det er ei utfordring for vaksenopplæringa i Samnanger at dei få deltakarane har svært ulike faglege behov. Hovudgrunnen til at ein kjøper norskopplæring i Bergen, er at deltakarane då får tilbod på rett nivå. Ei anna utfordring er at det ikkje er tilrettelagde, egne lokale for den delen av opplæringa som gjeld spesialundervisning. Fleire nye oppmeldingar innan det området viser auka behov for særleg tilrettelagt lokale.

Pedagogisk teneste

Skule og barnehagefagleg ansvarleg er rådmannen sin rådgjevar og forvaltar på skule og barnehageområdet. I tillegg er der ein elev i vidaregåande skule som vert koordinert av kommunen.





Einingane sine årsmeldingar

Eining	side
Interne tenester	70
Barnehage	78
Barneskule	82
Ungdomsskule	87
Kultur	92
Pleie og omsorg	102
Sosial og helse	108
Teknisk	116

Årsmelding Interne tenester

Ansvarsområde

Eining for interne tenester har ansvar for diverse fellesfunksjonar/stabsfunksjonar på kommunehuset:

-ekspedisjon, arkiv, politisk sekretariat, reinhald på kommunehuset, IKT, personal, løn, økonomi/rekneskap, fakturering, skatteinnkrevjing, innkjøp.



Påskelunsj for tilsette på kommunehuset

Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk	2011	2012	Endring	Kommentarar
Løns- og personalkontoret (konsulentar)	2,00	2,00		0,15 % årsverk ekstra i 2011-12 - prosj. med innf. av nytt datasystem for løn og personal.
Økonomikontoret (økonomisjef + øk.konsulent)	2,00	1,65	-0,35	0,35% årsverk ekstra i 2011 - prosjekt med innføring av nytt datasystem for økonomi.
Skatteoppkrevjar (konsulent)	1,00	1,00		0,2 – 0,3 av still. til skatteoppkrevjar gjeld andre oppg., primært innkjøp og hjelp til økon.kont
Fellestenester/politisk sekretariat (avdelingsleiar + sekretærar)	2,70	2,70		
Reinhald kommunehuset (ufaglært)	0,45	0,45		
IKT - informasjons- og kommunikasjonsteknologi (konsulentar)	2,00	2,00		
Einingsleiar	1,00	1,00		
Sum årsverk i alt	11,15	10,80		Talet på faste årsverk var 10,65 både i 2011 og 2012.
Tal tilsette	13	13		

Oversikt over sjukefråvær

	Mål i SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	6,0	1,6 *	3,7 *	1,1 *	3,2
<p>Sjukefråværet i eininga var 3,2% i 2012. Dette er eit relativt høgt tal i forhold til tidlegare års sjukefråvær i kommuneadministrasjonen. Det er ikkje fastsett ei eiga målsetting for sjukefråværet i eininga. Årsaka til det relativt høge sjukefråværet i 2012 var i hovudsak ei langtidssjukemelding i slutten av 2012. Denne sjukemeldinga hadde ikkje samband med jobbsituasjonen til den aktuelle medarbeidaren.</p> <p>Det ser ikkje ut til at det finns relevant statistikk for sjukefråvær innanfor ”kontorstillingar” i offentleg sektor.</p> <p>*) Sjukefråværstala for 2009, 2010 og 2011 gjeld heile kommuneadministrasjonen, ikkje berre eining for interne tenester. Talet for 2012 gjeld berre eining for interne tenester.</p>					

Medarbeidarkartlegging

Tilsette i kommunen vart i 2012 inviterte til å vera med i ei medarbeidarkartlegging, der dei tilsette svarar på kor nøgde/misnøgde dei er med ulike forhold i arbeidet sitt. Svarprosenten i eining for interne tenester var 85. På dei fleste område ligg svara frå dei tilsette i eininga om lag på gjennomsnittet av svara frå tilsette i andre einingar i kommunen. Gjennomsnittleg ”score” på alle svara frå dei tilsette i eininga var 4,7.

2012				
Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjons-nivå	Snitt Samnanger	Interne tenester
Tydeleg leiing Godt arbeidsmiljø Kultur for læring og fornying	Snitt totalt	4,6	4,6	4,7
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6	3,9
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sykefråver	< 6		3,2
Gode rutiner	Avvik	0		1

Det har ikkje vorte arbeidd systematisk med oppfølging av resultata av medarbeidarkartlegginga i eining for interne tenester i 2012. Einingsleiar håpar at arbeid med dette vil kunne prioriterast i 2013.

Internkontroll/avvik:

Det kom inn ei avviksmelding knytt til helse, miljø og tryggleik i eininga for interne tenester i 2012. Meldinga gjaldt innklimaet på kommunehuset (høg temperatur på kontora på sør- og vestsida av kommunehuset på soldagar i sommarhalvåret). Dette er eit problem som har eksistert i mange år, og som truleg vil verta forsterka etter at dei gamle ”luftige” vindauga på kommunehuset vart skifta ut hausten 2012.

Det vart ikkje gjennomført vernerunde på kommunehuset i 2012.

Sjå også informasjon om avvik i samband med tilsyn av arkivlokale i oktober 2013 (står under Fellestenesta).

Måloppnåing:

Det er ikkje utarbeidd egne mål eller måleindikatorar i eining for interne tenester. I kommuneplanen er det ein del mål som er relevante for eininga. Det vert ikkje arbeidd systematisk med måling av resultat/måloppnåing i eininga. Nedanfor er det likevel sett opp ei oversikt over ulike mål frå kommuneplanen m.m. og over status for måloppnåing/kva tiltak som er gjort for å nå måla.

Mål i kommuneplanen: I Samnanger ønskjer me å ha eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar	
Tiltak i kommuneplanen: Legg til rette for kommunikasjon mellom innbyggjarane og alle folkevalde, f.eks. ved at folkevalde er tilgjengelege på e-post/telefon/blogg.	Status: -E-postadresser og telefonnummer til folkevalde er tilgjengelege på kommunen sine nettsider -Det er ikkje etablert blogg for folkevalde, men fleire av lokallaga har egne nettsider. Status er uendra i forhold til 31.12.2011.
Tiltak i kommuneplanen: Gir informasjon i lokalavisa og på heimesida, for å sikra meiroffentlegheit og innsyn i den kommunale verksemda.	Status: -Kunngjeringar, postlister og temasider vert lagt ut på kommunen sine nettsider. -Innkallingar/sakspapir og protokollar frå kommunestyret og hovudutvala vert lagt ut på kommunen sine nettsider. -Inn- og utgåande brev vert ikkje lagt ut på kommunen sine nettsider, av tryggleiks-/ kapasitetsmessige årsaker. -Status er uendra i forhold til 31.12.2011.
Tiltaki kommuneplanen: Utviklar ”møteplassar” for dialog med innbyggjarane (døgnopen kommune - mellom anna ved aktiv bruk av internett).	Status: -Kommunal Facebook-side etablert i 2010. Sida vert jamleg oppdatert og har fått gode tilbakemeldingar. -Ein del innbyggjarar kommenterer ulike saker på kommunen si Facebook-side. -Det er ikkje moglegheit for chat/online dialog på kommunen

	<p>sine nettsider, heller ikkje diskusjonsforum. -Status er uendra i forhold til 31.12.2011.</p>
<p>Mål i kommuneplanen: I Samnanger ønskjer me å ha høg kvalitet på kommunale tenester</p>	
<p>Tiltak i kommuneplanen: Har god økonomistyring.</p>	<p>Status: -Eige dataprogram for budsjettarbeid og budsjettoppfølging (Arena) var i bruk i perioden 2009 – 2011, men ikkje i 2012. Arena vil bli gjeninnført i 2013, grunna dårlege erfaringar med løysinga som vart brukt til utarbeiding av budsjett i 2012. -Einingsleiarane avgir budsjett rapport seks gongar per år (før kvart kommunestyremøte). -Står att arbeid med periodisering av budsjetterte utgifter.</p>
<p>Tiltak i kommuneplanen: Vert gode på informasjon og meiroffentlegheit</p>	<p>Status: -På kommunen sine nettsider vert det lagt ut sakspapir (innkallingar/sakspapir og møteprotokollar) frå møte i kommunestyret og politiske utval. På nettsidene (og på kommunen si Facebook-side) vert det også lagt ut kunngjeringar, høyringar og informasjon om ein del aktuelle saker i kommunen. -Informasjonsskjermer i inngangspartiet på kommunehuset. -Det er ikkje utarbeidd strategi eller gjennomført tiltak knytt til meiroffentlegheit. -Status er uendra i forhold til 31.12.2011.</p>
<p>Tiltak i kommuneplanen: Har gode rutinar og gir god informasjon i samband med handsaming av saker.</p>	<p>Status: -Temasider på kommunen sine nettsider om aktuelle saker (utbyggingsprosjekt, høyringar m.m.) -Innkallingar/sakspapir og protokollar frå kommunestyret og hovudutvala vert lagt ut på kommunen sine nettsider. -Kommunen manglar eit oppdatert overordna sakshandsamarreglement. -Det har vore litt ulik praksis i kommunen til dømes når det gjeld praksis for utsending av mellombels svar.</p>
<p>Tiltak i kommuneplanen: Er gode på internkommunalt samarbeid</p>	<p>Status: -Ikkje formalisert ”permanent” samarbeid med andre kommunar innanfor interne tenester sine fagområde. -Noko samarbeid med Fusa kommune på IKT-området. -Gjennomført felles innkjøps- og innføringsprosjekt for datasystem for økonomi-/ rekneskap og løn/personal med Tysnes og Fusa i perioden 2010 – 2012.</p>
<p>Mål i kommuneplanen: I Samnanger ønskjer me å ha tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin</p>	
<p>Tiltak i kommuneplanen: Tilbyr konkurransedyktige vilkår</p>	<p>Status: -Samnanger er ikkje lønnsleiarande for nokon grupper av tilsette i forhold til samanliknbare kommunar. Me klarar likevel å rekruttera og behalda tilsette innanfor dei fleste stillingsgrupper. -Mindre lønsskilnader mellom einingsleiarane i kommunen no enn tidlegare. -Det er ei utfordring å tilby konkurransedyktige vilkår til stillingsgrupper der me konkurrerer med privat næringsliv/tilsvarande om arbeidskraft. -Arbeidstid er ein knapp ressurs for ein god del tilsette i kommunen. Omfanget av oppgåver er ofte større enn arbeidstida som er til rådvelde.</p>
<p>Tiltak i kommuneplanen: Utgir intern infoavis med fokus på felles mål og utvikling av verksemda.</p>	<p>-Det vart ikkje gitt ut intern informasjonavis for tilsette i 2011 eller 2012. Av kapasitetsmessige omsyn i eining for interne tenester vart ikkje dette prioritert.</p>

Tiltak i kommuneplanen: Arrangerer felles velferdstilbod	-Ikkje fellesarrangement for alle tilsette i kommunen i 2010, 2011 eller 2012. -Budsjetterte velferdsmidlar vart fordelt mellom einingane i desember 2012. Vart i hovudsak brukt til julearrangement i einingane. -Alle tilsette har tilbod om gratis bading i symjehallen.
Mål i kommuneplanen: Samnanger kommune skal ha eit godt omdøme	
Tiltak i kommuneplanen: Informerer aktivt om kva kommunen gjer, både internt i kommuneorganisasjonen og til innbyggjarane.	Status: -Publisering av innkallingar/sakspapir og møteprotokollar frå møte i kommunestyret og hovudutvala på kommunen sine nettsider. -Temasider om aktuelle saker/prosjekt/høyringar på kommunen sine nettsider. - Det er ikkje etablert intranett for tilsette. Arbeidet med dette starta i 2012, men vil tidlegast verta fullført i 2013. -Kommunen har ikkje lagt tenestebeskrivelsar for dei ulike tenestene ut på nettsidene, men program/system for dette er lagt inn i budsjettet for 2013. -Informasjonsskjerm for tilsette i pleie og omsorg (på Samnangerheimen). -Det vart ikkje gitt ut internavis for tilsette i kommunen i 2011 eller 2012.

Tenester og brukarar

Driftsutgifter – IKT avdelinga		
Tekst	Sum	Merknad
Netto driftsutgifter i 2012 til felles IKT i kommunen	2 849 000	Lønsutgifter + andre driftsutgifter
Netto driftsutgifter i 2012 til pedagogisk IKT i skulane	550 000	Lønsutgifter + andre driftsutgifter
Samla netto driftsutgifter i 2012 til kjøp av datautstyr i heile kommunen	397 000	Datamaskinar og anna datautstyr

Fagsystem (datasystem) i bruk i kommunen		
Namn	Kva vert systemet brukt til	Merknader
ACOS Websak	Arkiv- og saksbehandlingssystem	Vert drifta i samarbeid med Fusa kommune
ACOS Cosdoc	Pasientjournalssystem i pleie og omsorg	Lokal drift
ACOS Barnevern	Saksbehandlingssystem for barnevernstenesta	Lokal drift
Infodoc Plenario	Pasientjournalssystem for legekontoret og helsesøster	Lokal drift
Agresso Økonomi	Rekneskap, fakturering, budsjettering	ASP-drift
Agresso Lønn og Personal	Løn, personal, fråværsregistrering, refusjon	ASP-drift
Socio	Saksbehandlingssystem for NAV kommune	Lokal drift
Wis Skole	Administrasjonssystem for grunnskule	Lokal drift
Itslearning	Dataprogram for skular	ASP-drift
OTRS	Serviceesk for IKT-avdelinga	Lokal drift

Heimesider		
Systemleverandør/program	Programmet vert brukt til	Merknader
ACOS Infolink	Heimeside for kommunen	Eksternt webhotel
Visma Med Axess	Heimeside for Samnanger helsetun	Eksternt webhotel
	Heimeside for Samnanger barneskule	Eksternt webhotel

Elektroniske sjølvbetjeningsløysingar for innbyggjarar		
Namn	Kva vert systemet brukt til	Merknader
ACOS Søknadssenter	Elektroniske søknadsskjema: <ul style="list-style-type: none"> • Søknad om stilling • Søknad om barnehageplass • Søknad om plass i kulturskulen • Påmeldingsskjema for SFO 	
Visma Med Axess	<ul style="list-style-type: none"> • Timebestilling hos fastlege • Fornyng av resept 	

Kommentarar om aktiviteten i IKT-avdelinga i 2012:

I januar 2012 vart det etablert heimevaktordning for dei tilsette i IKT-avdelinga. Ordninga gjeld frå kl. 15.30 – 22.00 på vekedagar og kl. 10.00 – 22.00 på helge- og høgtidsdagar. Gjennom heimevaktordninga har kommunen no fått beredskap på IKT-området også utanom ordinær arbeidstid, noko me ikkje hadde tidlegare.

Det vart i slutten av 2012 kjøpt inn nye telefonapparat til alle einingane utanfor kommunehuset. Apparata vil verta tekne i bruk i løpet av 2013, i samband med at kommunen skal gå over til IP-telefoni. Telefonsentralen på kommunehuset vart også oppgradert i 2012.

Utfordringar for IKT-avdelinga

Sentrale utfordringar for IKT-avdelinga i åra som kjem:

- Kommunen tek i bruk stadig fleire dataprogram/fagsystem, noko som fører til stadig meir arbeid knytt til planlegging og drift av datasystema/dataløysingane i kommunen.
- Datatryggleik. Store krav til risikovurdering, opplæring og dokumentasjon.
- Krav/forventningar om fleire elektroniske sjølvbetjeningsløysingar for innbyggjarar.
- Krav/forventningar om utvida elektronisk samhandling mellom offentlege etatar.
- Kommunen treng ein politikk/plan for oppgradering av datautstyr, fagsystem, andre dataprogram, operativsystem m.m.
- Store krav til kompetanse og systemforståing hos dei tilsette på IKT-avdelinga.

Økonomi, løn og personal avdelinga

Aktivitet/hending	Tal	Merknad
Møte i tilsetjingsutvalet i 2012	25	
Saker handsama i tilsetjingsutvalet i 2012	34	
Lønnskøyningar i 2012	13	Inkl. ekstra lønnskøyring i slutten av desember 2012.
Lønsslippar til lønsmottakarar i kommunen i 2012	Ca. 3 500	
Lønsslippar til lønsmottakarar i Samnanger kyrkje i 2012	Ca. 150	
Permisjonsvedtak i 2012	19	Gjeld permisjonssaker der einingane ikkje har vedtaksmynde.
Utsende rekningar i 2012	Ca. 6 500	
Totalsum innbetalt skatt i Samnanger kommune i 2012	211 339 466	Auke på 18 440 788 frå 2011.
Skatteinntekter fordelt til Samnanger kommune i 2012	56 843 418	Auke på 5 152 902 frå 2011.
Møte i takstutvalet for eigedomsskatt i 2012	5	
Saker handsama i takstutvalet for eigedomsskatt i 2012	39	

Kommentarar om aktiviteten i økonomi- og personalavdelinga i 2012:

Kommunen skifta i januar 2012 datasystem for løn. Me gjekk då over til eit system kalla Agresso. Skiftet av datasystem har vore arbeidskrevjande for lønkontoret. Det viser seg også at drifta av Agresso lønssystem er langt meir arbeidskrevjande enn drifta av det tidlegare lønssystemet. Mange operasjonar som vart gjort av leverandøren i det gamle lønssystemet, må gjerast lokalt av lønkontoret i det nye lønssystemet.

Kommunen tok i 2011 i bruk Agresso som datasystem for økonomi/rekneskap/fakturering. Systemet fungerer i hovudsak bra, men det er framleis nokre funksjonar som me ikkje har fått på plass/tekne i bruk.

I 2012 har den største utfordringa i økonomi- og personalavdelinga vore at arbeidstida ikkje strekkjer til for dei tilsette. Fleire av dei tilsette har vore nøydde til å arbeida til dels mykje ekstra for å få drifta til å gå, til tider heilt i grenseland i forhold til arbeidstidsreglane i lov- og avtaleverket.

Fellestenesta

Tekst	2009	2010	2011	2012	Merknad
Arkivsaker registrert i Websak <i>Websak er kommunen sitt elektroniske arkiv- og sakshandsamingssystem (hovudsystem).</i>	N/A	667	668	739	Ei arkivsak kan t.d. vera ei tilsetjings sak, ei byggesak eller ei plansak.
Journalpostar registrert i Websak	N/A	4391	5412	6742	Ein journalpost kan t.d. vera eit inn-/utgåande brev eller eit saksframlegg.
Verdibrev til bustadetablering (innløyste/utbetalte verdibrev)	6	3	8	2	Gjeld verdibrev til unge i Samnanger. (25.000 kroner pr. verdibrev)

Kommentarar om aktiviteten i fellestenesta i 2012:

Den største endringa for fellestenesta i 2012 var overgang til elektronisk utsending av møteinnkallingar/sakspapir til møte i kommunestyret og hovudutvala. Erfaringane med elektronisk utsending/bruk av nettbrett for folkevalde er så langt i hovudsak gode.

Avvik fellestenesta

Statsarkivet i Bergen gjennomførte 25.10.2012 tilsyn med arkivlokala på kommunehuset. Det vart der avdekka ei rekkje manglar med lokala. Kommunen har framleis ikkje motteke den endelege tilsynsrapporten med oversikt over kva pålegg som vert gitt etter tilsynet. Det er likevel klart at det må gjennomførast ulike tiltak etter tilsynet, både bygningsmessige og administrative. Gjennom budsjettmidlar i 2013 er arbeidet sett i gang.

Politisk nivå og revisjon

Aktivitet i kommunestyret og utvala (tal møte og tal saker til handsaming)								
Utval	2009		2010		2011		2012	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Administrasjonsutvalet	4	11	4	12	3	10	5	13
Arbeidsmiljøutvalet	4	14	4	11	4	14	3	9
Eigedomsskatt (takstutval)							5	39
Eldrerådet	4	9	3	7	5	13	4	8
Formannskapet (tidlegare personal- og økonomiutvalet)	12	76	11	60	9	61	9	72
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne							4	8
Kontrollutvalet	6	29	6	44	4	33	5	38
Kommunestyret	6	63	7	66	7	76	6	92
Naturutvalet	6	54	6	64	9	81	8	88
Oppvekst og omsorg	6	31	6	26	6	26	6	30
Tilsetjingsutvalet	27	43	21	35	32	46	25	34
Ungdområdet							4	15
Viltneimnda	2	14	2	14	4	20	3	9

Adhocutval	
Utval	Møte i 2012
Fairtrade - rettvis handel	2
Delegasjonsreglement	5
Små vasskraftverk	1
Jord - Hage	2
Utbygging sjukeheim	5

Utbetalt godtgjersle m.m. til folkevalde				
Tekst	2009	2010	2011	2012
Møtegodtgjersle kommunestyret og div. utval. Inkl. fast godtgjersle til utvalsleiarar.	200 375	198 598	165 553	331 546
Møtegodtgjersle kontrollutvalet	N/A	14 125	19 785	25 105
Dekking av tapt arb.forteneste komm.styret og div. utval	30 756	34 287	16 176	18 499

Brukarundersøking

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkingar knytt til i interne tenester sine ansvarsområde i 2012. I januar 2013 vert det gjennomført ei brukarundersøking for folkevalde om erfaringane med dei digitale løysingane (bruk av iPad for folkevalde) som vart innført i 2012.

Økonomi

Netto driftsresultat						
Tekst	2009	2010	2011	2012		
1. Ansvar 1200 Politisk nivå og revisjon						
Brutto driftsutgifter	1 672 491	1 815 713	2 019 432	2 444 121		
Brutto driftsinntekter	94 489	211 535	165 859	112 870		
Netto driftsresultat	1 578 002	1 604 178	1 853 573	2 331 251		
2. Ansvar 1201 Eining for interne tenester						
Brutto driftsutgifter	6 753 643	7 869 944	8 660 053	8 759 790		
Brutto driftsinntekter	807 497	671 263	1 005 733	705 555		
Netto driftsresultat	5 946 146	7 198 681	7 654 320	8 054 235		
<i>Merknad til tala for ansvar 1201:</i>						
<ul style="list-style-type: none"> Utgifter til funksjon 2027 IKT skule er ikkje med i oversikta. Kostnaden på denne funksjonen er om lag 550 000 kroner pr. år. 						
Avvik i høve til budsjett						
Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2012 rev. budsjett	2012 rekneskap	Avvik
1. Ansvar 1200 Politisk nivå og revisjon						
God økonomistyring	Avvik i høve til budsjett	Avvik i kr	0 kr	2,22 mill	2,33 mill	0,11 mill
		Avvik i %	0 %			5,21%
2. Ansvar 1201 Eining for interne tenester						
God økonomistyring	Avvik i høve til budsjett	Avvik i kr	0 kr	8,91 mill	8,79 mill	-0,11 mill
		Avvik i %	0 %			-1,33%
3. Ansvar 1202 Diverse fellesutgifter						
God økonomistyring	Avvik i høve til budsjett	Avvik i kr	0 kr	1,30 mill	0,91 mill	-0,39 mill
		Avvik i %	0 %			-30,22%
<p>Kommentar til det store overskotet på ansvar 1202: <i>Konto 10901 Kollektiv pensjonsforsikring vert kostnadsført gjennom lønssystemet fom 2012 og budsjettpost vart derfor for høg med kr 150 000. Fordel gruppeliv og ulykkesforsikring er i Agressosystemet bokført mot fast lønn . Kommunen skal betale arb, av fordelten, men det skal ikkje vere ei utgift for kommunen. Lønart 3400, 3401 3480 og 3481 blir derfor ført som ei redusert utgift på konto 11852 og det blir eit avvik mot budsjett på kr 120 000.</i></p>						

Utfordringar

Nokre sentrale utfordringar i eining for interne tenester:

- I ein liten kommune som Samnanger er me avhengige av at ein del tilsette arbeider innanfor fleire fagområde. Dette gjeld mellom anna i eining for interne tenester. Dette kan til dels vera område der dei ikkje har utdanning/spesialkompetanse. Dette medverkar til at me ikkje klarer å arbeida effektivt innanfor alle saksområde. Det er vanskeleg å sjå korleis me kan unngå dette.
- Det er også ei utfordring for Samnanger at det vert veldig små fagmiljø på ein del kontor. Dette gjer både at me vert svært sårbare ved sjukdom hos ”nøkkelpersonar” og at det kan vera ei utfordring å rekruttera og behalda tilsette som ønskjer å arbeida i eit litt større fagmiljø enn det me kan tilby.
- Det er viktig å ha realistiske forventningar til mengda av oppgåver som kan løysast innanfor gjeldande ressursramme. Det er ikkje mogleg å løysa alle oppgåver/målsettingar, derfor må det gjerast ei prioritering. Nokre oppgåver/målsettingar som ikkje er lovpålagde må i ein del tilfelle veljast vekk. I eining for interne tenester kan døme på dette vera at me må betala ut løn til tilsette, senda ut kommunale rekningar og journalføra post, men me må ikkje ha internavis for tilsette.



Folkefest på Frøland – BKK jubileum 2012; 100 år med straum til Bergen.

Årsmelding – Barnehageeininga

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Barnehageeininga har 2 kommunale barnehagar med ein felles einingsleiar med kontor på begge barnehagane

Vassloppa barnehage har 4 avdelingar for barn i alderen 0 til 6 år .

Dråpeslottet barnehage har 4 avdelingar for barn i alderen 0 til 6 år.

Kvar barnehage har eigen ass. styrar/ dagleg leiar

Barnehagen har ein felles visjon



saman om ein god start

- Barn og vaksne skal arbeide saman for å skape ein god kvardag for alle involverte
- Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare



Frå inngangsparti i i Vassloppa barnehage
fotograf : Anne Fredriksen

Dråpeslottet barnehage har 61 barn / ingen venteliste
Vassloppa har 39 barn. Det er ledige plassar i barnehagen

Samnanger kommune har no 2 flotte moderne barnehagar .Me har nådd mål om full barnehagedekking og kan ta inn nye barn på dagen .

Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk	2011		2012		Endring	Kommentarar
	Dråpeslottet	Vassloppa	Dråpeslottet	Vassloppa		
Einingsleiar/ Ass,styrar	0.6 0.80	0.40 0.70	0.50 0.80	0.50 0.80		Barnehagane er like store med 4 avd. Adm.ressurs like stor
Pedagogiske leiarar	5.5	4.45	5,0	5.0		
Førskulelærar	0.20	0,30	0,20	0,20		
Personale med fagbrev	8.20	0	8.1	0		
Assistent	2.0	8.3	2	8.3		
Reinhaldar	0.57	0.57	0,57	0,85		
Sum årsverk i alt	17,67	15.32	16,97	15.45		
Tal tilsette	22	21	21	21		

Oversikt over sjukefråvær. Landsnittet for sektoren er 11,7% i 2011.

	Mål SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	6	4,8	6,4	5,3	8,5

Det har vore ein del langtidsjukefråvær som ikkje er relatert til arbeidsplassen.

Barnehage er ein utsett arbeidsplass når det gjeld smitte. I 2012 har mange hatt korttidsfråvær p. g. a luftvegsinfeksjon, mageinfeksjon og influensa.

Medarbeidarkartlegging- Dråpeslottet og Vassloppa

2012				
Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjons-nivå	Snitt Samnanger	Barnehage
Tydeleg leiing Godt arbeidsmiljø Kultur for læring og fornying	Snitt totalt	4,6	4,6	4,5
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6	4,7
Oppfølging IA- avtalen/HMS	Sykefråvær	< 6		8.5
Gode rutiner	Avvik	0		0



Ut på tur - aldri sur Dråpeslottet barnehage
Fotograf: avdeling Fossekalen

Dei to barnehagane skårar ulikt når det gjeld arbeidsmiljø. I den eine barnehagen var me ikkje nøgde med resultatet av medarbeidarundersøkinga og har jobba med dei ulike måleindikatorane innafør arbeidsmiljø. Problemet har løyst seg i løpet av hausthalvåret, men me har framleis fokus på arbeidsmiljø.

Den andre barnehagen leverar ein veldig god medarbeidarundersøking, og det var lite å ta fatt i.

Tenester og brukarar

Nøkkeltal for eininga	Vassloppa 2012	Dråpeslottet 2012
Antal barn 1-5 år med barnehageplass	39	60
Antal barn 1-2 år med bhg-plass	17	16
Antal barn 3-5 år med bhg-plass	22	44
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	7	7
Andel assistenter med førskolelærerutd, fagutd, eller annen pedagogisk utdanning	0	8
Leike- og opphaldsareal per barn i barnehage (m2)	13,45 m2	5,33 m2

Vedtaksfesta arealnorm i kommunale barnehagar er 4,0m² pr. barn >3 år og 5,33 m² pr barn < 3 år.
Vassloppa har mykje ledig areal og kan ta opp eit langt større opptak med barn.

Dråpeslottet Brukarundersøking - gjennomført våren 2012.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2004	2007	2009	2012
God tenestekvalitet	Resultat for brukarane	Brukarundersøking	5,0	4,7	4,8	4,6	4,5
	Trivsel		5,1	4,7	4,9	4,7	4,5
	Fysisk miljø		4,6	2,9	3,2	4,7	4,7
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad	Foreldresamtale/ Brukarundersøking	4,7	4,1	4,4	4,1	4,0
	Respektfull handsaming	Brukarundersøking	5,3	4,9	5,1	4,9	4,6
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		5,4	5,4	4,9	4,7	4,9
	Informasjon		4,7	4,5	4,3	4,2	3,9
God tenestekvalitet og sørvis	Generelt	Tilsyn/klage	5,1	4,3	4,8	4,7	4,8
	Avvik		0				0

Her var det lite deltaking frå foreldra og ein svarprosent på berre 27%. Med så liten svarprosent er det vanskeleg å seia om brukarundersøkinga er valid. Er det eit representativt utval som har svart? Dette er første året foreldra berre kan svare på nett. Kanskje må det framleis vera høve til å svare på papir? Undersøkinga er drøfta med personalet og med Samarbeidsutvalet. Det er vanskeleg å jobbe med enkelttema når me ikkje veit om dette er eit reelt problemområde.

Nordbygda/Vassloppa Brukarundersøking - gjennomført våren 2012.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2004	2007	2009	2012
God tenestekvalitet	Resultat for brukarane	Brukarundersøking	5,0	5,1	5,1	4,9	5,0
	Trivsel		5,1	4,9	4,6	5,0	5,2
	Fysisk miljø		4,6	4,6	4,1	3,6	4,2
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad	Foreldresamtale/ Brukarundersøking	4,7	4,8	4,6	4,3	4,3
	Respektfull handsaming	Brukarundersøking	5,3	5,3	5,1	5,1	5,1
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		5,4	5,1	5,1	4,8	5,4
	Informasjon		4,7	4,7	4,5	4,3	4,6
God tenestekvalitet og sørvis	Generelt	Tilsyn/klage	5,1	5,1	5,3	4,6	5,0
	Avvik		0				0

I Vassloppa var svarprosenten 40%. Undersøkinga vart gjort før me flytta ned i nye lokale . Svarprosenten er ikkje høg her heller, men dei som har svart, er stort sett nøgde med teneste

Økonomi - Barnehageeininga samla Økonomi

	2011	2012
Brutto driftsutgifter	17 528 032	19 138 031
Brutto driftsinntekter	3 894 210	3 666 680
Netto driftsinntekter	13 633 822	15 471 351

Barnehageeininga er blitt større. Me kan ta imot barn på dagen, me har no mange ledige plassar .

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2012rev. budsjett	2012 rekneskap	Avvik
God økonomistyring	Avvik i høve til budsjett	Avvik i kr	0 kr	15 585 674	15 471 351	114 322
		Avvik i %	0 %		99,27%	0,73%

Det er ikkje avvik i høve til ramme.

Måloppnåing - konklusjon

- Full måloppnåing = barnehageplass til alle :
Ledige plassar slik at ein kan ta inn barn i alle aldrar heile året

Særlege hendingar

- Sommerferien 2012 flytting frå Nordbygda barnehage til nye lokale i det som før var Nordbygda skule.
- Haust: Nytt namn vert Vassløppa barnehage (etter namnekonkurranse i Samningen)
- Ny logo Vassløppa barnehage



Utfordringar

Me har bygd ut barnehageplass til alle, På grunn av svingande barnetal kan me risikere å gå med ledige plassar. Samnanger kommune må gå ut å driva aktiv marknadsføring for :

Samnanger der du vil leva og bu

No har me gode moderne barnehagar med ledig plass til fleire barn .

Me jobbar hardt for å gje gode tenester til våre brukarar ,

Den største utfordringen er å få fleire små Samningar som treng barnehageplass.



Årsmelding 2012 – Samnanger barneskule (SBS)

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Kjersti Mellingen Bruvik er einingsleiar og rektor i 80 % stilling, inspektør; Inge Aasgaard ca.40%, avdelingsleiar; Åshild Å. Haga 40% og sfo-leiar; Tina B. Norup 35%. Organiseringa av leiinga vart evaluert i des. 2012 og både personalet og leiinga var godt nøgde med korleis dette fungerer. Kjersti Mellingen Bruvik sa opp stillinga si som rektor 31.12.12.

Rapportert elevtal er 194. Skulen er ein fulldelt barneskule med 3 parallellar på 3 klassesteg. SFO har 48 barn.

Elevtalet ved barneskule varierar gjennom året og det kjem ofte nye elevar. Dette skuldast m.a at kommunen no har tre beredskapsheimar for barnevernet der det brått kjem nye barn. Det er og tilflytting til kommunen både frå vårt land og andre land grunna arbeidsinnvandring. Flyktningbarn ved skulen har og vore ein variabel faktor i år.



Visjon for skulane i Samnanger : *Ein god stad å vera, ein god stad å læra.*

Oppvekst og omsorg ar dessutan opparbeidd ny strategiplan for skulane og barnehagane. Personalet på barneskulen har jobba seg saman mot ein felles skulekultur bygd på god erfaring frå skulane me hadde. Også i 2012 har me arbeidd og vurdert utviklingsområda som vart sett opp i 2011.

- Alle vaksne er samkøyrd i handheving av reglar og konsekvensar
- Vekeplanen er reiskap for læring – fagleg og sosialt
- Dei føresette er samarbeidspartnarar
- Elevane kjenner seg trygge på skulen

Me har høg måloppnåing på dei fleste underliggjande delmåla, men me arbeider kontinuerleg for å oppretthalda desse måla. Utanom dette har me hatt fokus på klassemiljøet og læringsmiljøet på skulen, med intern og ekstern rettleiing (PPT) .



Organisasjon og medarbeidarar

Oversikt over tal stillingar varierer litt frå vår til haust. Tala er frå GSI pr. 01.10.12

Årsverk	2011	2012	Endring	Kommentarar
Rektor	0,80	0,80		Ei leing fordelt på fleire personar sikrar stabilitet og god drift på ein så stor skule. Ansvar for spesielle arbeidsområde gjev større effektivitet og .
Inspektør og avdelingsleiar	0,85	0,80		
Leiar for SFO	0,35	0,35		
Sekretær/merkantilt	0,70	0,70		
Sum skuleleing	2,70	2,65		
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	13,84	15,42		Skulen har berre utdanna lærarar i alle klassar.
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0	0		Skulen brukar ufaglærde /ass til som vikarar ved sjukemeldingar
Øvrige undervisningsårsverk	1,87	1,57		
Sum Pedagogisk personale	15,71	16,99		
Assistentar skule	8,39	7,70		Lønsprosent, 14 personar
Assistentar SFO	2,27	2,42		Stillingsprosent , 13 personar
Reinhald	1,71	1,71		Stillingsprosent , 3 personar
Sum årsverk i alt	30,78	31,47		
Tal tilsette	46	47		2012 : 14 ass, 25 lærarar, 5 adm, 3 reinhald

Oversikt over sjukefråvær – vis utvikling over fleire år dersom det ligg føre statistikk.

	Mål for SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	6 %	1,5		5,1	4,7

Landsnittet for sektoren er 8,4% i 2011.

Medarbeidarkartlegging

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ Landsnittet 2012	SBS* 2005	SBS* 2007	SBS 2012
Tydeleg leing	Snitt totalt	Medarbeidar undersøking	4,6	4,6	4,6	4,6
Godt arbeidsmiljø						
Kultur for læring og fornying						
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	Statistikk	4,8		5,0	4,9
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sjukefråver	Statistikk	< 8,4			4,7
Gode rutinar	Avvikskjema (tal) HMS	Internkontroll antal	0			11 stk

*)2005-07 er Norbygda og Gjerde skule slått saman.

Våren 2012 vart det gjennomført Nasjonalt tilsyn med fokus på det psykososiale miljøet til elevane. Skulen fekk nokre pålegg omkring betring av dokumentasjon og rutinar, og dette er retta opp og godkjent 26.09.12.

Tenester og brukarar

Leksehjelp	Totalt	1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn
Samnanger	93	30	20	17	26
<i>Tal er frå GSI-rapportering</i>					

SFO	Totalt	1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn
Samnanger	48	21	5	12	7 +3 (5. tr)
<i>Tal er frå GSI-rapportering</i>					

Brukarundersøking - SFO

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2007	2012
God tenestekvalitet	Resultat for brukarane	Brukarundersøking	4,9	4,6	4,9
	Trivsel		4,6	4,1	4,6
	Fysisk miljø		4,3	4,5	4,3
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad		4,3	3,8	4,2
	Respektfull handsaming		5,1	4,7	5,1
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		4,7	4,4	4,3
	Informasjon		3,9	3,5	4,5
God tenestekvalitet og sørvis	Generelt		4,5	4,0	4,4
	Avvikskjema HMS		Tilsyn/klage	0	

Alle søkjarane til SFO har fått plass. All informasjon ligg på It'slearning, Både barn og foreldre gir gode tilbakemeldingar på opplegget.

Brukarundersøkingar - Samnanger barneskule

Det er ikkje gjennomført foreldreundersøking i tidsperioden.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå => landssnittet 2012	2009	2010	2011	2012
God teneste kvalitet	Brukartilfredsheit	Elevundersøkinga	4,5 sjå og eige tab.	4,4	4,1	4,2	4,3
		Foreldreundersøking		-	-	-	-
		Brukarundersøking SFO		-	-	-	4,4
	Kvalitet etter objektive kriteria	Nasjonale prøver	>Hordaland/ 100% av landssnitt	Sjå tabell nedanfor			
Brukarmedverknad	Tilfredsheit ift brukarmedverknad	Elevundersøkinga	4,3	4,4	3,7	3,3	2,6
		Foreldreundersøking					
		Brukarundersøking SFO		-	-	-	4,2
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Målretta og tilrettelagt informasjon	Foreldreundersøking	3,9	-	-	-	-
		Brukarundersøking SFO		-	-	-	4,5

Elevundersøkinga viser stabil brukartilfredsheit. Me ser ein nedgang i brukarmedverknad og stiller spørsmål om dette har vorte ordet har vorte forstått dårleg hos elevane, eller om noko har

gått feil retning. Lokal trivselsundersøking hausten 2012 viser at 95 % trivst bra eller betre enn bra på Samnanger barneskule.

Nasjonale prøver Samnanger barneskule

5 trinn	SBS 2009	SBS 2010	SBS 2011	Hordaland 2011	Ambisjonsnivå >Hordaland	SBS 2012	Hordaland 2012	% Hordaland 2012
Lesing	1,9	1,8	2,3	1,9	>1,9	1,7	1,9	90%
Engelsk	2,2	1,7	-	-	> 1,9	2,0	1,9	105%
Rekning	1,9	1,7	1,7	1,9	> 1,9	1,8	2,0	90%

Samnanger barneskule tek dei obligatoriske prøvane frå nasjonalt hald i fleire trinn. Mange av dei frivillige er og tekne. Resultata vert brukt på utviklingssamtalane med elevar og foreldre. I 2011 viste 5 trinn at dei var betre enn Hordaland i lesing og i 2012 i engelsk.

Økonomi

Frå hausten 2010 vart Nordbygda og Gjerde skule slått saman til Samnanger barneskule. 2010 -tala viser difor berre ½ rekneskapsår. Dette forklarar at tala er om lag dobla frå 2011. I 2011 var det store sjukerefusjonar og interne overføringar.

	2010	2011	2012 rev budsjett	2012 rekneskap	2012 avvik
Brutto driftsutgifter	8 612 201	19 079 577	18 684 918	18 899 128	- 214 210
Brutto driftsinntekter	1 116 531	3 072 534	696 298	1 235 827	539 529
Netto driftsutgifter	7 495 670	16 007 043	17 988 620	17 663 301	325 319

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2012 rev budsjett	2012 rekneskap	Avik
God økonomistyring	Avvik i ift budsjett	Avvik i kr	0 kr	17 988 620	17 663 301	325 219
		Avvik i %	0 %			-1,8 %

Måloppnåing – konklusjon

Barneskulen har halde seg godt under den økonomiske ramma. I 2012 vart avviket tilbakeført til kommunen.

Særlege hendingar

Den store hendinga i 2012 var byggjeart på nytt skulebygg. På anbuds konkurransen kom det inn to anbod, og Fortunen Arkitekter vann. Totalentreprenør er Åsane byggmesterforretning AS. Grunnarbeidet starta i mars.

Framdriftsplanen er noko utsett, men me ventar at skulen står klar før skuleferien 2013. Frå hausten 2013 flyttar elevane inn. Samnanger har då fått ein ny barneskule (1-7) med plass til 250 elevar.



Barneskulen jobbar vidare med satsingsområda me har gått inn for tidlegare: Fokus på lesing med leseombod, ikt i alle fag der 5-7 trinn no har eigen PC til bruk på skulen. Den kulturelle skulesekken sine opplegg som gir barna gode kunstoplevingar og skulen har felles musikkopplegg for 5-7 kl.

Utfordringar

- Tryggleik i byggjeperioden
- Skulevegen opp til skule og barnehage har for mykje trafikk i periodane elevane brukar vegen. Skulen ynskjer å regulera trafikken i 10 min ved start og slutt på skuledagen.
- Med tre beredskapsheimar i bygda får skulen nye elevar med spesielle behov midt i skuleåret. Me er glade for kvar ny elev, men det vert vanskeleg å finna personar til å følgja desse opp. Som ei løysing bør me leggja inn litt ekstra ressursar til dette.
- Ved sjukefråver er vanskeleg å få kvalifiserte vikarar.
- Det er ønskje frå leiinga å styrkja dei praktisk-estetiske faga og gjerne med bruk av naturen slik me har god erfaring med. Skulen er blitt meir teoretisk, og me merkar også i Samnanger at elvar slit på ulike måtar som gjerne gjev seg utslag i åtferdsvanskar.
- Hovudutfordringa vår er etter opplæringslova, å gje elevane det beste læringsmiljøet, godt klassemiljø og trygge elevar. Dette arbeider heile personalet og leiinga aktivt med i samarbeid med elevar og foreldre.



Årsmelding for 2012 - Samnanger ungdomsskule - SUS

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Eiga eining med Solvor Aadland som rektor.

Elevtal: Våren 102 elevar - 5 klassar.

Hausten 92 elevar - for første gong berre 4 klassar, av dei to store med 29 og 27 elevar.

Tidlegare har me mange gonger hatt færre elevar, men aldri berre 4 klassar.

Ein god stad å vera, ein god stad å læra er

den fine visjonen for skulane i Samnanger.

Vidare har Oppvekst og omsorg med brei deltaking av alle involverte partar, fått utarbeidd ny strategiplan for skulane og barnehagane. SOL- Strategi for oppvekst- og læringsmiljø erstattar også mobbeplanen frå 2003. Satsingsområde for 2012 var nettbruk og digital mobbing.



Ungdomsskulen har i tillegg sin eigen strategiplan for 2012-2015: **Trivsel, helse og lærdom.**

Helse og trivsel med mat og fysisk aktivitet, nye valfag, arbeid med psykisk helse, arbeid mot mobbing og rus, tydeleg klasseleiing, varierte undervisningsmåtar, leseløftet, vurdering for læring og vatn- kreative krefter.

Organisasjon og medarbeidarar

Tala haust og vår kan variera noko. Tala under er hovudsakleg henta frå GSI-rapporteringar pr.1.oktober, og er oppgjevne i %.

Årsverk	2011	2012	Endring	Kommentarar
Rektor	0,66	0,66		34% undervisning
Inspektør/avdelingsleiar	0,34	0,34		Vanlegvis 66% undervisning.
Sekretær/merkantilt	0,50	0,50		
Sum skuleleiing	150	150		
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	10,49	10,34		Frå v-12 til h -12 reduksjon 20 timar.,-Er kome inn 2 vernepleiarar 112% i -12(også utleige til vidaregåande)
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0,82	1,12		Ufaglærde lærarar 93 % /Ass. åleine med elev -12
Øvrige undervisningsårsverk	1,02	0,96		
Sum Pedagogisk personale	12,33	12,42		Inkludert vernepleiarar.
Assistentar	3,00	1,23		4 personar, også utleige til vidaregåande
Reinhald	1,73	1,73		3 personar, ein også assistent
Sum årsverk i alt	18,56	16,88		
Tal tilsette	25	25		

Oversikt over sjukefråvær – vis utvikling over fleire år dersom det ligg føre statistikk.

	Mål for SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	6	4,7	3,6	4,3	4,3

Landsnittet for sektoren er 8,4 % i 2011.

Medarbeidarkartlegging

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ Landsnittet 2012	SUS 2005	SUS 2007	SUS 2012
Tydeleg leiing	Snitt totalt	Medarbeidarundersøking	4,6	4,3	4,5	4,4
Godt arbeidsmiljø						
Kultur for læring og fornying						
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	Statistikk	4,8	4,3	4,8	4,5
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sykefråvær	Statistikk	8,4		6,7	4,3
Gode rutinar	Avvik HMS	Internkontroll	0			13

Avvik innan HMS er grunna elev med stor trong for tilrettelegging.

Tenester og brukarar

SUS	2009	2010	2011	2012	KG2 -2012	L-2012
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8-10 årstrinn	11,5	11,6	11,7	10,2	12,5	14,7
Tal møte i SU evt SAU	3	2	2	1		
Tal møte i FAU	2	2	2	1		
Tal møte i elevrådet	14	12	12	9		
Andel elevar med direkte overgang til vidaregåande skule	100%	100%	100%	97,4%	98,4%	97,8%
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	40,3	43,0	39,7	43,3	40,5 Hordaland	40,1

Nasjonale prøver - Samnanger ungdomsskule og Hordaland.

	SUS 2009	SUS 2010	SUS 2011	H-2011	% av H-2011	Ambisjonsnivå >Hordaland	SUS 2012	H- 2012	% av H-2012
Lesing 8 tr	3,2	3,0	2,8	3,1	- 10%	> 3,0	3,1	3,0	103%
Lesing 9 tr	-	3,7	3,2	3,4	- 6%	> 3,4	3,5	3,4	103%
Engelsk 8 tr	3,2	3,2	3,2	3,0	+ 7%	>3,0	3,0	3,0	100%
Engelsk 9 tr									
Rekning 8 tr	3,5	3,1	3,2	3,1	+ 3%	>3,1	3,2	3,1	103%
Rekning 9 tr	-	3,9	3,4	3,4	Lik	>3,5	3,6	3,5	103%

Gjennomsnitt avgangsprøver - Samnanger ungdomsskule og landet.

SUS	2009	2010	2011	L-2011	Resultat i % av L- 2011	2012	L-2012	Resultat i % av L-2012
Engelsk skriftleg		3,6				4,1	3,9	105%
Norsk skriftleg	3,5		2,9	3,4	85%			
Sidemål skriftleg	4,4		3,3	3,2	103%			
Rekning skriftleg	2,7	3,0	3,2	3,1	103%			

2012 gav svært gode resultat ved alle munnlege eksamensprøver der me hadde sensorar utanfrå. I år var 18 elevar oppe i matematikk – snitt 4,6. 9 elevar i engelsk – snitt 5,1 og 9 elevar i samfunnsfag – snitt 4,3. Dette samsvarar også godt med standpunktarakterane som er grunnlag for grunnskulepoenga, vist annan stad. Eit uvanleg dyktig elevkull!

Brukarundersøking

Me brukar den sentralt gjevne elevundersøkinga for 10.trinnet kvart år. Åttande og niande er med anna kvart år. Våren 2012 var alle elevane våre med på denne undersøkinga. Den gjekk på trivsel, motivasjon, læring, vurdering og rettleiing, arbeidsmiljø og elevmedverknad. Jamt over gode tilbakemeldingar. Delen som går på elevmedverknad har vore stigande. Grunnen er auka fokus frå lærarane, og elevane er meir reflekterte over kva som er medverknad. Det er ikkje gjennomført foreldreundersøkingar i denne tidsperioden.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå => landssnittet 2012	SUS 2009	SUS 2010	SUS 2011	SUS 2012
God teneste kvalitet	Brukartilfredsheit	Elevundersøkinga	Trivsel med lærer	3,4	3,9		3,9
		Foreldreundersøking		-	-	-	-
	Kvalitet etter objektive kriteria	Nasjonale prøver og gj.snitt avgangsprøver	>Hordaland/ 100% av landssnitt	Sjå tabellar nedanfor			
Brukarmedverknad	Tilfredsheit ift brukarmedverknad	Elevundersøkinga				3,3	3,6
		Foreldreundersøking		-	-	-	-
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Målretta og tilrettelagt informasjon	Foreldreundersøking		-	-	-	-
God tenestekvalitet og sørvis	Avvik	Tilsyn/klage antal	0				2

Me har dette året hatt tilsyn frå fylket. Tilsynet gjekk på skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø, § 9a i Opplæringslova. Der står det at alle elevar har rett på eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Sjøv om me har arbeidd mykje på dette området, har m.a. ein eigen plan for å utvikla sosial kompetanse, fekk me nokre avvik. Det resulterte i eit omfattande arbeid som munna ut i ein svært praktisk plan, Rutinar for arbeidet med det psykososiale miljøet ved Samnanger ungdomsskule. På mange måtar fungerer denne no som ein internkontroll.

Trivselsundersøking to gonger i året. Nytt i seinare tid er spørsmåla som vedkjem mobbing og krenkjande åtferd på nettet. 94 % av elevane trivest svært bra eller bra på skulen. Me arbeider heile tida for at også dei resterande fem elevane skal trivast betre. God arbeidsro er viktig for eit godt læringsresultat, og i somme timar er ikkje den god nok. Lite mobbing, men her er det nulltoleranse. Heldigvis rapporterer elevane om svært lite plaging via mobil og nett.

Skulen nyttar faglege kartleggingsprøvar ved starten på åttande trinnet og elles når det trengst.

Økonomi

	2009	2010	2011	2012 rev budsjett	2012 rekneskap	2012 avvik
Brutto driftsutgifter	11.573.800	11.589.600	11.632.780	11.559350		
Brutto driftsinntekter	1570970	1046230	796.900	219350		
Netto driftsutgifter	10.002.830	10.543370	10.835880	11.340000	11.278000	- 62.000

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2009	2010	2011	2012
God økonomistyring	Avvik i ift budsjett	Avvik i kr	0 kr			-34 000	-62 000
		Avvik i %	0 %			0,3%	0,55%

Har i alle år halde budsjettet.

Måloppnåing – konklusjon

Trivsel: Som nemnt ovanfor er trivselen god for så å seia alle elevane. Har tiltak på gang for å betra situasjonen for nokre. Dei tilsette trivest også godt, men tilbakemeldinga var betre i 2007. Krava til dokumentasjon har auka, følgeleg meir travle dagar. Også auka oppfølging innan den psykisk helsa til elevane krev ekstra tid.

Helse: Varm mat i kantina fleire dagar for veka. Elevane får frukt kvar dag. Bra aktivitetsnivå i friminuttane. Fleire enn tidlegare her på skulen slit med psykiske problem av ulikt slag, og dette er ei side som krev ekstra fokus. Sjølv med sosiallærer 2t/v og flinke og omsorgsfulle kontaktlærarar, skulle me gjerne hatt helsesøster her ein dag i tillegg til den dagen ho er her.

Læringsresultat

Både skriftleg og munnleg eksamen gav svært gode karakterar for kullet som gjekk ut i 2012. Alle var oppe i skriftleg engelsk, gode karakterar som enda med eit gjennomsnitt på 4,1; godt over landssnittet.

Munnleg var endå betre, sjå ovanfor.

Nasjonale prøver både på åttande- og niandetrinnet låg over snittet i Hordaland. Einast engelsk i åttande låg likt med Hordaland.

Utfordringar

Ein god stad å vera...

Me har svært kjekke ungdomar ved ungdomsskulen. Dei aller fleste trivest godt både med medelevar og tilsette, anten det er lærarar, vernepleiarar eller assistentar. Der me fangar opp at elevar av ulike grunnar slit i kvardagen, prøver me å ta fatt i det, internt på skulen eller med ekstern hjelp. Me jobbar med psykisk helse i alle klassar, og ynskjer at helsesøster kunne vera her meir enn ein dag for å gje betre hjelp i dette viktige arbeidet.

Elevar med rett til og trong for ekstra tilrettelegging av undervisninga.

Desse får god hjelp, og me greier å løfta dei aller fleste så dei får ein meningsfull skuledag og lærer mykje. Sidan me har så store klassar, må dei for det meste få denne hjelpa i mindre grupper ute av klassen sin. Med fleire delingstimar kunne nok timane til spesialundervisning minkast, og elevane i større mon få vera i klassen sin.

Nye fag og endra undervisningsmåtar.

Regjeringa har kome med ny stortingsmelding om ungdomsskulen for å auka motivasjonen og hindra fråfall i vidaregåande. Eitt av tiltaka er 1,5 t valfag. Dette året har elevane fysisk aktivitet og produksjon av varer og tenester, liknande elevbedrift. Nytt valfag vart i 2012 innført på åttande trinnet, i haust kjem niande med og frå 2014 også tiande trinnet. Størstedelen av tida går frå andre fag. Klassens time vert heilt borte, men 19 timar er utanom den vanlege skuletida, altså ein halv time for veka.

Med fleire klassar under denne ordninga, må ein arbeida for å utvida skuledagen med ein skuletime den dagen barneskulen sluttar tidlegare.

NyGIV- eit tilbod til tiandeklassingar som har vilje og potensiale til å betra karakterane og verta meir motiverte for vidare utdanning. Startar etter jul siste året, men skal ha oppfølging to år på vidaregåande. To lærarar har vore på opplæring i undervisningsmåtar som skal styrkja elevane si evne til å lesa, skriva og rekna gjennom metodar der elevane kan vera aktive gjennom konkretisering, praktisk arbeid og eksperimentering. No har fleire lærarar fått tilbod om liknande kurs, men i mindre målestokk. Denne pedagogikken verkar bra og skal ut til mange. Me er ein lærande organisasjon, og til hausten skal alle tilsette ved ungdomsskulen ha felles planleggingsdag i Ny GIV-metodikk saman med lærarar og assistentar i Fusa og på Tysnes.

Viktig med gode lærarar med både fagleg og sosial kompetanse.

Me har svært mange dyktige lærarar, men ved færre klassar og timar vert det vanskelegare å sikra god kompetanse i alle fag når nokon sluttar, og me ikkje har timar til nye stillingar.

For liten ressurs til leining og drift av skulen.

Som nemnt i førre årsmelding, treng ungdomsskulen auka ressurs til drift, leining og pedagogisk utvikling grunna auka krav til dokumentasjon og nye oppgåver gjennom fleire år. Eitt årsverk dekkjer langt frå det arbeidet som her vert lagt ned av både rektor og inspektør. I lengda går det ikkje med så mykje ”overtid”, og me må også tenkja på stabil rekruttering til slike stillingar. Rektor hadde i budsjettet for 2013 lagt inn 20% auke til inspektøren, som fungerer meir som ein avdelingsleiar, men dette vart stroke. Og sjølv om rektor likar å undervisa og på denne måten får nær kjennskap til kvardagen for både elevar og lærarar, bør timane til undervisning gå ned for å få tid til å driva skulen godt og vera ein lærande organisasjon med alt det inneber innan pedagogisk utvikling. Leiingsressursen må aukast for både inspektør og rektor!

Meistring

Det er framleis ei stor utfordring å klara å gje kvar einskild elev meistringskjensle og tru på seg sjølv i ein for mange altfor teoretisk skule. Me har ein flott ungdomsflokk med mange gode evner av ulike slag, ikkje berre teoretiske.

Årsmelding - Eining for kultur

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Eining for kultur skal arbeida for vår felles visjon, "Samnanger – der du vil leva og bu. Vårt hovudmål er: "kultur for alle". For å nå hovudmålet ynskjer me større mangfald i kulturaktivitetane og eit breiare kulturtilbod.

I kulturlova heiter det at "...kommunen skal syta for økonomiske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for et breitt spekter av kulturverksemd lokalt".

Eininga sitt ansvarsområde er: kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek og kulturskule.



Organisasjon og medarbeidarar

Med unntak av skifte av kultursjef har Eining for kultur ikkje hatt store endringar blant medarbeidarane.

Tabell som viser oversikt over tal stillingar (%) fordelt på type stillingar.

Årsverk	2011	2012	Endring	Kommentarar
Kultursjef	100 %	100 %	0	
Kulturkonsulent	60 %	0	-60 %	Prosjektstilling
Sum kulturkontor	160 %	100 %	-60 %	
Kulturskulerektor	100 %	100 %	0	
Kulturskulepedagogar		214,15 %		
Sum Kulturskulen		314,15 %		
Biblioteksjef	77 %	77 %	0	
Sum Folkebibliotek	77 %	77 %		
Sum årsverk i alt		491,15 %		
Tal tilsette	11	13		
Andel utan godkjent utdanning		2		To av kulturskulepedagogane har ikkje hatt godkjent utdanning.

På kulturkontoret har me hatt ein nedgang på 60 % i stilling. I 2010 og 2011 hadde me høg aktivitet på prosjekter og fikk høve til å oppretta ei prosjektstilling. Når prosjekta var ferdige opphørte stillinga.

På kulturskulen er det årleg ei lita tilpassing på eit par prosentpoeng på kulturskulepedagogane i forhold til behovet. Grunna overgang til nytt personalsystem har me ikkje fått fram talet for kulturskulepedagogane for 2011

Eining for kultur er ei lita eining, så når me får lenger fråvær gjev det store utslag i sjukefråværsstatistikken. I 2012 hadde me eit lengre fråvær på starten av året og eit på slutten. Fråværet har likevel gått ned med 2 prosentpoeng sidan 2011. Eining for kultur hadde lite kortidsfråvær i 2012.

	Mål i SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	11	0,5	0,4	5,1	3,1

Landsnittet for sektoren er 3,8 % for 2011.

Medarbeidarkartlegginga er gjennomført, men den kan ikkje offentleggjerast for ei så lita eining. Svara kjem til å bli nytta i medarbeidarsamtalane som skal gjennomførast våren 2013.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ Landsnittet 2012	2005	2007	2012
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	Statistikk	4,8	-	-	0
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sykefråver	Statistikk	3,8	-	-	3,1
Gode rutinar	Avvik	Internkontroll	0	-	-	0

Det har ikkje blitt gjennomført medarbeidarsamtalar i 2012. Det blei tilsett ny kultursjef våren 2012. For at ein skal ha ynskja kvalitet på medarbeidarsamtalane må leiar og medarbeidar ha kjennskap til kvarandre. Me nytta 2012 til å få denne kjennskapen.

Økonomi

Eining for kultur har eit mindreforbruk på 9 % av budsjettet i 2012. Særskilt Kulturkontoret har eit stort mindreforbruk, medan kulturskulen hadde større inntekter enn budsjettet.

Folkebiblioteket hadde eit lite meirforbruk.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2011	2012
God økonomistyring	Avvik i ift budsjett	Avvik i kr	0 kr	-84 546	268 564
		Avvik i %	0 %	2,9	9 %

Ambisjonen er å nytta budsjettet slik det er vedteke. Nokre budsjetterte vedlikehaldsutgifter som ikkje vart aktuelle i 2012, vakanse og lågare kapasitet på kulturkontoret ga eit mindre forbruk. I tillegg stod der att midlar på budsjettet til jubileumsfesten med BKK på Frøland. Summen av dette gjer at kulturkontoret ikkje klarte å nytta heile budsjettet sitt.

Folkebiblioteket har hatt god budsjettkontroll og har eit avvik på 0,2 %.

Kulturskulen fekk kr 120 000 meir i driftsinntekter enn budsjettet. Den største inntektskjelde er sal av timar til skulane og private, og auka sal av timar utgjorde kr 90 000 av meirinntektene til kulturskulen.

	2011	2012 avvik	2012 rev budsjett	2012 rekneskap
Brutto driftsutgifter	4 896 787	5 033	3 659 561	3 664 649
Brutto driftsinntekter	- 2 051 927	- 273 653	-437 100	-710 753
Netto driftsinntekter	2 844 860	-268 565	3 222 461	2 953 896

Me har i 2012 ikkje hatt fokus på å søka om eksterne prosjektmidlar, men å avslutta dei prosjekta me har hatt gåande. Me har derfor ikkje så mykje driftsinntekter som me hadde i 2011.

Fordeling av nettoutgifter innanfor kultursektoren	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	KG2 2012	Landet 2012
Aktivitetstilbod barn og unge	3,1	10,1	3,2	4,5	6,6	10,4
Folkebibliotek	24,3	37,9	17	20,1	17,3	14,4
Idrett	11,8	9,8	3,1	5,8	9,0	10,5
Kultur- og musikkskular	26	35,5	22	24,0	21,5	13,1
Andre kulturaktivitetar	14,7	-26,7	41,9	28,6	15,2	13,2
Andre føremål*	20,1	33,5	12,9	17,0	30,4	38,4

*Kino, museer, kunstformidling, idrettsanlegg/bygg og kulturanlegg

For S-2012 er det tatt utgangspunkt i rekneskapet til Eining for kultur og rekneskapet for idrettsanlegget hos Teknisk eining. Det er store svingingar i dei ulike kategoriane. Tidlegare år har me fått inn ein del eksterne prosjektmidlar, noko me ikkje har i 2012. I tillegg har me eit mindreforbruk på kulturkontoret som gjev at tala varierar.

Kulturkontoret

Kulturkontoret har ansvaret for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv og folkehelse.

I 2012 hadde kulturkontoret to satsingsområder: kulturnæring, kulturbasert næring og geoturisme (1), og heilskapleg satsing på kulturtiltak for alle i Samnanger (2).

Satsingsområde 1 har vore satsinga for kulturkontoret over fleire år. Målet er å fremja potensialet og stø oppunder kulturnæringar, kulturbasert reiseliv og geoturisme, samt å tilrettelegga for friluftsliv med merking av stiar, kulturminnevern og produktpakking av kulturopplevingar.

Satsingsområde 2 er målet å realisere kulturplanen under punktane: kulturskulen, bibliotek, andre tiltak, kyrkja og trussamfunn og internasjonal kommune. Satsingsområde 2 har òg vore i gang i fleire år.

Tenester og brukarar

Kulturkontoret har ikkje stått for tilskipingar, anna enn jubileumskonserteren på Frøland i 2012. Me har lagt til rette for at frivillige lag og organisasjonar gjennom driftstilskot.

Driftstilskot til frivillige organisasjonar	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	KG2 2012	Landet 2012
Tal frivillige lag som mottek kommunale driftstilskot	18	18	16	13	23	34
Kommunale driftstilskot til lag og organisasjonar i kr pr. lag som mottek tilskot	16 500	12 278	11 312	13 077	16 586	32 553

Tabellane viser ein auke i tilskotet til frivillige lag og organisasjonar i 2012. I 2012 fekk lag og organisasjonar til saman kr 340 000 i kulturmidlar etter søknad, mens totalbeløpet for tilskot til lag og organisasjonar var kr 494 375. Tilskot til lag og organisasjonar utgjorde 15,3 % av budsjettet til eininga.

Ungdomstiltak, idrett, mm	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	KG2 2012	Landet 2012
Årleg tot. opningstimar i fritidssenter i aldersgr 6-20 år pr 1000 innb.	0	0	0	0	407	536
Tilskot til frivillige barne og ungdomsforeiningar pr. lag som mottek tilskot	8 556	12 500	14 333	23 600	8 801	30 380
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr innbygger 6-18 år.	210	437	316	430	753	1 211

Særlege hendingar

I frå januar og ut februar var leiar av kultureininga sjukemeldt. I mars starta Arnved Soldal Lund som ny einingsleiar og kultursjef i Samnanger.

Eininga har i 2012 delteke i eit prosjekt innanfor idrett og friluftsliv og inkludering av fleirkulturelle saman med Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Fjell kommune, Askøy kommune og idretts- og friluftslivsorganisasjonane i Hordaland.

I mars blei planprogrammet for "Kommunedelplan for kulturminne" vedteke og arbeidet med planen kunne starte. Samtidig som me har jobba med planen har me leigd inn Arne Høyland for å registrere kulturminne i Samnanger. I framdriftsplanen såg me for oss at planen skulle bli vedteke på hausten, men arbeidet blei forsinka. Arbeidet med planen har tatt store tidsressursar på kulturkontoret i 2012.

I juni var eininga medarrangør saman med BKK for 100-års jubileet for starten produksjon av elektrisitet på Frøland kraftverk. Eininga hadde ansvaret for matsal, vakthald, aktivitet for barn og annonseringa. Me valte å nytte oss av frivillige lag til matsalet og vakthaldet. BKK leigde inn scene og Åge Aleksandersen med Sambandet. På tross av regnværet har me estimert at me hadde 1 300 personar innom arrangementet.



I september blei "Plan for folkehelse" vedteke og folkehelse blei plassert under Eining for kultur. Samnanger kommune deltek i partnerskapsamarbeidet med 22 andre kommunar i Hordaland under leing av Hordaland fylkeskommune. Kulturkontoret har delteke på partnerskapsamlingane.

Samnanger folkebibliotek

Folkebiblioteka skal ha til oppgåva å fremma opplysning, utdanning og annen kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og anna egna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Verksemda skal vera retta utetter, og tilboda skal gjerast kjent. Folkebiblioteka er ein ledd i eit nasjonalt biblioteksystem. Det skal vera eit godt organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. Folkebibliotekverksemda omfattar også bibliotektenestar for pasientar i sjukehus og helseinstitusjonar og andre som har spesielle vanskar med å bruka biblioteket.

I kulturplanen har me ei målsetjing om eit aktivt bibliotek som skal vera ein møteplass og ein arena for tilskippingar og utsillingar.

Tenester og brukarar


Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2012
God tenestekvalitet	Service	Brukarundersøking	5,2	5,4
	Utlånstilbod/utval		4,4	4,1
	Lokale		4,5	3,5
Brukarmedverknad	4,7		4,8	
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		4,9	3,6
	Informasjon		4,8	4,6
God tenestekvalitet og sørvis	Snitt totalt	4,8	4,3	
	Avvik	Tilsyn/klage	0	0

Brukarundersøkinga på biblioteket hadde ein svarprosent på 27,5 %. Biblioteket skårar rundt landssnittet på alt utanom lokale og tilgjenge. Her skårar me klart lågare.

Folkebiblioteket i Samnanger	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	KG2 2012	Landet 2012
Utlån alle medier pr. innbyggjar	6,18	5,89	6,66	7,3	5,3	4,8
Bokutlån pr innbyggjar	3,68	4,31	4,62	5,4	3,9	3,4
Tilvekst alle medier pr 1000 innbyggjar	537,2	833,3	670,8	764	5,8	245
Besøk i folkebiblioteket pr innbyggjar	1,51	1,41	1,75	1,73	3,9	4,1
Talet innbyggjarar pr årsverk i folkebibl.	3 084	3 109	3 021	3 161	2 566	2 439

I alt hadde me 17755 lån inkludert fornyingar. Dette utgjer 7,3 lån per innbyggjar. I 2011 hadde me 6,66, 0,02 bak Fusa, men godt over gjennomsnittet for Hordaland som var 5,3. Modalen hadde flest utlån med 14,08 per innbyggjar. Utlånsauken frå 2011 er på 3 %. Rekna med fornyingar er auken på 12 %.

Institusjonane står for 30 % av utlånet i 2012. Gjennom godt samarbeid med andre einingar i kommunen når biblioteket langt fleire innbyggjarar enn om bøkene berre hadde vore tilgjengelege i biblioteklokala. Biblioteket og arrangement biblioteket har stått for har til saman hatt 4183 besøk. Det utgjer 1,73 besøk per innbyggjar. I 2011 hadde me 4197 besøk, så tala er ganske stabile.



Prosjekt og samarbeid

I 2012 fekk biblioteket støtte frå Fylkesbiblioteket til biblioteksamarbeid med Fusa og Vaksdal, Nasjonalbiblioteket til "Den kulturelle nistepakken", litteraturformidling for vaksne og Fritt ord til lyrikkformidling. Konserten "I de allerældste dage" som var basert på boka til Tina B. Norup var høgdepunktet i lyrikkformidlinga. Biblioteket stod for 27 formidlingstiltak i 2012, frå små eventyrstunder til store konsertar. Desse arrangementa hadde til saman nærare 500 tilskodarar.

Skulebibliotekgruppa, skulebibliotekansvarlege og biblioteksjef, hadde 3 møter i 2012. Folkebiblioteket heldt Årets nye bøker på Samnanger barneskule. 4. klasse kom på klassebesøk på biblioteket. Ingen klassar frå ungdomsskulen var på klassebesøk på folkebiblioteket. Våren 2012 hadde biblioteksjefen 3 % stilling ved skulebiblioteket på ungdomsskulen.

Biblioteket har eit samarbeid med biblioteka i Fusa og Vaksdal. I samarbeidet er det lagt opp til felles prosjekt og i 2012 blei marknadsføring av dei tre biblioteka valt ut som prosjektet me skal jobba vidare med.



Samnanger kulturskule

Alle kommunar i Noreg har plikt til å gje eit musikk- og kulturskuletilbod.

I kulturplanen er det eit mål at rammetimetalet skal auke slik at fleire grupper kan ta del i kulturskulen, at me aukar støtta til Samnanger skulemusikkklag og gjev meir undervisning på dagtid.

Undervisninga ved Samnanger kulturskule har som mål

- å gje den enkelte elev best mogleg høve til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg
- å gje ei allmenn og praktisk opplæring i ulike musikk- og kulturuttrykk

- å leggja grunnlaget for eit rikt kulturliv i kommunen; ta vare på gamle lokale musikk/kulturtradisjonar og utvikle nye
- å hjelpa til å gje bygda eit positivt ungdomsmiljø, ved å skapa grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan musikk og andre kulturuttrykk

Tenester og brukarar

Kulturskulen har stabile elevtal og ingen barn på venteliste. Me har en liten nedgang i 2012, men ligg rundt dei 25 % det har vore dei siste åra.

Kommunale kultur- og musikkskular	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	KG2 2012	Landet 2012
Andel elevar i grunnskulealder i kulturskulen ifht innb. 6-15 år.	25,9	25	25,6	22,6	25,9	15,0
Netto driftsutg.i kulturskulen ifht innb. 6-15 år	2 327	2 000	2 881	3 066	3 249	2 011

Me har ein høg del av elevar som får instrumentopplæring i forhold til andre kulturuttrykk.

	2009	2010	2011	2012
Elevtal	73	82	74	69
Elevtal "Ballett i vatn"				35
Timar til instrumentundervisning	25,5	27	27,5	26
Timar til dirigent skulekorps			5,0	5,0
Timar til andre kulturuttrykk	3,5	2	3,5	2
Timar til grunnkurs (4.trinn)	1	1	1	1
Sal timar til lag (korps og pensjonistl.)	8,5	9,7	6,5	6,5
Sal av timar til Krokeide skulekorps		5,2	0	0
Sal timar til grunnskulen	5,5	4,0	4,0	4,7
Sal timar til barnehagen	2,0	2,0	2,0	2,0
Sal av timar til "Spaserstokken"				1,0
Sal av timar til Osterøy VGS				1,0
Totalt timetal inkl sal	42,5	50,7	49,2	49,2
Maks. elevkontingent	1982	2081	1900*	2000

Frå 2010 la me om satsane for elevpengar for å få eit enklare system. (Difor variasjonen i elevpengar *)

Me gjennomføret ei brukarundersøking våren 2012. Me ynskja svar frå både elevar over 8. trinn og foreldre. Me fekk diverre ikkje inn mange svar. I tabellen nedanfor er undersøkingane slått saman. Me hadde ein svarprosent på 21 %. Undersøkinga er gjennomført for første gang i 2012.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/landssnitt 2012	2012
God tenestekvalitet	Resultat for brukaren	Brukarundersøking	5,0	5,2
	Trivsel		5,3	5,4
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad		5,1	5,2
	Respektfull handsaming		5,5	5,5
Preset informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		5,0	4,8
	Informasjon		4,9	4,8
God tenestekvalitet og sørvis	Snitt totalt		5,2	5,2
	Avvik		Tilsyn/klage	0

I dei tala som ligg føre ligg me bra an, samanlikna med landssnittet. Det me kan bli betre på, er informasjon til elevane og foreldra. Me bør gjennomføra ei ny brukarundersøking i 2014.

Viktige hendingar i kulturskulen

Ungdommens Kulturmonstring (UKM); er det største arrangementet me skipar til. UKM blir no arrangert første laurdagen i februar kvart år. Samnanger skulemusikklag har delteke i to konkurransar. Dei oppnådde 1. og 2. plass

Av ulike andre arrangement kan me nemna:

- 5 huskonsertar og andre arrangement på Samnangerheimen/ Dagsenteret
- Tutti-Frutti-bandet øver kvar veke på Dagsenteret med publikum frå Samnangerheimen
- 2 pensjonisttreff/festar på heradshuset
- 3 familiegudstenester /konsert i kyrkja på Haga, kyrkja på Ådland
- 1 større prosjekt i samarbeid med Samnanger barneskule 5.-7. trinn, og fleire småprosjekt/fellessamlingar på barneskulen
- *”mini”-konsert på biblioteket i barnebokveka eigen konsert før sommaren og jul
- deltaking på barneskulen sine avslutningar før sommarferien og før juleferien deltaking på Barnas Festspilldag i Bergen.

Måloppnåing – Eining for kultur

Me har delvis nådd målet om kultur for alle, og me ønskjer å bli ein meir aktiv pådrivar for kultur i Samnanger. Me har eit godt samarbeid med barnehagane, skulane og pleie og omsorg. Det gjer at me når barn og unge i førskule- og grunnskulealder og eldre.

Kulturkontoret har prioritert arbeidet med kommunedelplan for kulturminne i 2012.

Kulturminnevern var ein av innsatsfaktorane i satsingsområde 1. Arbeidet med planen har vore tidskrevande. Me har òg avslutta eit prosjekt med å merke 15 turstiar i nærmiljøet med internasjonal merking.

Me hadde i satsingsområde 2 eit mål om eit sikkeleg kulturløft i Samnanger. Kulturkontoret har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre det på ein slik måte som var planlagt. Me har støtta det lokale frivillige kulturlivet slik at dei har hatt høve til å arrangere tilskipingar.

For biblioteket er den største utfordringa lokala og tilgjenga. Me har høge tal for utlån, mens me ligg godt under på besøk. Biblioteket fungerer i dag ikkje som den møteplassen me ynskjer at biblioteket skal vera. Det har for lite areal og det er ikkje universelt utforma. I 2013 ynskjer me å definera kva eit nytt bibliotek skal innehalde.

Gjennom marknadsføring saman med biblioteka i Fusa og Vaksdal vonar me at me kan auke besøkstala til biblioteket. Me ynskjer å få fleire personar til å nytta biblioteket.

Auke i ressursane til kulturskulen er blant dei tiltaka som er prioritert i kulturplanen for kommunen. Alt i budsjettet for 2010 fekk me godkjenning for at dirigenten til Samnanger skulemusikklag skal lønast av kulturskulen. Dette har gjeve korpset eit fantastisk løft og borna strøymer til. Målet om òg å gje juniorkorpset ein timeressurs på 2 timar til eigen dirigent har politikarane gått inn for. Det skal utarbeidast ein plan for vidare oppfølging.

Kulturskulen søkte om pengar til prosjektet Oppdrag Kreativ skuleåret 2011/2012. Me ynskte å prøva ut nye modellar for å få kunstnarar inn i undervisninga; ”Teaching artists”. Me vart tildelt kr 200 000. Prosjektet vart ikkje heilt fullført, mykje grunna mangel på kapasitet. Men det me fekk til, seier me oss svært nøgde med.

Mål som ikkje er oppnådd i kulturplan er til dels kostnadskrevjande, som fleirbrukshall, nytt bibliotek og auka ressursar til kulturskulen.

Utfordringar – Eining for kultur

Den største utfordringa for eininga er å auke aktiviteten. I 2013 blir det dobla stillingsressurs på kulturkontoret. Det vil gjera at kulturkontoret kan auke aktiviteten, mens på folkebiblioteket og kulturskolen er rammene dei same. Det gjer at me må auke samarbeidet innanfor eininga og me må starta prosessar slik at me klarar å fornye oss.

Saman med dei frivillige organisasjonane i Samnanger når me mange, men me når ikkje alle. Den gruppa som er ofte fell utanfor er ungdom og yngre vaksne. Mange frivillige organisasjonar har barn og unge som målgruppe, men fråfallet er stort når ungdomen startar på vidaregåande skule. For å kunne nå målet om *kultur for alle* må me ha eit ekstra auge på den gruppa.

Eining for kultur fekk på hausten ansvaret for folkehelsearbeidet i Samnanger, men arbeidet med folkehelse har ikkje kome i gang. Eininga har i dag samarbeid med dei fleste andre einingane, men me vil få eit auka samarbeid med alle einingane på eit nytt felt. Folkehelsearbeidet er avhengig at me klarar å samarbeide på tvers av einingane.



Samnanger folkebibliotek er i utgangspunktet det tilbodet med har som lettast kan nå alle, men lir under at lokala og tilgjenge ikkje gjer det mogeleg å oppfylla dei måla som er nemnt i kulturplanen. Me skal i 2013 definera kva for eit innhald biblioteket skal ha i framtida.

Rammetimetalet i kulturskulen bør aukast slik at me kan oppnå ”*kulturskule for alle*”.

Stortinget har vedteke at kulturskulen skal gje ein gratis kulturskuletime til SFO frå komande skuleår. Her vil me snarast starta drøftingar med SFO om innhaldet.

Me ynskjer timar i kulturskulen til elevane som går på vidaregåande skule. No er det veldig tilfeldig om dei får plass eller ikkje. Erfaringa tilseier at 5-6 elevar i den aldersgruppa ynskjer å gå vidare. Dette er som regel svært flinke elevar. No må dei velja mellom å halda fram privat, eller å slutta.

For å auke rammene til eininga ynskjer me å forsette det gode arbeidet som blei starta i 2010/2011 med å søka om eksterne prosjektmidlar. Me har avslutta dei fleste prosjekta me hadde og me har kapasitet til å starta nye i 2013.



Eining for pleie og omsorg

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Eininga omfattar Samnangerheimen, heimetenestene (heimesjukepleie og praktisk bistand), respiratorteam, psykiatri, heildøgnsstilbod til funksjonshemma, avlastning, støttekontakt, omsorgsløn, arbeid for funksjonshemma og dagsenter for eldre.



Erna og Sølvi

Verdiar

I eining for pleie og omsorg vil me leggja desse verdiane *tryggleik, respekt og omsorg* til grunn for arbeidet vårt. I desse omgrepa legg me følgjande:

- Tryggleik: Brukarane av tenestene må vita at dei får den hjelpa dei treng og har krav på etter lova, og at kommunen har eit godt og forpliktande samarbeid om tenesteytinga. Dette inneber at tenesteytar må ha kompetente og kvalifiserte arbeidstakarar som kan gje tenester av høg kvalitet.
- Respekt: Brukarane skal møtast med empati / innleving. Tenesteytarane må ha evne til å leva seg inn i brukarane sin situasjon. Dette inneber også at brukarane skal møtast med høfligheit og folkeskikk. Tenesteytarar må snakka til brukaren og ikkje om brukaren. Brukarmedverknad skal vektleggjast. Alle skal møtast med same respekt.
- Omsorg: Tenesteytarane skal hjelpa brukarane og dei pårørande til å oppretthalda verdigheit og respekt for seg sjølv. Tenesteytar skal kompensera for det brukarane ikkje lenger kan meistra ved eiga hjelp

Mål

Eining for pleie- og omsorg vil arbeida mot følgjande mål:

1. Brukarane skal møtast med respekt og omsorg
2. Brukarane skal kjenna seg trygge.
3. Brukarmedverknad
4. Tenesteytar skal stimulera til eigenomsorg og at brukar ivaretek egne ressursar.
5. Tenesteytar skal vera med på å førebyggja helsesvikt hjå brukarane.
6. Brukarane skal få dei tenestene som dei har krav på etter lova.
7. Tenesteytar skal ha kompetanse for å imøtekoma krav om og trong for gode tenester.
8. Det skal vera eit godt samarbeid mellom brukar, pårørande og tenesteytar.
9. Brukarane skal ha ein meningsfull kvardag.

Samhandlingsreforma, meir avansert behandling og auka forventningar hjå brukarar av dei kommunale tenestene gjer at me heile tida er i endring for å møte dei nye krava og utfordringane. Tilsette er dyktige, løysingsorienterte og har brukar/pasient i fokus.

Godt samarbeid med legetenesta (lege kvar tysdag + nokre timar torsdag) og fysioterapeut (på SH ved behov samt hjelper heimebuande som treng hjelpemidlar).

Samnanger kommune gjev gode pleie og omsorgstenester og kan syna til gode tilbakemeldingar frå pasientar/brukarar, pårørande og samarbeidspartar både internt og eksternt. Målet må vera å kunne halda fram med gode og forsvarlege tenester.

Å arbeida med menneske som har eit hjelpebehov er både spennande, utfordrande og til tider svært vanskeleg å planleggja.

	2008	2009	2010	2011	2012
Enkeltvedtak	138	165	227	235	263

Alle som får tenester i eininga får enkeltvedtak med informasjon om type teneste, omfang, rett til innsyn, betaling, lovverk mm.

Samnangerheimen

Tal plassar på institusjonen vart redusert frå 30 til 27 i løpet av 2012. Me førebur oss på mellombels drift i samband med ny sjukeheim. Samhandlingsreforma gjer at me har hatt fleire korttidsopphald. Korttidsopphald er meir krevjande for eininga.

Pasienten er ofte svært sjuk, mykje administrasjon (medisin, journal, blodprøvar mm). Tidlegare var korttidsopphalda stort sett 2-3 veker, lengda har auka med Samhandlingsreforma.

Me har greidd å ta imot pasientar som er meldt utskrivingsklare. Me opplever at pasientar vert skrivne ut svært tidleg, og det krev høg kompetanse samt tett samarbeid med lege.



Odd Agnar og Kristoffer

	2008	2009	2010	2011	2012
Korttidsopphald	23	22	33	31	54
Avlasting u/ bet	6	2	5	8	12
Langtidsopphald	13	8	8	6	13
Avslag	6	7	8	5	8
Dødsfall	11	15	10	12	14

Heimetenesta

	2008	2009	2010	2011	2012
Samla	72	60	58	67	68
Berre reinhald	15	14	14	12	11
Berre heimesjukepleie	21	11	12	20	29
Begge delar	36	35	32	35	28

Samla tal brukarar er nokså stabilt, men hjelpebehov/omfang har auka. Fleire ønskjer å vera heime, og samhandlingsreforma gjer at krav til kompetanse aukar.

Dagsenter

Opningstid er måndag, tysdag og torsdag, kl. 9.00 –15.00 (inkl transport). Opningstida er regulert av arbeidstida for dei tilsette. Sidan me kjører til/frå dagsenteret sjølve, er me avhengig av at dei tilsette rekk attende til Samnangerheimen innan arbeidstida er slutt.

Dagsenteret var stengt 4 veker i sommar. Det er ikkje lagt inn i budsjettet midlar til å halde ope om sommaren. Brukarar som hadde behov for dagtilbod i denne perioden fekk tilbod på Samnangerheimen.

	2008	2009	2010	2011	2012
2 dg/veke el meir	2	4	5	8	9
1 dg/veke	15	13	15	10	10
1 dg/annakvar veke	2	1	0	2	0



Middag på dagsenteret

Funksjonshemma

Ny koordinator for funksjonshemma vart tilsett i august ned ansvar for bufellesskapa på Skottebakken (5 brukarar) og Haga (2 brukarar + 1 heimebuande), aktivisering og dagtilbod (arbeid og skule) for personar med nedsett funksjonsevne (støtte-/fritidskontaktar, avlastning, besøksheimar, ansvarsgrupper og individuelle planar). Kontakt med ca 25 brukarar.

Kjøper i dag avlastning på Vevlestova og i Kvam kommune.

Arbeid/dagtilbod i Arna og Øystese (Storeholmen)

Psykatri

Arbeidsoppgåvene er allsidige i psykiatri: samtalar, fylgje til bank, post, butikkar, lege, sosialkontor, hjelp med medisinar, tillaging av dosettar, personleg hygiene, kjøring og henting ved sjukehus eller poliklinikk, kontakt med politi og prest.

Dagsenter x 1 pr veke (dagsenter, bading eller anna aktivitet). Samarbeid med 2.linetenesta.

Faste samarbeidsmøte kvar månad med Solli sjukehus/poliklinikk.



Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk	2011	2012	Endring	Kommentarar
Sjukepleiar SH+heimetenesta		9,95		I 2012 har faktisk tal vore 5,5 årsverk.*
Helsefagarb SH+heimetenesta		22,89		
Pleiemedhjelp SH+heimetenesta		4,5	-1,00	(100%) Kommunestyrevedtak
Vernepl/spl/ergo Bufellesskap		2,8		
Helsefagarb Bufellesskap		7,51		
Pleiemedarb Bufellesskap		3,18		
Sekretær	1,80	1,80		I tillegg 0,2 prosjekt ny sjukeheim
Årsverk psykiatri	2,00	1,90	- 0,10	(10%) Kommunestyrevedtak
Årsverk dagsenter (eldre)		0,85		
Årsverk arbeidsstove SH	0,48	0,48		
Årsverk kjøkken (SH)	3,84	3,84		Litt administrasjon i dette
Årsverk reinhald (SH)	1,82	1,82		
Leiar (adm)	3,80	4,0	(+ 0,20)	Plo leiar, 2 avd. sjukepleiarar, avd. leiar funksjonshemma (20% dekkja inn over ordinære stillingar, vakanse)

*Mange permisjonar som har gjort det utfordrande med få sjukepleiarar. Har gjort at avd.sjukepleiarane har fått svært lange dagar og veker i periodar. I tillegg til leiaroppgåver har dei fungert som sjukepleiarar.

Oversikt over sjukefråvær

	Mål for SK	2009	2010	2011	2012
Sjukefråvær i %	6,0	8,5	9,8	14,2	10,9

Sjukefråværet var høgt i 2011 og det vart sett i gang ulike tiltak (tettare oppfølging, meir kompetanse om temaet og tilrettelegging) for å få redusert fråværet. Landsnittet i 2011 i pleie og omsorgssektoren var 11%. Tiltaka saman med nokre tilfeldige svingingar har gitt eit lågare tal for 2012.

Medarbeidarkartlegging

I disse postkassane kan tilsette (inkl. institusjon, open omsorg, stab, funksjonshemma) leggje meldingar til leiarar; ris, ros og anna dei vil melde attende.



2012				
Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Snitt Samnanger	Pleie og omsorg
Tydeleg leiing Godt arbeidsmiljø Kultur for læring og fornying	Snitt totalt	4,6	4,6	4,4
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6	4,5
Oppfølging IA-avtalen/HMS	Sykefråver	< 6		10,9
Gode rutiner	Avvik	0		0

Drøfta medarbeidarkartlegginga og brukarundersøkinga i møte med tillitsvalte/verneombod .

- Jamt over gode tal. Ligg omtrent som resten av landet.
- Litt dårleg på fysiske arbeidsforhold. Knytt til post 4/5 og behovet for ny sjukeheim.
- Tilbakemeldingane er at arbeidsmiljøet er godt.

Brukarundersøkingar

Heimetenesta

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2004	2009	2012
God tenestekvalitet	Resultat for bebuaren	Brukarundersøking	4,3	3,8	3,3	4,4
	Trivsel		4,8	-	-	4,6
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad		4,2	3,7	3,2	4,3
	Respektfull handsaming		5,1	3,9	3,1	4,9
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		4,6	3,5	3,1	4,8
	Informasjon		4,4	3,6	3,1	4,5
God tenestekvalitet og sørvis	Heilskapsvurdering		5,0	3,8	3,3	4,8
	Avvik		Tilsyn/klage	0		

- Fokus på respekt. Uansett om ein har ”god” eller ”dårleg tid” må ein alltid syna respekt for brukarar. Kvar tilsett har eige ansvar for å syna respekt. Me skårar ikkje dårleg på dette punktet, men det er grunn til å strekkja seg mot eit betre resultat.

- Elles mykje gode tilbakemeldingar på gode tenester og flinke tilsette.

Bebuarar institusjon

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2004	2009	2012
God tenestekvalitet	Resultat for bebuaren	Brukarundersøking	5,1	3,1	3,3	5,4
	Trivsel		5,4	3,2	3,3	5,3
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad		4,8	2,9	3,2	4,5
	Respektfull handsaming		5,6	3,2	3,3	5,7
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		5,1	3,4	2,9	5,2
	Informasjon		5,1	2,8	2,9	5,0
God tenestekvalitet og sørvis	Snitt totalt		5,2	3,2	3,2	5,2
	Avvik		Tilsyn/klage	0		

- Mykje god tilbakemelding frå bebuarane på Samnangerheimen. Dette samsvarar med det me høyrer til dagen frå dei som bur her.
- Skal ha meir fokus på primærkontaktordninga og inkomstsamtalar. Det er nye skjema for inkomstsamtale.

Pårørnde institusjon

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjonsnivå/ landssnitt 2012	2004	2009	2012
God tenestekvalitet	Resultat for brukaren	Brukarundersøking	5,3	3,6	3,1	4,8
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad		4,5	3,7	3,3	3,9
	Respektfull handsaming		4,7	3,7	3,2	4,3
Presis informasjon om kva brukarane kan forvente	Tilgjenge		5,1	3,4	2,9	4,5
	Informasjon		5,1	3,5	2,8	4,6
God tenestekvalitet og sørvis	Snitt totalt		4,9	3,6	3,3	4,4
	Avvik		Tilsyn/klage	0		

- Litt låg svarprosent og litt låge resultat samanlikna med resten av landet.
- Me opplever mykje positive tilbakemeldingar, men tar resultatet til oss.
- Må lage tenesteomtalar slik at pårørnde veit kva me kan tilby. Forventar dei meir enn det me kan tilby?
- Små rom/doble rom er negativt spesielt for pårørnde.
- Inkomstsamtalar vil kanskje kunne avklara litt forventningar.
-

Økonomi

	2011	2012
Dagsenter		
Brutto driftsutgifter	1002147	10002793
Brutto driftsinntekter	-471312	-715301
Netto forbruk	530835	285740
Funksjonshemma		
Brutto driftsutgifter	10829534	11603402
Brutto driftsinntekter	-2099000	-2746436
Netto forbruk	8730462	8856966



Kari og Kristian

Psykiatri		
Brutto driftsutgifter	1261593	1243581
Brutto driftsinntekter	-1922	-78200
Netto forbruk	1259671	1165381
SH og heimetenesta		
Brutto driftsutgifter	39076843	38853381
Brutto driftsinntekter	-7535032	-7324107
Netto forbruk	31541811	31529474

I tillegg kjem drift av respirator og arbeidstilbod funksjonshemma. Stort budsjett, omfattande tenester og ei eining i stadig endring gjer at det er vanskeleg å treffa heilt med budsjettet. I 2011 hadde eininga eit overforbruk, medan det i 2012 vart eit underforbruk. Stor fokus på økonomi i eininga.

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2012
God økonomistyring	Avvik i ift budsjett	Avvik i kr	0 kr	-789 000
		Avvik i %	0 %	-1,69

Ting me får til

- Er gode på LCP (behandling i siste fase av livet; smertelindring, kvalmestillande, åndelege behov, oppfølging av pårørande mm)
- Godt samarbeid med 2.linjetenesta
- Aukar jamleg fagleg kompetanse
- MEDCED (kompetanseheving for tilsette innan temaet bruk av tvang knytt til pasientar med demens)
- Demensomsorgens ABC
- Tek imot utskrivingsklare pasientar
- Arbeidd fram avtale om Kols- og Diabetesteam (saman med Os og Fusa)
- Tilsette har teke på seg oppgåver/ansvar (ansvarleg for syn, hørsel, ernæring mm)
- Årturnus

Utfordringar

- Bemanna respiratorteamet
- Nok vikarar
- Ny sjukeheim og mellombels drift
- Nytt senter for funksjonshemma
- Samhandlingsreforma
- Sikre kompetanse
- Få på plass gode tenesteavtalar som er forankra i organisasjonen
- VTA (varig tilrettelagt arbeid) plassar for dei som oppfyller kravet
- Fullt på dagsenteret. Areal og bemanning set grenser for tilbodet.
- Agresso fungerer godt til å betale rekningar, men har gjort at me fekk utfordringar med å kvalitetsjekka faktisk stilling og utbetaling av løn
- Høyrselelegen kjem ikkje lenger ut til Samnanger
- Reduserte inntekter har gitt redusert bemanning. Dette er utfordrande i periodar
- Meldingsløftet (elektroniske meldingar mellom kommune og 2.linjetenesta)

Sosial og Helse eininga

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Eininga har eit stort ansvarsområde med tunge fagfelt som omfattar lege, jordmor, fysioterapi, helsestasjon, sosialtenesta i NAV Samnanger og barnevern. I tillegg har eininga ansvar for flyktingearbeidet .



Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk i eininga	2011	2012	Endring	Merknad
Einingsleiar	0,4	0,4		
Helsestasjonen	1,225	1,325	0,1	
Jordmortenesta	0,3	0,3		Bør aukast.
Fysioterapitenesta	1,0	1,0		I tillegg kjem driftsavtale med ein fysio-/manuellterapeut.
Legetenesta				Det er inngått driftsavtalar med 4 legar som til saman ufører ca 2 årsverk kurativt verksemd. Det vert kjøpt legevakttenester av Os kommune. Over helsebudsjettet er og bemanning knytt til førstehjelpsbil.
Kurativt	2,0	2,0		4 fastlegehjemlar med tot.lisenstak på 2925 pasientar. Fastlegehjemlane er fordelt over totalt 10 kurative legedagar pr veke. Me har derfor normalt 2 legar i kurativt arbeid kvar dag gjennom veka.
Tilsynslege Samnangerheimen	0,3	0,3		Fordelt på to stillingar: 0,1 og 0,2 årsverk
Helsestasjonslege/skolelege	0,1	0,1		
Kommuneoverlege	0,3	0,3		
Helsesekretær	2,2	2,2		Fordelt på 3 sekretærar, der leiande helsesekretær har stillingsressurs på 0,9 årsverk.
Sum årsverk Helse	7,825	7,925	+0,1	
Tal tilsette Helse	12	12		
Sosionom	0,8	0,9	+ 0,1	
Jurist	0,3	0,4	-0,1	
Flyktingkonsulent	0,9	0,4	-0,5	
Einingsleiar	0,2	0,2		
Sum årsverk NAV/sosial	2,2	1,7	-0,3	
Tal tilsette NAV	4	4		
Einingsleiar	0,4	0,4		
Barnevern	1	1		
Miljøterapeut	1	1		
Sekretær/merkantilt	0,2	0,2		
Sum årsverk Barnevern	2,6	2,6		
Tal tilsette barnevern	4	4		
Sum årsverk totalt	12,63	12,43	-0,2	
Sum totalt tilsette	20	20		

	Mål for SK	Landet i 2011	Eininga i 2012
Sjukefråvær i %	6,0	3,8	4,0

Medarbeidarkartlegging i Sosial og helseeininga

2012				
Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjons-nivå	Snitt Samnanger	Sosial og helse
Tydeleg leiing Godt arbeidsmiljø Kultur for læring og fornying	Snitt totalt	4,6	4,6	4,9
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6	5,5
Oppfølging IA- avtalen/HMS	Sykefråver	< 6		9,4
Gode rutiner	Avvik	0		0

Ikkje alle nytta høve til å svara på medarbeidarkartlegginga. Det er eit mål å få fleire med. Tilbakemeldingane frå dei tilsette gjennom medarbeidarkartlegginga var gjennomgåande svært gode. Scoren på alle områda unntatt for spørsmål om løn ligg godt over landsgjennomsnittet. Eininga hadde 2 vellukka fellessamlingar på Frøland kraftverk i 2012 med sosialt og fagleg innhald.

Økonomi

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	2012
God økonomistyring	Avvik i ift budsjett	Avvik i kr	0 kr	-47 000
		Avvik i %	0 %	-0,27

M.a. grunna store inntekter gjekk eininga med eit lite mindreforbruk.

Helsetenesta: lege, helsestasjon, jordmor og fysioterapi

Nøkkeltal

	Helsestasjon		Skulehelsestasjon		Svangerskapsomsorg	
	2011	2012	2011	2012	2011	2012
Faste konsultasjonar	496	545	278	292	160	170
Ekstra konsultasjonar					5	8
Telefon konsultasjonar					33	43
Fødselstal	27	31			27	36

Helsestasjonen har ført både ekstrakonsultasjonar og ordinære i same kolonne. For skulehelsetenesta er dette reine konsultasjonar som samtalar og veging av 3. og 8. klassetrinn m.m., ikkje medrekna vaksinasjonar av heile klassetrinn.

Helsestasjonen har hatt 10 barselgruppe-samlingar på helsestasjonen for ulike grupper.

Fysioterapi		2012
Henvisning til fysioterapeut	Helsestasjon/skulehelseteneste	16
	Vaksne med tilbod	31*
	Multifunksjonshemma med tilbod	-
Hjelpemiddel	Verdi av utleverte tekniske hjelpemiddel frå NAV til brukarane	1,2 mill
	Dokumenter/søknadar vedk. hjelpemiddel sendt til NAV-hjelpemiddelsentralen	68 brukarar **

*Ikkje talt med brukarar av dagsenter og bebuarar på Samnangerheimen som deltek på fellestrim. Det er fast fellestrim 3 dagar for veka på Samnangerheimen/dagsenteret.

** Det finnst ikkje statistikk over tal korrespondansar med Hjelpemiddelsentralen. Det var i 2012 68 aktive brukarar. Alle søknader på rørslehjelpemiddel blei sendt av kommunefysioterapeuten, og for nokre av brukarane var det fleire søknader. Totalt blei det utlevert 205 hjelpemiddel til dei aktive brukarane.

Legetenesta

Ansvarsområde

Legetenesta har ansvar for allmennlegetenesta ved Samnanger legekantor, tilsynslegetenesta ved Samnangerheimen og legetenesta ved helsestasjonen og skulehelsetenesta. I tillegg har kommuneoverlegen samfunnsmedisinske oppgåver og ansvar, som miljøretta helsevern, smittevern, helseovervaking, helsereelatert beredskap, medisinsk faglig rådgiving overfor kommunen, samt deltaking i kriseleing ved behov. Kommuneoverlegen er leiar for legekantoret.



Sjukefråvær i 2012	9,4 %
---------------------------	-------

Me har i 2011 ikkje hatt arbeidsulykker i legetenesta. Arbeidsmiljøet er godt. Landsnittet for sektoren er 3,8%.

Måloppnåing

Samnanger kommune har gjennom mange år hatt utfordringar knytt til ustabil legedekning ved legekantoret. Det vart difor i 2009 gjennomført omlegging til interkommunal legevakt og omgjering av turnuslegestillinga til fast tilsatt lege. 2012 har etterfylgt 2011 og 2010 som eit stabilt år ved legekantoret. Ein lege har vore ute i permisjon, og det har vore engasjert vikar for ho. Utover dette har det ikkje vore utskiftingar i personalet.

Pasientstatistikk

	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt antal listepasientar	1981	Manglar tal	2043	2056	2112

Ein ser altså at det er ei auke på 131 listepasientar sidan 2008, noko som tilsvarar 6,6 % auke. Dette er klart over auken i folketalet i Samnanger. Vi har difor hatt ei netto auke i listepasientar i Samnanger sidan 2008. Dette tyder på at pasientar som tidlegare har nytta fastlege i omkringliggende kommunar, no i aukande grad vel legar ved vårt eige legekantor. I tillegg ser me at nokre pasientar frå andre kommunar også vel seg fastlege ved Samnanger legekantor. Vi har god kapasitet ved legekantoret, kort ventetid, og fortsett ledig listekapasitet hos 3 av 4 legar.

Brukarundersøking

Vi har ikkje hatt brukarundersøking i 2012. Det er likevel ein intensjon om å gjennomføre dette anna kvart år. Ressursmangel gjer at dette arbeidet må nedprioriterast.

Samarbeid med andre kommunale instansar

Legetenesta samarbeider med andre kommunale instansar, så som Samnangerheimen, pleie- og omsorg (inkl. demensteamet), psykiatritenesta og First Responder. Vi opplever samarbeidet som godt og velfungerande.

Viktige hendingar

Det har ikkje vore nokre større utfordringar/hendingar vedr drifta av legekantoret i 2012.

Det har heller ikkje innanfor smittevern og miljøretta helsevern vore større hendingar i 2012.

Utfordringar vidare

Samhandlingsreforma

Regjeringa la fram sin stortingsmelding om samhandlingsreforma i 2009. Hovudmål med denne reforma er å få til betre samhandling mellom 1. og 2. linetenesta, auke det førebyggjande arbeidet, og ikkje minst overføra meir ansvar for pasientbehandling til kommunane, behandling som til no har vore utført i 2. linetenesta. Ny helselov og ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester vart gjort gjeldande frå 01.01.2012. Saman med ny nasjonal helse- og omsorgsplan, vil desse verkemidlane vere naudsynte for å heimla endringar som trengs for å nå dei nasjonale måla i samhandlingsreforma. Året 2012 var oppstartsåret for samhandlingsreforma..

Samnanger kommune inkl. legetenesta har hatt auka fokus retta mot helsefremmande og førebyggjande helsearbeid. Ny lov om folkehelse vektlegger likevel at dette ikkje lenger skal vere eit ansvar for helsetenesta aleine, men at heile kommunens ulike sektorar skal bidra, og at dette i større grad skal fellast ned i kommunens planarbeid.

Samhandlingsreforma vil framover krevje utfordringar i forhold til økonomisk ressurstilgang og tilgang til kvalifisert legeressurs. I 2012 har det vore samhandlingsmøte mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger der også legane har delteke. Det har m.a. vore arbeidd for å leggja til rette for eit interkommunalt KOLS-team og eit interkommunalt diabetes-team. Oppstart av teama er i 2013. Dette blir eit verdifullt reiskap for å styrke enkelte utsette pasientgrupper.

Opplæring

Legane må årleg gjennomføra ei rekke obligatoriske kurs, for å oppnå og behalde spesialiteten i allmenntmedisin. Då helsesekretærarane ikkje må ha obligatoriske kurs, vert vidareutdanning og fagleg oppdatering gjennomført i mindre grad for dei. Dette skuldast stramt kursbudsjett.

Legevakt

2012 har vore det tredje heile året med interkommunal legevakt. Etter nokre år med innkjøring fungerer den interkommunale legevakta sett frå legetenesta si side godt. Det er få uønskte hendingar. I desember 2012 flytta legevakta inn i nye og tenlege lokalar i Os.

Helsestasjon

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Helsesøster sitt hovudansvar er å driva førebyggjande arbeid i aldersgruppa 0-20 år. Under dette kjem helseundersøkingar, rådgjeving, psykososialt arbeid, opplysningsarbeid individuelt og i grupper, heimebesøk, oppsøkjande verksemd, samarbeid med skule om undervisning og oppfølging av barn med særskilde behov, informasjon og tilbod om vaksine og elles tverrfagleg samarbeid.



Hovudmål for helsestasjonen er å yta best mogeleg hjelp og støtte til innbyggjarane i Samnanger innanfor målgruppe, etter nasjonale forskrifter og rettleiar.

Helsestasjonen har overhalde sine økonomiske rammer, og har ikkje noko nemneverdig budsjettoverskriding. Me har kun eit barn som ikkje fekk tilbod om heimebesøk ved fødsel, desse fekk tilbod om heimebesøk på helsestasjon.

Særlege hendingar

Helsestasjonen fekk auka opp helsesøsterstillinga med 10% frå 2012. Denne auken var det frå kommunen si side ynskje at skulle tilfalle stillinga med 40% storleik.

Utfordringar

Utfordringane vidare er å halda oppe kvaliteten på helsestasjonen. Helsesøstrene må gå på kurs for å auka kunnskapen og kompetansen sin. Helsestasjonen må tilstrebe eit framleis godt samarbeid med samarbeidspartnarane sine i kommunen. Helsestasjonen ynskjer eit godt og stabilt kontor på skulane, og ei god ordning for kontorfordeling på Helsetunet.

Fysioterapitenesta

Utfordringar

Som den personen mest kunnskap til hjelpemiddel er det ein utfordring å halde seg oppdatert på alle områda. Det har dei siste åra kome ein del nye hjelpemiddel i forhold til kognisjon, kommunikasjon og styring av "alt" som ein har i bustaden. Den teknologiske utviklinga går raskt framover. Det er avansert når ein t.d. kan styra "alt" ved hjelp av augestyling. Dette er område som naturleg fell til ein ergoterapeut eller i nokon tilfeller logoped / spesialpedagog sine arbeidsoppgåver. I mangelen av desse profesjonane har kommunefysioterapeuten måtta satt seg inn i det, og formidla desse hjelpemidla. Eg ser for meg at dette kan auka i åra framover, og kommunen har behov for ein ergoterapeut som kan jobbar med tilrettelegging av dagleglivet for brukarane.



I den nye Helse- og omsorgstenestelova står det i § 7-3 at kommunen skal ha ein koordinerande eining t for habilitering og rehabilitering, noko Samnanger kommune ikkje har.

Jordmortenesta

Talet på nye gravide var om lag uforandra i 2012. Om lag 30 frå Samnanger og 3 frå nabokommunar. Fødde barn i kommunen var 33, herav 30 i kommunen. Innkjøp av "godstol" på venterommet primært til dei gravide og dei som ammar. Distriktsjordmødrene arr. fagdag.

Utfordringar

Tal gravide som kjem til jordmor ser til å verta som i 2012. Dei gravide skal fylgjast opp i svangerskapet på ein medisinsk forsvarleg måte. Me har gravide med risikosvangerskap og fødselar, som krev meir oppfølging og resursbruk.

Nokre av kvinnene som har fødd, har ynskt å konsultera jordmor etter fødselen. Det er i h.h. til St.melding 12 "en gledelig begivenhet", dep. rettingslinjer og nye "Retningslinjer for hjemmefødsel, svangeskap, fødsel og barseltid: I trygge hender" som no er til høyring.

Mål 2013

Samsvarar med utfordringane i 2012.

Skulering via kurs/ seminar.

Gravide i arbeid. Ynskjer å få til eit samarbeid med fastlege, jordmor, fysioterapeut og evt. NAV og aktuelle arbeidsplass.

NAV/Sosial

Ansvarsområde

Arbeider hovudsakleg utifrå Lov om sosiale tjenester og etter introduksjonslova for innvandrarar som nyleg er komne. Tenesta skal fremja økonomisk og sosial tryggleik, betra levekår for personar som har det vanskeleg, bidra til auka likeverd og likestilling og å førebyggja sosiale problem. Tenesta skal også bidra til at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfullt liv i fellesskap med andre.

Målgruppa er alle vaksne over 18 år.

Sosialtenesta skal yta økonomisk sosialhjelp utifrå dei til ei kvar tid gjeldande satsar i kommunen. I tillegg til å gjeva råd, rettleiing og driva med sosialt førebyggjande arbeid.



Nøkkeltal

Brukarar som	2012	Samnanger % av innb.	% Landet
..har motteke økonomisk sosialhjelp	48	2,0	2,4
..kun har motteke råd og rettleiing	1		
Totalt tal brukarar	49		

Målet har vore å få så mange mottakarar av økonomisk sosialhjelp som mogeleg over i inntekstgjevande sjølvstendig arbeid, gjennom NAV Stat eller på ulike formar for trygdeytningar gjennom NAV Stat. I samarbeid med NAV Stat og gjennom systematisk og grundig arbeid frå sosialtenesta, har det lukkast å redusera talet på passive langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp monaleg.

Utdjupande tenesteindikatorar	2010	2011	2012
Sosialhjelpstønad...			
..gj.snittleg utbetaling pr. stønadsmånad	5 715	4 606	4 941
..gj.snittleg stønadslengde, månadar	5,2	4,0	4,7
- For mottakarar 18-24 år	5,9	4,0	4,3
- For mottakarar 25-66 år	5,0	4,0	4,8
Andel sosialmottakarar med ...			
..% med stønad i 6 mnd eller meir	42,2	31,0	28,6
..% med sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntekt	43,8	55,2	51,0

Det var nokre få personar som mottok gjeldsrådgeving i 2012.

Antal personar som var inne i kvalifiseringsprogrammet i løpet av 2012 var 3, men pr.

31.12.2012 var talet 2 personar, eit tal som skal aukast til 3 i 2013.

Samnanger har busett flyktingar. Det har vist seg svært arbeidskrevjande og vanskeleg å lukkast med arbeidet med integrering.

Utfordringar i 2013

- Fortsatt kvalitetssikra tenesta gjennom å sikra rettstryggleiken for brukarane. Dette er å ha maksimum 3 vekers sakshandsamingstid frå søknadane som kjem inn, og å sikra at kvar einskild søker får det ein har krav på etter lova.
- Gjera tenesta så synleg og ivaretakande som mogeleg, og å samarbeida med andre delar av forvaltninga både internt i kommunen og eksternt. Interne samarbeidspartnarar kan vera eining for pleie- og omsorg og då spesielt konsulent for funksjonshemma, psykiatrisk sjukepleiar og kommuneoverlege. Eksterne kan vera til dømes ulike institusjonar innan psykiatrien og rusomsorgen. Det er også friviljuge organisasjonar som til dømes Røde Kors og Frelsesarmeen. Spesielt viktig vert samarbeidet frametter i NAV Samnanger.
- Jobba vidare med det nye Kvalifiseringsprogrammet etter Lov om sosiale tenester Kap. 5 A. Dette er eit arbeidskvalifiseringsprogram finansiert av statlege midlar administrert av kommunen i den nye NAV- reformen. Tanken bak er å kartleggja og hjelpa mogelege eksisterande og nye brukarar som kan tenkjast å ha ei arbeidsevne fullt ut eller delvis, som kan hjelpast attende inn i arbeidslivet. NAV Samnanger hadde eit måltal for 2012 på 2 nye brukarar. Eit mål me rakk.
- Vektleggja førebygging som eit ledd i å motverka og å forhindra sosiale problem. Spesielt viktig er det her å gripa fatt i dei personane som både slit med rusproblem, psykiske problem og økonomiske problem. Dette er ei aukande gruppe som krev ekstra ressursar.
- Redusera tal langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp ytterlegare.
- Betre integrering av flyktningane i lokalsamfunnet. Det er då viktig å få dei ut i utdanning og arbeid.

Samarbeidet i NAV Samnanger har vore særst godt i 2012, med ein felles kultur og eit særst godt og konstruktivt samarbeid mellom dei tilsette til beste for publikum som skal møte ei felles dør og eit felles kontor.

Barnevern

Ansvarsområde

Barneverntenesta skal sikra at born og unge som lever under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal også bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Barneverntenesta skal følgja nøye med i dei tilhøve borna i kommunen lever under, og har eit ansvar for å finna tiltak som kan førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Tenesta har eit spesielt ansvar for å søkja om mogeleg å avdekkja omsorgssvikt, åtferdsproblem og sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan unngåast, og å freista å setja inn tiltak i høve dette.

Hovudmålgruppa er born og unge i alderen 0- 18 år, men barneverntenesta kan og hjelpa unge fram til 23 år dersom det er behov for hjelp i særskilde høve utifrå ei konkret og individuell vurdering.



Bekymringsmeldingar og undersøkingar

	2009	2010	2011	2012
Bekymringsmeldingar (Kvart barn kan ha fleire meldingar).	26	27	23	30
Nye undersøkingar dette året	21	18	20	28
Totalt antall avslutta undersøkingar dette året	21	17	21	21
Over 3 mnd frist	7	3	6	13
Over 6 mnd frist	0	0	0	0

Barn med tiltak

	2009	2010	2011	2012
Barn med tiltak i familien	14	19	19	13
Barn med tiltak både i og utanfor familien gjennom året	0	0	2	4
Barn med tiltak utanfor familien	6	5	5	7
Totalt antall barn med tiltak gjennom året	20	24	26	24

I tillegg kjem barn som er plassert i kommunen av andre kommunar og som barneverntenesta i Samnanger har tilsynsansvar for:

2009	2010	2011	2012
2	2	3	4

Måloppnåing

Utifrå dei tidsfristane som lova set opp, har alle nye saker vore handsam innanfor fristane med omsyn til dei ulike fasane ei ny sak er inne i. Dette er ein rettssikkerheitsgaranti for brukarane som er særskilt viktig å halda.

Utfordringar vidare

Mange saker er svært krevjande og krev mykje kompetanse som me må skaffa oss. Fortsetja arbeidet med å ”ufarleggjera” barneverntenesta, gjennom å synleggjera tenesta for innbyggjarane som ei hjelpeteneste, og gjennom samarbeid med ulike instansar i kommunen, både offentlege, private og friviljuge. I dette ligg også å jobba førebyggjande.

Barneverntenesta er hovudsakleg ei hjelpeteneste som er til for å hjelpa born og unge, og tenesta vil fortsetja å leggja særleg vekt på det førebyggjande arbeidet. Samarbeid med internt med skulane, barnehagane, helsesøster og Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), vert også særleg viktig å prioritera. Viktig er også å samarbeida vidare eksternt med til dømes Bufetat og herunder fosterheimar og barnevernsinstitusjonar, i tillegg til rusomsorgen og barne- og ungdomspsykiatrien, i tillegg til andre kommunale barneverntenester og Barnevernvakten og Barnehuset ved Hordaland Politidistrikt i Bergen.

Lova set opp ulike fristar for sakshandsaming av bekymringsmeldingar som tenesta mottek både frå private og offentlege meldarar, og ein vil ha særskild merksemd på dette slik at krava i lova vert oppfylde i dei ulike fasane som ei barnevernssak kan vera i. Samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland er her spesielt viktig, sidan Fylkesmannen er kontrollinstans og kan i tillegg gjeva råd- og rettleiing i ulike spørsmål.

Barneverntenesta vil også revidera eksisterande fosterheimsplan i løpet av året 2013.

Teknisk eining

Ansvarsområde med visjon og hovudmål

Teknisk eining har ansvar for :

Bygningssaker, delingssaker m.m.

Kart og oppmåling

Plan og Miljø

Vedlikehald av kommunale bygg, veg-,
vatn- og avlaupsanlegg.

Feiing, brann og redningsvesen.



Samnanger har felles landbrukskontor med Fusa Kommune. Kontoret har kontordag i Samnanger kvar måndag. Feiartenester vart kjøpt inn frå Vestnorske Feieterester for delar av 2012, av di kommunens feiar slutta i stillinga. Eininga har tilfredstillande kompetanse på dei områda me har ansvaret for. Sentrale personar i eininga har vore knytt mot store prosjekt i 2012, noko som har ført til redusert kapasitet for eininga i perioden.

Eininga har fått inntekter over budsjett på byggesak og oppmåling. Dette er ikkje representativt for eit normalår, då mykje av inntektene skriv seg frå ferdigstilling av ”gamle påbegynte saker”. Nytt gebyrregulativ vert innført for 2013.

Organisasjon/ medarbeidarar

Årsverk	2011	2012	Merknad
Teknisk kontor/plan	7,8	7,8	
Brann/feiing	2	2	I tillegg kjem deltidstilsette I brann, både befal og mannskap, I delar av året var feiing utført som kjøpte tenester
VVA	3	3	
Eigedom	3	3	
Kyrkjegard	0	0,8	Teknisk eining overtok ansvaret for drift av kyrkjegarden I 2012
Sum Årsverk	13,8	13,8	
Tal personar	16	16,8	

	2011	2012
Sjukefråvær i %	9,7	6,0
Landssnittet i 2011 for sektoren er 3,8%.		

HMS - Det har vore ein skade som medførte sjukefråvær og ei registert nesten ulykke.

Det var liten oppslutninga om medarbeidarkartlegginga. Arbeidet med å fylgja opp undersøkinga har diverre ikkje vore prioritert. Det største avviket samanlikna med landsgjennomsnittet er lågare score på stoltheit over eigen arbeidsplass. Dette må det gripast fatt i samstundes som det må arbeidast for at fleire ser nytten av å delta.

2012				
Suksesskriteria	Måleindikator	Ambisjons-nivå	Snitt Samnanger	Teknisk
Tydeleg leiing Godt arbeidsmiljø Kultur for læring og fornying	Snitt totalt	4,6	4,6	4,7
Medverknad	Medarbeidarsamtalar	4,8	4,6	4,3
Oppfølging IA- avtalen/HMS	Sykefråver	< 6		6,0
Gode rutiner	Avvik	0		1

Økonomi – oversikt over netto driftsutgifter

	2012 rev budsjett	2012 rekneskap	Avvik i kr
Samla for eininga	16 324 493	166 422 578	98 085
Plan/stab	5 283 613	5 228 023	- 55 590
VVA	2 883 755	2 716 597	- 167 158
Eigedom	7 554 587	7 930 675	376 088

Eininga hadde i 2012 hadde eit vesentleg overforbruk på bygningane, men samla eit meirforbruk på 0,4%.

Vatn , avlaup og renovasjon

Kvalitet og kostnad	S-2009	S-2010	S-2011	S-2012	Hordaland 2012	Landet 2012
Vatn og avløp;						
Berekna gj.snittalder (år) for spillvassnett med kjent alder	23	24	25	26	28	30
Berekna gj.snittalder for vassleidningsnett med kjent alder	26	27	28	29	31	33
Gebyrinntekter pr innb. tilknytt kommunal avløpsteneste (kr)	996	951	994	1095	1423	1408
Gebyrinntekter pr innb. tilknytt kommunal vassforsyning (kr)	2559	2818	2706	2589	1383	1173

Vatn.

Det var to store vasslekkasjar i 2012. Ein i Tyssegata og ein i Barmen. Lekkasjesøking krev mykje tid og ressursar. Vassleidningen i Tyssegata er gamal og ligg i dårlege massar. Leidningen bør skiftast ut så snart som mogleg. Lekkasjen i Barmen var utfordrande sidan me måtte ta gravemaskin inn med båt. Grunna kort tilkallingstid frå lokal entreprenør, rørleggjar og ikkje minst egne arbeidarar blei innbyggjarane lite ramma.

Avløp.

Vatn frå ein bekk tok feil veg og truga hus i Nordbygda. Rør til stikkrenne var defekte, noko som gjorde at vatnet tok vegen inn i hagen på nedsida av vegen. Det vart lagt nytt rør og kum. Kostnad kr 70.000. Det vart i 2012 registrert fleire private kloakkar som kjem opp på bakkane og renn ut i bekkar. Grunnen til dette er lengre frostperiodar og tette spreiegrøfter. Kommunen må

utarbeida ein mal for oppfølging av gitte løyve for spreiegrøfter der ein informerer om ansvar for vedlikehald og kontroll av gitte løyve.

Problem med flaumvatn i Nesjavegen/Lønnebakken vart løyst med ny kum/ avlaup (kr 60000).

Renovasjon

Samnanger kommune kjøper renovasjonstenester av BIR. Frå 01.01.13 vil næringsavfallet verta håndtert av Ragn Sells AS. Avfall frå skular, barnehagar, institusjonar m.m. er definerte som næringsavfall.

Veg.

Det gjekk eit stort ras på Liavegen i 2012. Massane på 150 m³ måtte transporterast til tipplass. Vegen var stengt over kortare tid mens arbeidet med fjerning av ras vart utført. Det gjekk eit mindre ras på vegen til Totrævegen ca 30 meter frå kryss ved Kvitingvegen, raset vart fjerna i løpet av 3 timar.

Det er utført fjellreinsk på Liavegen av mannskap med spesialutstyr.

Det er rydda skog og kratt langs fleire kommunale vegar og bygg. Arbeidet er gjort av ein person på arbeidstrening gjennom Nav.

Bru Nordvika Bygdvegen er rehabilitert med nytt dekke og kantar. I

samband med dette måtte vegen omleggjast midlertidig. Mellombels veg

vart fjerna i ettertid. Samla kostnad kr 180000. Vinter har vor som normalt, men likevel har dette medført at me har hatt høge utgifter til strøing, salting, brøyting, overtid og beredskap. Utgiftene til salt og sand vart kr 132000.

Avsette midlar til vedlikehald av vegane, til asfalt, rekkverk, fjellsikring og bru, strekk ikkje til for å ivareta sikkerheita. I perioden mai til slutten av september bruker vi ein heil stilling til grøntarbeid.



Vegar:	S 2009	S 2010	S 2011	S 2012	KG 2	Landet
Brutto driftsutgifter i kr pr innb. for kommunale vegar	1053	1363	1614	1797	1213	956
Brutto investeringsutg. i kr pr innb. samferdsel	333	3079	4310	79	805	687
Kostnad i kr til gatelys pr. km kommunal veg	6222	6222	6667	6222	11310	17301

Ved hjelp av ekstraordinær løyving vart fylgjande vegar vart asfalterte i 2012 :

- Liavegen
- Frølandsvegen
- Nedre del Bygdvegen
- Nedre del Reigstadlia
- Nordvikabrua

Grunna store slitasjar og djupe spor i vegen gjekk det mykje asfalt på Liavegen til oppretting før sjølve asfalteringa.

Bygg.

Brannvarslingsanlegg i Skottebakken var defekt og måtte skiftast. Det blei montert eit nytt anlegg som dekkjar alle husværa (kostnad kr 70.000).

Det har vore store utgifter med lekkasje i utjammingsbassenget på ungdomsskulen. Fuger mellom vegg og golv måtte meislast opp og tettast med spesial stoff (kr 150.000).

Teknisk har flytta, montert og utført gravearbeid i samband med nye uteleikeapparat i Vassloppa barnehage. Alt malar- og

golvleggingsarbeid under ombygging i Vassloppa barnehage er også utført av egne vedlikehaldsarbeidarar.

Ei steinblokk raste ut i Hagamulen rett ovanfor gangvegen til bustaden og stengde denne. Skråning blei sikra med boltar og nett. ogsåbaksida av huset vart sikra med boltar og fjellnett (kr 60000).

Kostnader med tekniske installasjonar til symjebassenget som måtte skiftast ut vart på kr 47 500.

Lekkasje i Hellevanghuset. Tak ,vegger og golv måtte skiftast innvendig. Avfukting og tørking. På utsida måtte det monterast beslag mellom vegg og golv terrasse. Deretter ble det montert ny kledning og papp før terrassen vart montert (kr 75000).

Uteområde på ungdomsskulen vart grusa og nye fotball mål vart montert.

Det vart lagt nytt golvbelegg i inngangen til gymnastikksal på barneskulen og 2 rom har fått golva pussa og lakka.

Golv i gymnastikksal ungdomsskulen er pussa og lakka. Rom på ungdomsskulen vart delt med ny vegg for å få to UV-rom.

Skråning ved prestebustad vart beplanta og det er lagt ut bark (kr 25000).

Det er stort etterslep på utvendig maling på kommunale bygningar.

Prosjekt.

Teknisk har delteke i fleire prosjekter med prosjektleiar , byggeleiar og byggherreombod. Dette er ein god måte for teknisk til å utvide si kompetanse på prosjektstyring ,byggeleiing og planlegging av byggjeprojekt og ikkje minst redusere kostnadene i prosjekta.

Prosjekt med kartlegging av vatn og avløp for framtidig prioritering innan VA krev mykje ressursar og må gå over fleire år.



Leikeapparat under bygging



Hagamulen

Stad	Type	Status
Samnanger barneskule	nybygg	under arbeid
Sfo barneskule	ombygging	planlegging
Uteområde barneskule	nyetablering	_____
Vassloppa barnehage	ombygging	ferdig
Nordbygda barnehage	ombygging	ferdig

Frøland	Nyetablering av vatn	planlegging
Bjørkheim.	Infrastruktur til Bjørkheimsområdet	planlegging
Rolvsvågen	Infrastruktur til industriområde	planlegging
Vatn og avløp	Kartlegging av vatn og avløp for framtidige prioriteringar.	Kartlegging/planlegging
Kommunehuset	Etterisolering, skifte vindauge fasadekledning.	Ferdig i løpet av februar 2013
Hagabotnane	Ny veg	Synfaring og planlegging

Enøk.

Teknisk arbeider aktivt for å bidra til å redusera energibruken i bygningar for at utgiftene til strøm vert lågast mogleg. Målet er også at kommunen er med for å oppnå myndighetenes mål om redusert klimautslepp. Me har stort forbedringspotensial innan energieffektivisering, men ved å avsetta målrette midlar vil ein oppnå stor økonomisk gevinst på fleire bygg.

Objekt	Tiltak	del	Oppnådde mål
Lyskjelder	Skifte til straum-besparande lyskjelder	alle	Lågare utgifter og redusert CO2 utslepp
Justering av temperatur, ventilasjon og varmpumper	Nye rutinar for teknisk vakt	alle	Lågare utgifter , redusert CO2 utslepp og betre HMS
Kommunehuset	Etterisolering og skifting av vindauge	Heile bygget	Lågare utgifter, redusert CO2 utslepp samt bedring HMS
Vassloppa barnehage	Etterisolering og installasjon av vassboren varme	Alt utanom gymnastikksal og administrasjonsdel	Lågare utgifter , redusert CO2 utslepp og betre HMS.
Samnanger barneskule	Byggjer etter passivhus standard	Nybygg	Lågare utgifter , redusert CO2 utslipp og betre HMS.

Trafikksikring.

Det har vore synfaring med representant frå Statens vegvesen på sykkel og gangveg på skulevegen Årland - Reigstad. Det vart konkludert med at skråningar måtte reinskast for stein og blokker måtte sikrast med boltar. Arbeidet vart utført få dagar etter synfaring.

Fleire av kommunens vegar må sikrast med høgare føringskantar og rekkverk. Fjellskjeringar og skråningar ved veg kor born ferdast til skule og i fritida må prioriterast.

Det er i dag ikkje avsett nok midlar i budsjettet til å setja i gang arbeid med slik sikring.

Rolvsvåg kai

Leigeavtala med Rolvs våg Industrihavn AS er sagt opp grunna misleghald. Likeeins har Samnanger kommune gjort gjeldane tilbakekjøpsklausulen i kontrakt mellom SK og Os Skog AS, vedr. tomt i Rolvs våg Industriområde. Også dette grunna misleghald av kontrakt. Os skog AS bestrider begge forholda. Saken er oversendt advokat, og rettsak er beramma til april 2013.

Plan

Kommunedelplan for kystsona vart endeleg vedteken, etter ein planprosess som hadde gått sidan 2007. Arbeidet med reguleringsplan for Øvre Rolvsvåg industriområde pågjekk heile 2012, og planen vart lagt ut til offentleg ettersyn i løpet av hausten. Det kom krav om raskartlegging, og denne vart gjennomført heilt mot slutten av året. Planen vart klar til endeleg vedtak våren 2013. Områderegeringsplan for Bjørkheimsområdet vart vedteken av kommunestyret i juni 2012. Fleire grunneigarar klaga på ulike delar av planen. Etter at klagene har vore til handsaming til fylkesmannen er det kome pålegg om ny høyringsrunde grunna store endringar sidan første gangs utlegging.

Det vart gjort endeleg vedtak av privat reguleringsplan for bustader ovanfor Bjørkheim. Planen legg til rette for sju nye bustader, og fleire av desse vart oppførte i løpet av året.

Kommunal planstrategi vart i løpet av året utarbeidd av administrasjonen og vedteken av kommunestyret. Planstrategien syner kva planarbeid kommunestyret ynskjer å prioritera i inneverande periode.

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet, utarbeidd av Statens vegvesen, vart endeleg vedteken.

Det vart gjort vedtak om mindre vesentleg endring av reguleringsplan for tunell bak Tysse. Det vart starta opp privat reguleringsplanprosess for bustadområde ovanfor Lønnebakken. I tillegg vart det starta opp privat reguleringsplanprosess for fritids- og turistføremål i Kvernhusvikja, Nymark.

Kommunen starta opp reguleringsplanprosess for næringsareal nedom Hisdalen, i Tenane. Etter innspel tidleg i prosessen om miljøkvalitetar i området vart denne lagt bort.

Samnanger Brannvesen

I 2012 har brannsjefen utført 22 branntilsyn på særskilte brannobjekt. På feiesida har arbeidet vore tredelt i 2012. Første del av året har kommunen sin eigen feiar utført ca 156 bustadtilsyn og 147 feiingar. Vestnorske feiartenester vart leigd inn på hausten for å få utført resten av feiinga, og dei har feia ca. 180 skorsteinar, og utført ca 140 bustadtilsyn. Totalt er det utført 296 bustadtilsyn og 357 feiingar. Til feiing er det kjøpt inn Komtek dataprogram for registrering, noko som gjer arbeidet for feiar lettare etter innføring av behovsprøvd feiing.

Brannvesenet har arrangert open brannstasjon med 85 born gjennom kunnskapsløypa. Personell frå brannvesenet har også hatt brannundervisning med 6. klasse på barneskulen. Brannsjef har vorte leigd inn av Tide buss A/S for brannundervisning i samband med YSK kurs. Totalt 9 slike kurs er halde for Tide i 2012. Det er inntektsført 45.000 kroner i frå sal av tenester. Det er ynskje frå Tide buss om fleire slike kurs i 2013.

Mannskapa frå brannvesenet har utført øvingar i tråd med oppsett øvingsplan. Utover dette har mannskapa hatt to øvingar på bustadbrann. Dette er gamle hus som skal rivast. Grunna bygging av tunell bak Ytre-Tysse har Samnanger søkt om og fått innvilga 750.000 kroner av Statens vegvesen til ny vasstankbil. Brannmannskapa hatt ein kveld til øving på den nye tankbilen, med one / seven slokkeutstyr. Det blei her øva på ei gammal campingvogn, som teknisk hadde fjerna som boss.

Førstehjelpsbil

Brannsjefen har og ansvar for kommunen si ordning med førstehjelpsbil. 11 av befalet/mannskapa i brannvesenet deltek også i denne tenesta. Ordninga vart evaluert i 2012, og det vart vedteke å halda fram om lag som tidlegare.



Luftambulansen i samarbeid med FR på Bjørkheim

Gjennom året har FR- mannskapa handtert 2 dødsfall. I samarbeid med kommuneoverlege har FR – mannskapa gjennomført 4 øvingar i 2012 i samarbeid med Helse Bergen og luftambulanse.

Brann		Førstehjelpsbil	
	antal		Antal
Brann	5	Trafikkulukker	10
Ulukker	10	Redning sjø	2
Alarmer	4	Brystsmerte	10
Anna	3	Ukontaktbar pasient	8
		Symptom på hjerneslag	7
		Anna	19
Sum	22	Sum	56



Vedlegg

Kommunestyret

'001/12	Faste saker
'002/12	Kommunedelplan for Kystsona i Samnanger
'003/12	Samhandlingsreform - godkjenning av avtaler om samarbeid
'004/12	Uttale til eventuell minstevassføring og tiltak i Samnangervassdraget
'005/12	Avtale om interkommunalt samarbeid Fusa-Samnanger vert avslutta.
'006/12	Eventuelt nytt villreinområde
'007/12	Vedtak av Reguleringsplan for bustader - Gnr 18 Bnr 33
'008/12	Kjøp av leasa kjøretøy.
'009/12	Oppretting av valnemnd i BIR
'010/12	Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg
'011/12	Eigedomsskatt verk og bruk - taksering
'012/12	Faste saker
'013/12	Årsmelding 2011
'014/12	Kommunerekneskap 2011
'015/12	Sima - Samnanger - retningslinjer for bruk av kompensasjonsmidlar
'016/12	Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskattetakst
'017/12	BIR AS - sjølvskyldnargaranti for lån - første del av utbygging av bosnett i Bergen.
'018/12	Jubileumsfest - Straum til Bergen.- 16. juni 2012
'019/12	Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval - nedsetjing av arbeidsgruppe
'020/12	Suppleringsval til takstutval for grunnlag eigedomsskatt og klagenemnd for eigedomsskatt
'021/12	Val av meddommarar til Tingretten 2013 - 2016
'022/12	Val av lagrettemedlemmer 2013 - 2016
'023/12	Val av domsmenn til jordskifteretten 2013 - 2016
'024/12	Val av skjønnsmenn 2013 - 2016
'025/12	Val av representantar til Forlikrådet 2013 - 2016
'026/12	Ad hoc-utval for Kommunedelplan for små vasskraftverk
'027/12	Jord- og hagebruk i Samnanger 2012-2015
'028/12	Rettvis handel - oppretting av arbeidsgruppe i Samnanger kommune
'029/12	Faste saker
'030/12	Økonomiplan 2013 - 2016
'031/12	Tilleggsøyving og budsjettendring 2011
'032/12	Samnangerheimen - finansiering av utbygging
'033/12	Gebyr regulativ 2012- 2015
'034/12	Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016
'035/12	Plan for selskapskontroll 2012 - 2016
'036/12	Årsmelding for kontrollutvalet 2011

'037/12	Områdeplan for Bjørkheimsområdet
'038/12	Samarbeidsprosjekt om landbrukstenester i Fusa, Os og Samnanger
'039/12	VA-anlegg Kvamskogen-Eikedalen - samarbeidsavtale med Kvam herad
'040/12	Vedtak av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet - Fv 7
'041/12	Reguleringskonsesjon for Samnangervassdraget - krav om minstevassføring
'042/12	Lokal forskrift - vinterforskriften §18 Matrikkelforskrifta
'043/12	Samhandlingsreform helsevesen - godkjenning av samarbeidsavtalar
'044/12	Reglar for dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande
'045/12	Tilskot til veterinærane 2012- 2015
'046/12	Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2012-2015
'047/12	Fornyng av skjenkeløyve for Bjørkheim Kro & Motell AS for perioden 2012-2015
'048/12	Delegasjon av mynde etter Lov om barneverntjenester 2012 - 2015
'049/12	Suppleringsval overtakstnemnd - eigedomsskatten
'050/12	Val av meddommarar til Tingretten 2013 - 2016
'051/12	Val av lagrettemedlemmer 2013 - 2016
'052/12	Val av domsmenn til jordskifteretten 2013 - 2016
'053/12	Val av representantar til Forlikrådet 2013 - 2016
'054/12	Val av skjønnsmenn 2013 - 2016
'055/12	Faste saker
'056/12	Godkjenning av Plan for folkehelse i Samnanger kommune
'057/12	Godkjenning av finansreglement for Samnanger kommune
'058/12	Økonomirapportering pr. 2.tertial 2012
'059/12	Internasjonalt samarbeid 2012 - 2015
'060/12	Utbygging ved Samnangerheimen
'061/12	Handsaming av klage på Områdeplan for Bjørkheimsområdet - Isdahl, Andersen og Marthinsen
'062/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Haug
'063/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Ragnvald Brigtsen AS
'064/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Bjørkheim senter AS
'065/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Tverli
'066/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Tysseland
'067/12	Reguleringsplan Tenane gnr 8, bnr 36 Hisdal - oppstart og finansiering
'068/12	Val av domsmenn 2013 - 2016 - suppleringsval til lagmannsretten
'069/12	Val av domsmenn 2013 - 2016 - suppleringsdval domsmenn til tingretten
'070/12	Val av domsmenn 2013 - 2016 - suppleringsval domsmenn til jordskifteretten
'071/12	Eldrerådet i Samnanger 2012 - 2015 - suppleringsval
'072/12	Tilskot til veterinærane 2012- 2015
'073/12	Høyryng av konsesjonssøknad - Kvam transformatorstasjon

'074/12	Faste saker
'075/12	Uttale til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Aldalselva kraftverk
'076/12	Konsesjonssøknad for overføring av vatn frå Øystesevassdraget til Samnangervassdraget
'077/12	Melding med forslag til utgreiingsprogram: Overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnangervassdraget
'078/12	Skjenkeløyve - Rita Taule Selskapsmat 2012-2015
'079/12	Husleige kommunale bygg
'080/12	Gebyrregulativ for Samnanger kommune for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova
'081/12	Bir Privat - renovasjonsavgift 2009 - 2015
'082/12	Faste saker
'083/12	Mandat for ad hoc-utvalet for kommunedelplan for små vasskraftverk
'084/12	Kommunale avgifter 2013
'085/12	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2013
'086/12	Budsjett 2013
'087/12	Økonomiplan 2013 - 2016
'088/12	Høyring - Planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland
'089/12	Møtefullmektig forliksrådet 2012-2015
'090/12	Val av valstyre 2012-2015.
'091/12	Oreigning for gjennomføring av reguleringsplan for Ytre-Tysse
'092/12	Vedtak av Kommunal planstrategi 2012- 2015

Administrasjonsutvalet

'001/12	Faste saker
'002/12	Revisjon av lønspolitisk plan 2012 - oppstart og tidsplan
'003/12	Administrasjonsutvalet - planlegging og prioritering av oppgåver/aktivitetar
'005/12	Faste saker
'006/12	Revisjon av del II av lønspolitisk plan
'007/12	Lærlingeordninga i Samnanger kommune
'004/12	Faste saker
'008/12	Faste saker
'009/12	Vidareføring av lokale lønstillegg ved skifte av stillingsinnehavar
'010/12	Lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar
'011/12	Faste saker
'012/12	Lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar
'013/12	Kompetansetillegg for tilsette som er løna etter kapittel 5 i hovudtariffavtalen

Formannskapet	
'001/12	Faste saker
'002/12	Eigedomsskatt verk og bruk - taksering
'003/12	Avtale om interkommunalt samarbeid Fusa-Samnanger vert avslutta.
'004/12	Praktisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for folkevalde
'005/12	Søndagsopen butikk på Ytre Tysse - Søknad frå K.Knutsen om Ytre Tysse som turiststad
'006/12	Sal av kommunal eigedom v/ 1000-års-staden Ytre Tysse
'007/12	Kjøp av leasa kjøretøy.
'008/12	Midlertidig lån - Samnanger idrettslag
'009/12	Oppretting av valnemnd i BIR
'034/12	Faste saker
'035/12	Reglar for dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande
'036/12	Økonomiplan 2013 - 2016
'037/12	Tilleggsløyving og budsjettendring 2011
'038/12	Samnangerheimen - finansiering av utbygging
'039/12	Sal av kommunal eigedom v/ 1000-års-staden Ytre Tysse
'040/12	Gebyr regulativ 2012- 2015
'041/12	Utskifte av kjøretøy 2012- 2015
'042/12	Avtale om interkommunal kommune geolog
'043/12	Samarbeidsprosjekt om landbrukstenester i Fusa, Os og Samnanger
'044/12	IKT-løysingar ved kyrkjekontoret
'045/12	Lokal forskrift - vinterforskriften §18 Matrikkelforskrifta
'046/12	VA-anlegg Kvamskogen-Eikedalen - samarbeidsavtale med Kvam herad
'010/12	Faste saker
'011/12	Førstehjelpsbil - oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om endring i drifta
'023/12	Faste saker
'024/12	Kommunerekneskap 2011
'025/12	Årsmelding 2011
'026/12	Kommunal planstrategi 2012- 2015
'027/12	VA-anlegg Kvamskogen-Eikedalen
'028/12	Sima - Samnanger - retningslinjer for bruk av kompensasjonsmidlar
'029/12	BIR AS - sjølvskyldnargaranti for lån - første del av utbygging av bossnett i Bergen.
'030/12	Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskattetakst
'031/12	Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval - nedsetjing av arbeidsgruppe
'032/12	Presisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande
'033/12	Jubileumsfest - Straum til Bergen.- 16. juni 2012

'047/12	Faste saker
'048/12	Uravstemming - tariffrevisjonen 2012
'049/12	Inntak av TAF-elev i helsefag i 2012 - finansiering
'050/12	Faste saker
'051/12	Godkjenning av finansreglement for Samnanger kommune
'052/12	Sal av utmark - Erikajorda - gnr 18, bnr 5 Reistad
'053/12	Høgfartsbane i Norge 2012 - 2015 - søknad frå Norsk Bane om tilskot til utgreiing
'054/12	Faste saker
'055/12	Kommunal planstrategi 2012- 2015
'056/12	Evt. kjøp av naboeigedom til sjukeheimen - gnr 26 bnr 39
'057/12	Småbåthamn Bjørkheim - avtale med Klubben Båtlag
'058/12	Inntakskabel til bustad - søknad om refusjon av kostnad
'059/12	Gebyrregulativ for Samnanger kommune for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova
'060/12	Husleige kommunale bygg
'061/12	Bir Privat - renovasjonsavgift 2009 - 2015
'062/12	Kjøp av tilleggsareal til gnr 24 bnr 276 Lønnebakken - fastsetting av pris
'063/12	Faste saker
'064/12	Budsjett 2013
'065/12	Økonomiplan 2013 - 2016
'066/12	Kommunale avgifter 2013
'067/12	Byggjerekneskap Ytre-Tysse
'068/12	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2013
'069/12	Faste saker
'070/12	Høyring - Planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland
'071/12	Lønsfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2012
'072/12	Oreigning for gjennomføring av reguleringsplan for Ytre-Tysse

Naturutvalet

'001/12	Faste saker
'002/12	Mindre vesentleg reguleringsendring - Fv 48 Gaupholm - Straumsbrua
'003/12	Til offentlig ettersyn - Reguleringsplan for gang- og sykkelveg, Fv 7 ved Frølandsvatnet
'004/12	Vedtak av Reguleringsplan for bustader - Gnr 18 Bnr 33
'005/12	Handsaming av klage på delingssak - hytte Norsk Turistforr. - gnr 32, bnr 1
'006/12	Dispensasjonssak.Naust på gbnr. 27/33. Tysse. Samnanger kommune
'007/12	Dispensasjonssak. Rehabilitering- Naust, GBNR 24/70- Fisjehola
'008/12	Faste saker
'009/12	Bygging av kai - GBNR 18/162 - Bjørkheim - ny handsaming
'010/12	Delingssak gnr 31, bnr 6 - klage på vedtak
'011/12	Klagesak: Dispensasjon til oppføring av hytte på gbnr. 5/56. Samnanger kommune
'012/12	Klagesak: Tilbygg til naust (naustgarasje). Gbnr. 3/61. Samnanger kommune
'013/12	Oppstart av reguleringsplan- Ny veg til Sætervika ungdomssenter
'014/12	Dispensasjon - Rehabilitering av Dam Svartavatn- Samnangervassdraget
'015/12	Dispensasjon til rehabilitering av Dam Holmavatn, Trengereidvassdraget
'016/12	Dispensasjonssak. Hytte GBNR 34/258 - Eikedalen hyttetun
'017/12	Delingssak - GBNR 34/2 Svensdal
'018/12	Delingssak- GBNR 17/1- Ådland 32
'019/12	'Delingssak GBNR 1/1
'020/12	'Delingssak GBNR 33/10
'021/12	Søknad om konsesjon
'022/12	Faste saker
'023/12	Områdeplan for Bjørkheimsområdet
'024/12	Dispensasjonssak - riving av og etablering av uthus. Gbnr. 8/22. Smananger Gullbotn
'025/12	Vedtak av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet - Fv 7
'026/12	Delingssak- GBNR 16/4 - Liavegen
'027/12	'Delingssak GBNR 34/4
'028/12	'Delingssak GBNR 24/139
'029/12	Delingssak GBNR 18/2 - Heiane 25
'030/12	Midlertidig dispensasjon for etablering av kontorrigg. GBNR 44/3 og 15
'031/12	Dispensasjonssak. Installasjon av vassklosett med avløp til slamavskiljar og infiltrasjonsgrøft. GBNR 19/5 - Bygdavegen
'032/12	Faste saker
'033/12	Områdeplan for Bjørkheimsområdet
'034/12	Dispensasjonssak. GBNR 26/11- Sjøbu/Naust
'035/12	'Delingssak GBNR 1/1

'036/12	Dispensasjonssak. Etablering av bustadhus. Gbnr. 1/24. Rolvsvåg. Samnanger kommune
'037/12	'Dispensasjonssak. Bruksendring frå bustad til næringsføremål GBNR 22/29
'038/12	Dispensasjonssak. Tilbygg til hytte. GBNR 18/63. Samnanger kommune
'039/12	'Dispensasjonssak. Tilbygg til hytte. Gbnr.37/62
'040/12	'Dispensasjonssak. Avstand til kommunal vei. Gbnr. 24/145
'041/12	Dispensasjonssak - riving av eldre gardshus. Sefrak objekt. GBNR 47/2. Samnanger kommune
'042/12	Faste saker
'043/12	Offentleg ettersyn av Reguleringsplan for Øvre Rolvsvåg industriområde
'044/12	Uttale til søknad om konsesjon for overføring av Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget
'045/12	Handsaming av klage på Reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet - Ulland
'046/12	Handsaming av klage på vedtak: Primært Reguleringsendring Fv 48 Gaupholm-Straumsbrua, sekundært Reguleringsplan for Gang- og sykkelveg Frølandsvatnet
'047/12	Handsaming av klage på Områdeplan for Bjørkheimsområdet - Isdahl, Andersen og Marthinsen
'048/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Haug
'049/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Ragnvald Brigtsen AS
'050/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Bjørkheim senter AS
'051/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Tverli
'052/12	Handsaming av klage på områdeplan for Bjørkheimsområdet - Tysseland
'053/12	Dispensasjon naust gnr. 6 bnr. 1, Skjælaen
'054/12	Dispensasjonssak. Flytebrygge GBNR 2/10 - Rolvsvåg
'055/12	Dispensasjonssak. Bustadhus. GBNR 24/298 - Bustad
'056/12	'Dispensasjonssak. Mur. Gbnr. 18/213
'057/12	'Dispensasjonssak. Carport. Gbnr. 19/7
'058/12	'Delingssak GBNR 24/75
'059/12	'Delingssak GBNR 24/270
'060/12	Delingssak GBNR 18/5 - deling grunneigedom
'061/12	Klage på delingssak- GBNR 16/4 - Liavegen
'062/12	Delingssak GBNR 32/96 Kvittingen
'063/12	Bruksrett / Oppmålingsforretning - GBNR 31/4
'064/12	Faste saker
'065/12	Klagesak. Dispensasjon for ulovleg oppført mur. Gbnr. 18/213.
'066/12	'Dispensasjonssak. Bruksendring frå gjestehus til bustadhus. Gbnr. 40/33
'067/12	'Dispensasjonssak. Naust GBNR 26/11
'068/12	Dispensasjonssak. GBNR 39/68 Frøland - Bustad og garasje

'069/12	Delingssak gnr 4, bnr 1
'070/12	Arealoverføring til offentlig veggrunn FV 134
'071/12	Søknad om dispensasjon til frådelling av hyttetomter gbnr. 33/3 - Eikedalen Panorama
'072/12	Høyring av revidert forskrift om handtering av hushaldningsavfall m.v. (BIR)
'073/12	Dispensasjon frå reguleringsplan ovanfor Bjørkheim GBNR 18/33
'074/12	Melding med forslag til utgreiingsprogram: Overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnangervassdraget
'075/12	Uttale til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Aldalselva kraftverk
'079/12	Faste saker
'080/12	Dispensasjonssak. Etablering av trebrygge.GBNR 44/2 - Gaupholm camping
'081/12	Dispensasjonssak. Oppføring av garasje 48/33, Utskot
'082/12	Dispensasjonssak. Riving av løe - Gbnr 10/4 - Hisdal
'083/12	Dispensasjonssak GBNR 33/2 - Hytte, Tverli
'084/12	Arealoverføring til offentlig veggrunn RV 7, Eikedal
'085/12	Flytting av elveleie GBNR 5/1 og 6
'086/12	Uttale til Vesentlege vassforvaltingsspørsmål
'087/12	Høyring - søknad om dispensasjon frå luftfartslova
'088/12	Dispensasjonssak GBNR 33/2 - Hytte
'076/12	Faste saker
'077/12	Dispensasjonssak. GBNR 44/24 og 26 - Transformatorstasjon
'078/12	Konsesjonssøknad for overføring av vatn frå Øystesevassdraget til Samnangervassdraget

Utval for oppvekst og omsorg

'001/12	Faste saker
'002/12	Samhandlingsreform - godkjenning av avtaler om samarbeid
'003/12	Skuleskyss
'004/12	Namn på bustad- og hyttefelt i Samnanger kommune.
'005/12	Faste saker
'006/12	Plan for folkehelse i Samnanger kommune - framlegg til høyring
'007/12	Planprogram kommunedelplan - kulturminne i Samnanger 2012- 2020
'008/12	Faste saker
'009/12	Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012 - 2015
'010/12	Tilstandsrapport grunnskulen 2012
'011/12	Kulturstipend 2012
'012/12	Fordeling av kulturmidlar
'013/12	Plan for folkehelsearbeid
'014/12	Fornyng av skjenkeløyve for Bjørkheim Kro & Motell AS for perioden 2012-2015
'015/12	Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2012-2015
'016/12	Namneforslag - på bustad- og hyttefelt etter høyring.
'017/12	Planprogram for kommunedelplan for kulturminne 2012-2015
'018/12	Faste saker
'019/12	Kommunalt foreldreutval (KFU) 2012-2015
'020/12	Internasjonalt samarbeid 2012 - 2015
'021/12	Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommunen 2012 - 2025
'022/12	Avtale med Syns og Audiopedagogisk Teneste - Hordaland 2013-2016
'023/12	Godkjenning av Plan for folkehelse i Samnanger kommune
'024/12	Søknad om økonomisk støtte til Samnanger skulemusikklag
'025/12	Faste saker
'026/12	Etablering av senter for funksjonshemma - oppstart og organisering av arbeidet
'027/12	Skjenkeløyve - Rita Taule Selskapsmat 2012-2015
'028/12	Val av styringsgruppe
'029/12	Faste saker
'030/12	Fordeling av kulturmidlar til prosjekt og tilskipingar